

OMRINGA AV FIENDAR

Å skape ein dramatisk tekst basert på erfaringar med terrorisme

VILDE STANDAL BØYUM

Master i estetiske fag, studieretning: Drama- og teaterkommunikasjon
Institutt for estetiske fag, Fakultetet for teknologi, kunst og design
OsloMet - storbyuniversitetet

Våren 2023

OMRINGA AV FIENDAR: Å skape ein dramatisk tekst basert på erfaringar med terrorisme

Vilde Standal Bøyum, kandidatnummer 585

Master i estetiske fag, studieretning: Drama- og teaterkommunikasjon

Institutt for estetiske fag, Fakultetet for teknologi, kunst og design

OsloMet – storybyuniversitetet

Våren 2023

<https://oda.oslomet.no/oda-xmlui/handle/10642/6846>

Bilete på framsida: teatermanuset som er resultat av forskning, tatt av forskar sjølv.

**OSLO
MET**

OSLO METROPOLITAN UNIVERSITY
STORBYUNIVERSITETET

Samandrag

Denne masteravhandlinga fokuserer på å skape eit fiksjonelt teatermanus basert på liv i ettertid av personlege erfaringar med terrorisme. Gjennom det performative paradigmet og bruk av kunstnarisk forskning som grunnlaget for studien har innhentinga av data gått føre seg gjennom kjende (intervju) og ukjende (skriveoppgåver) metodar. Ved å bruke skriveoppgåver for å innhente relevant data frå tre informantar, har denne avhandlinga tileigna seg tekstmateriale rundt katastrofetankar, samt liv i eit samfunn som tilsynelatande har vendt ryggen til terrorisme, høvesvis terrorangrepet på norsk jord den 22. juli, 2011. Målet med denne studien er å vektleggje teori rundt sider av PTSD, samt skriving som ein helsefremmande framgangsmåte. Ved bruk av etnodrama som verktøy for skaping, vurderer studien balansen mellom fiksjon og røyndom, med fokus på prosessen rundt å skape ein dialog frå informantane sine tekstar og forskarens egne erfaringar. Studien har resultert i eit teatermanus med mål om å 1) representere ei livsverd for eit utanforståande sitt perspektiv, og 2) skape ei katartisk oppleving for dei som kjenner seg att.

Teatermanus, Katastrofetankar, Terrorisme, Performativt paradigme, Kunstnarisk forskning, Etnodrama, PTSD, Katarsis

Abstract

This Masters thesis focuses on the creation of a fictional playscript based on life in the years following personal experiences with terrorism. With a performative paradigm and the use of artistic research as the foundation of the research, the data is collected through familiar (interviews) and unfamiliar (writing assignments) methods. By using writing assignments as the main method of collecting relevant data from three informants, this paper has acquired texts as research relating to intrusive thoughts and living in a society that appears to turn the other cheek to terrorism, in this instance, the terror attacks on Norwegian soil, the 22nd of July, 2011. This paper seeks to highlight theory around aspects of PTSD and expressive writing. Through the means of an ethnodrama's form, the paper deliberates the balance between fiction and reality, focusing on the process of creating dialogue from the informants' texts and the researcher's experiences. The study has resulted in a playscript aiming to 1) represent a lifeworld to an outsider's perspective, and 2) create a cathartic experience for someone who can relate to the thoughts expressed.

Playscript, Intrusive thoughts, Terrorism, Performative paradigm, Artistic research, Ethnodrama, Writing as Method, PTSD, Katharsis

Prolog

Det er ein fin ettermiddag. Eg leikar med nevøen min på tre månadar. Han sit i ein stol som vogger seg sjølv. Middagen blir førebudd. Ein heilt vanleg sumarsdag på vestlandet. Det er fredag. Bilen til bror min parkerer utfor, og han og systema mi kjem inn døra. "En bombe har gått av i Oslo", seier han. Han er ein spøkefugl. Eg trur han ikkje. Den må han lenger inn i skauen med. Men systema mi stadfestar det. Vi skrur på TV-en.

Ein bombe har gått av i Oslo.

Tankane mine går automatisk til dei eg er glad i som bur på austlandet, men det er spesielt ein person som stikk seg ut. Eg seier namnet høgt i rommet, eg tar til og med opp telefonen og sender ein melding for å høyre om ho har det bra. Så seier mamma at søskenbarnet mitt er på sumarleir og sikkert på den tryggaste staden ho kan vere på. Ho er på AUF-leir på Utøya.

Eg får aldri svar på meldinga mi.

Takk til

Den fyrste takken går til mine to gode rettleiarar, Camilla Eeg-Tverbakk og Toril Solvang. Tusen takk for flotte samtalar og innspel som har hjelpt frå tanken tok til og heilt fram til målstreken!

Til Luna, Agne og Eike, mine innsiktsfulle informantar, denne oppgåva ville vore mangelfull og ein heil del mindre reflektert utan dykkar innspel. Tusen takk for alt de har delt med meg av både vonde og vakre opplevingar!

Tusen takk til Marianne Kristoffersen og Andreas Vedvik for at de var med å puste liv i Måne og Storm!

Ein stor takk til Linda Ø, som ofra tid og tanke til setningsoppbygging, meining og nynorsk, din hjelp varma eit trøytt hjarte i siste innspurt!

Til dei flotte medstudentane mine som har bidratt til god stemning, støtte og vaffelkos – tusen takk!

Ein siste merksemd er ikkje så mykje ein takk som det er ein dedikasjon. Ein dedikasjon til ein person eg gjerne skulle ønskja eg ikkje trengde å dedikere eit arbeid som dette til. Margrethe, du er alltid med meg, og eg er for alltid glad i deg.

Oppsett

SAMANDRAG	II
ABSTRACT	II
PROLOG	I
TAKK TIL	II
1.0 INNLEIING	1
1.1 PROBLEMSTILLING.....	1
1.2 OMGREP OG STRUKTUR.....	2
1.3 PERSONVERN OG VEDLEGG.....	4
2.0 PROSESS, VITSKAPSSYN OG METODE	6
2.1 DET PERFORMATIVE PARADIGMET.....	6
2.2 FENOMENOLOGI OG HERMENEUTIKK.....	7
2.3 KUNSTNARISK FORSKING.....	8
2.4 DEN ORIGINALE PLANEN.....	10
2.5 SKRIVEOPPGÅVER SOM METODE.....	11
2.6 UFORMELL INTERVJUSAMTALE.....	13
2.7 GLØDANDE DATA.....	14
2.8 FELTARBEID.....	15
2.9 ETNODRAMA.....	15
3.0 TEORI	17
3.1 KATASTROFETANKAR OG FRYKT FOR TERRORISME.....	17
3.2 SKRIVE FOR Å HANTERE.....	19
3.3 KATARSIS.....	20
3.4 DRAMATURGI – STRINDBERG OG BRECHT.....	22
3.5 Å SKRIVE EIT TEATERSTYKKE.....	23
4.0 EMPIRI	26
4.1 ETABLERING AV PROSJEKTET.....	26
4.2 FÅ KONTAKT.....	26

4.3 TILPASSE SEG FOR Å FORSKE.....	27
4.4 INFORMANTANE.....	28
4.4.1 Luna.....	29
4.4.2 Agne.....	32
4.4.3 Eike.....	34
4.5 INTRODUKSJONEN.....	36
4.6 MÅNE OG STORM.....	37
4.7 DEN GJENNOMGÅANDE FLYTEN.....	38
4.8 SAMSKAPING MED TEKSTAR.....	40
4.9 MANUSUTVIKLING.....	41
5.0 DRØFTING	43
5.1 INNHEIING AV DATA.....	43
5.2 Å LEGGJE GRUNNLAG FOR MANUS GJENNOM TEORI.....	46
5.3 DRAMATURGI OG EKSTERN INSPIRASJON.....	49
5.4 KARAKTERANE.....	51
5.5 I SPENNET MELLOM RØYNDOM OG FIKSJON.....	53
6.0 VEGEN VIDARE	60
KJELDER	62
VEDLEGG	65

1.0 Innleiing

Den 22. juli 2011 kom som eit sjokk på heile Noreg. Ingen av oss var forberedt på denne dagen. Men over åra gløymde nordmenn det vi lærte i tida etter, om solidaritet og utsegna: "Aldri meir 22. juli." Som ein person som alltid vil ha denne dagen med seg inn i kvardagen, ville eg ta eit oppgjær med dette og setje ord på korleis det var å ikkje få lov til å gløyme. Men korleis skulle eg gjere det? Jo, ved å bruke feltet mitt. I denne masteroppgåva vil eg ta deg som lesar med på reisa mi frå idéen om å skape ein dramatisk tekst, gjennom utforminga og til enderesultatet: eit teatermanus.

1.1 Problemstilling

Hendingane den 22. juli 2011 hadde ein innverknad på meg som eg ikkje klarte å setje ord på før etter nokre år hadde gått. Det eg opplevde var at eg til dømes i kvardagen ofte såg for meg at staden eg var på plutselig kunne eksplodere, eller at eg fekk ein telefon om at noko hadde hendt menneske eg er glad i. Desse tankane, desse katastrofetankane, dukka plutselig opp i heilt daglegdagse samanhengar, men med aukande fart blei det fleire og fleire av dei. Det tok lang tid før eg innsåg at det ikkje var sunt. Eg blei påverka

av at andre ikkje gjekk rundt og tenkte på den 22. juli, og at dess fleire år gjekk, dess meir gløymde dei rundt meg. Det var inntrykket eg hadde. Dikt som *Til Ungdommen* (Grieg, 1946) og *Du må ikke sove* (Øverland, 1999, s. 333) blei viktigare og viktigare. Den kjente strofa "Du må ikke tåle så inderlig vel | den urett som ikke rammer dig selv" frå sistnemnde dikt trefte hardare og hardare. Og katastrofetankane vaks til det blei ein kamp å riste av seg frykta som følgde med tankane. Katastrofetankane blei ein stor del av meg, og eg følte meg aleine. Men eg trur ikkje at eg er aleine om å ha katastrofetankar, og eg ønskja å finne ein måte som kunne gjere at andre ikkje følte seg aleine. Dermed oppstod tanken om å lage eit teatermanus om katastrofetankar. Men mine eigne katastrofetankar kjenner eg inn og ut. I staden for å skape manuset og basere det berre på mine eigne refleksjonar, ville eg få tak i personar som har opplevd terrorisme på nært hald og få inspirasjon frå deira tankar i tida etter hendinga. Hendinga er den 22. juli, 2011, som eg personleg blei hardt ramma av då søskenbarnet mitt vart drepen. Denne innverknaden på meg er hovudgrunnen til at 22. juli er vald. Ein anna viktig grunn er at då eg starta med masteroppgåva hausten 2022 var det godt over 11 år sidan hendinga fann stad. Informantane mine hadde 11 år med erfaringar å fortelje om. Det var i samarbeidet med

informantane og egne erfaringar at eg ønskja å forske på korleis eg kunne skape eit teatermanus som gav eit ekte bilete på det å leve med desse katastrofetankane. Dermed forma problemstillinga seg til følgjande spørsmål:

Korleis omarbeide personlege forteljingar om katastrofetankar rundt terrorisme til eit teatermanus i møte mellom fiksjon og røyndom?

1.2 Omgrep og struktur

I masteroppgåva er forholdet mellom **fiksjon** og **røyndom** viktig. Difor meiner eg at det er på sin plass med ein definisjon på kva eg legg i desse to omgrepa frå starten av. Fiksjon er kanskje den mest uproblematisk av desse to. Fiksjon kan bli definert som "noko oppdikta, innbiling, oppspinn" ("Fiksjon", 2023). At fiksjon er noko som ein sjølv finn på er greitt aleine, men eg set altso fiksjonen i lag med røyndomen. Røyndom (eller verkelegheit) har fleire definisjonar, men eg legg vekt på følgjande: "livet slik det virkelig, faktisk er, realitet" ("Virkelighet", 2023). Røyndom kan bli diskutert opp og ned og i mente, blant anna med filosofisk bakteppe som ontologien, og i dette tilfelle handlar røyndomen om å leve med ein meir abstrakt realitet: tankane som utviklar seg i eige hovud. Sidan

det er tankar som står sentralt, kan dette vere eit samspel med fiksjon og røyndom aleine, då tankar gjerne er oppdikta. Men fordi tankane grunnar i ein erfaring frå røyndomen, og fordi tankane skapar ekte kjensler av til dømes frykt, blir tankane ein del av ein verkeleg livsverd. Det er røyndom, men ein abstrakt røyndom. Den delen av fiksjon og røyndom som eg fokuserer på er å skape ein fiksjonell, dramatisk tekst ut av andre sine refleksjonar. Ønskje mitt er å representere denne livsverda på ein respektfull måte ved å vise omsyn i arbeidet med fiksjonaliseringa av røyndom.

Gjennom masteroppgåva vil eg bruke **drama** og **teater** på ein spesifikk måte. Når eg snakkar om drama vil det i hovudsak handle om tekst og fundament for eit manus. Eg forklarar blant anna omgrepet etnodrama (sjå 2.9) i staden for etnoteater, då det er skapinga av teksten og teksten i seg sjølv som er i fokus. Når eg nemner teater er det i hovudsak snakk om ei framsyning, avhengig av samanheng. Eg brukar ordet teatermanus og manus om den dramatiske teksten eg har skapt, for å vise til at teksten eg har skrivne er i utgangspunktet laga for ei teaterscene. Innimellom brukar eg ordet teaterstykkje. Når eg brukar teaterstykkje er det i samanhengar der eg både snakkar om det å lese teatermanuset, og å sjå framsyninga som medlem av publikum. Ver merksam på at

teatermanuset eg har skrive ikkje har blitt satt opp på ei scene, og at i samtalar om teaterstykke og/eller teater er dette noko eg ser for meg.

Når eg viser til døme i den dramatiske teksten kan eg snakke om **scenar**. Då er det ikkje snakk om fysiske scenar som skodespelarar beveg seg på, men ein sekvens i teatermanuset. Dette kan verke innlysende, men teatermanuset eg har skapt er ikkje inndelt i akter eller scenar. Difor er ein forklaring på plass. David Edgar sin bok *How Plays Work* informerer om at scenar gjerne er oppdelt i høve til når karakterar går av eller på scena, eller når scena endrar seg i tid og rom (Edgar, 2009, s. 121-122). Men Edgar viser til at i manus som verken har karakterar som går av og på, eller scene som skiftar tid og rom er det opp til andre å definere scenane (Edgar, 2009, s. 122). I mitt manus forlèt ikkje karakterane handlinga på scena, og tid og rom heldt fram med å vere det same. Difor definerer eg scenar som ein sekvens der samtalen dreiar seg om det same temaet, og når temaet endrar seg blir dette ei ny scene.

Eg nemner karakterane **Måne** og **Storm** tidleg i oppgåva mi. Dette er dei to karakterane eg har skapt for teatermanuset mitt, og dei blir nærare forklart i kapittel 4.6. Måne og Storm er ukjønna og eg brukar "hen" som pronomen når eg viser til dei.

Til slutt vil eg nemne bruken av frasen "**Utøya-kortet**." Eit av spørsmåla til informantane mine, som eg kjem tilbake til i 4.4, er

korleis dei reagerer når politikarar og andre personar brukar dette omgrepet. Eg vil kort forklare korleis omgrepet har blitt brukt, og kva eg legg i bruken. Utøya-kortet, eller 22. juli-kortet, er noko som er blitt tatt i bruk mot overlevande og Arbeidarpartiet i ettertid av terrorhendingane 22. juli (Reinholdt et al., 2017, s. 9; Rognstrand et al., 2018). Det har helst vore brukt som motargument i samanhengar der Arbeiderpartiet har argumentert for noko. Det viktige her er ikkje kva argumenta er, men heller at bruken av dette uttrykket er ein nedlatande og bagatellisierende metode for å hysje og dysse ned temaet og erfaringane rundt 22. juli. Meir informasjon om dette kjem i 4.4 og 5.1.

Vidare vil eg forklare korleis eg har lagt opp masteroppgåva. Etter denne innføringa av drivkrafta bak å forske på å skrive eit manus som omhandlar katastrofetankar, tar eg dykk vidare med i korleis eg har arbeidd med dette og kva eg har kome fram til.

I kapittel 2.0 snakkar eg om dei verktøya som har vore viktige for tilrettelegging av forskingsprosessen min. Her får de eit innblikk i framgangsmetodane eg har brukt, samt vitskapeleg ståstad og innfallsvinkel. Eg går nærare inn på etnodrama og korleis dette verktøyet fungerer i skapinga av ein fiktiv dialog basert på verkelege og såre forteljingar.

Kapittel 3.0 fortel dykk om informasjonen frå andre teoriar som har vore viktige for grunnlaget av skapinga av den dramatiske teksten. Her går eg inn på lidingar knytt til katastrofale hendingar, som PTSD, PTS og PTV. Eg forklarar om skriving som ein helselækjande prosess, samt viktige teoriar rundt katarsis og dramaturgi. Til slutt ser eg på teoretiske tekstar om korleis å skape eit teatermanus.

Det er sjølve prosessen som blir skildra i kapittel 4.0. Her legg eg fram korleis eg har brukt metodane frå kapittel 2.0 og informasjonen eg fekk henta inn gjennom dei. Eg fortel om samtalar eg har hatt med informantane og tekstar dei har skrive rundt deira egne erfaringar. Siste halvdel av kapittel 4.0 omhandlar utviklinga av teatermanuset og eg drar fram nokre val eg tok med tanke på egne refleksjonar, samt tekstane og samtalane eg fekk og har hatt med informantane.

I kapittel 5.0 tar eg dykk med gjennom refleksjonar eg har gjort meg rundt prosessen, då spesielt tankar rundt innhenting av data, teorien som byggjar under drivkrafta, dramaturgien i manuset, skapinga av karakterane, tekstane og samtalane med informantane og forholdet mellom fiksjon og røyndom.

Kapittel 6.0 har eg kalla "vegen vidare" då dette ikkje er ein konklusjon, ei heller ei avslutning. Det er ei avslutning på arbeidet

med masteroppgåva, men arbeidet med teatermanuset held fram. Her ser eg på kva det er eg har utforska gjennom å skrive masteroppgåva og kva eg kan ta med vidare i arbeidet med å ferdigstille teatermanuset.

1.3 Personvern og vedlegg

All informasjon om informantar har eg gjort anonyme til beste evne. Kjønn og alder blir ikkje nemnd, og dei har sjølv valt følgande alias: Luna, Agne og Eike. Slik som Måne og Storm viser eg til informantane ved bruken av pronomenet "hen". Tekstutdrag og sitat frå informantane har eg skrive på nynorsk uavhengig av informantane sin dialekt for at skriftsspråket skal samsvare med mitt eige skriftmål og vidare halde på anonymiteten til informantane. Nokon av utdraga er lagt ved som figurar i teksten (sjå 4.4.1-4.4.3).

Det er seks vedlegg i slutten av denne masteroppgåva. Eg refererer til dei gjennom teksten her via bruk av nummer, til dømes vedlegg #1. Følgande er ei liste over vedlegg:

- #1 – NSD godkjent søkeskjema
- #2 – Samtykkeskjema for informantar
- #3 – Mal på skriveoppgåvene

#4 – Intervjuguide

#5 – Fyrste utkast, teatermanus

#6 – Andre utkast, teatermanus

Dei fleste vedlegga er sjølvforklarande, og eg vil i hovudsak gjere det klårt kva vedlegg det er snakk om i teksten. Eit unntak er at når eg snakkar om teatermanuset vidare i masteroppgåva utan noko vidare forklaring, så er det snakk om vedlegg #6, altso andre utkast av manus.

2.0 Prosess, vitenskapssyn og metode

Når eg etablerte ein problemstilling i eit felt med eit traumatisk bakteppe (22. juli, 2011) som skulle lage eit grunnlag for å utvikle noko kunstnarisk (teatermanuset), kjende eg på eit behov for å vere tydeleg frå starten av prosessen min på kva det var informantane skulle ta del i. Dette meinte at eg laga ein relativ klar ramme for meg sjølv om korleis eg ville hente inn data. Men fordi temaet er sårt og målet er å skape kunst, var ramma i hovudsak ein tryggleik for å setje i gang prosessen. I sjølve prosessen var det viktig for meg å halde sansar opne og ikkje bli styrt av rammene. Eg vil vidare fortelje korleis prosessen har blitt lagt opp for å vere open for diverse innfall, både frå informantane sin side, og mi eiga.

2.1 *Det performative paradigmet*

Kunnskapssynet mitt fell innanfor det som Østern et al. kallar for eit performativt paradigme i artikkelen deira "A performative paradigm for post-qualitative inquiry" (Østern et al., 2021). Artikkelen jobbar for å etablere det performative paradigmet som ein annan vitenskapleg ståstad enn kvantitativ eller kvalitativ forskning. Dei foreslår at kunstnarisk forskning meir naturleg vil falle under eit performativt paradigme, for fleire av dei opplevde det som ein kamp

å bruke ein kunstnarisk forskingsmetodologi med metodane som høyrer til den kvalitative framgangsmetoden (Østern et al., 2021, s. 5). Eg meiner at det performative paradigmet vil gi masteroppgåva mi større moglegskap for å la forskinga forme metodar som hjelp på denne prosessen. Informasjonen (dataa) eg innhentar frå informantar oppmodar endringar i prosessen eg har lagt opp, og dermed vil det performative paradigmet gi rom for utviklinga av manuset på ein sanseleg måte. Eg held meg til kunstnarisk forskning som metodologi, som eg kjem tilbake til i kapittel 2.3.

Ein anna grunn til at det performative paradigmet har ein stad i oppgåva mi er fordi eg ikkje berre skal samle inn personlege forteljingar om frykt for terror, men eg skal omarbeide og arbeide saman med materialet for å samskape og utvikle eit teatermanus. Det performative paradigmet lar meg samarbeide med materialet og metodane blir forma undervegs i prosessen. Då ser eg på kva Østern et al. har sagt om performativ forskning:

A performative paradigm produces a space where we can breathe and move, even with unexpected twists and turns, as researchers, and into which we can welcome different questions, phenomena, communities, languages, and still-not-existing-research-methods and methodologies without

pressing them into a (paradigmatic) jacket that does not fit and that reduces their meaning-making, affective and knowledge-producing potentials and capacities. (Østern et al., 2021, s. 12)

Det er både det å kunne puste og røre på meg *som forskar* og skapinga av metode som gjer denne prosessen så brukarvenleg for prosjektet mitt. Dataa blir ikkje berre innhenta gjennom direkte spørsmål som eg stiller informantar, men òg gjennom alt som føregår rundt meg og kva det set i gang i hjernen min. Til dømes i arbeidet med tolking av innhenta data får eg rom til å ta subjektive val som vil gagne den fiksjonelle, dramatiske teksten. Ein kan sjå på utforminga av det performative paradigmet – enkelt forklart – som ei reise *frå* den kvantitative designen som ser på forskaren som ei hindring og der objektivitet er eit mål å oppretthalde, *gjennom* den kvalitative designen som aksepterer at forskar blir påverka av eigne, subjektive haldningar, men som forskar må halde seg kritisk til, *til* det performative paradigmet som ser på den subjektive forskar som ein ressurs til formålet (Østern et al., 2021, s. 13). Det performative paradigmet forstår at vala eg tar er basert på mi eiga livserfaring og moglegskapane eg finn i andre sine forteljingar for å skape ein fiksjonell, dramatisk tekst ut av dette.

I denne masteroppgåva er dataa kunstnarisk materiale som går gjennom ein dobbel prosess: fyrst hentar eg inn informasjon frå informantane i form av tekstar og samtalar (sjå 2.5 og 2.6), så omformar eg informasjonen inn i forma av eit etnodrama (2.9).

2.2 Fenomenologi og hermeneutikk

Forsøket på å svare på problemstillinga mi blei fort personleg motivert. Som nemnd i innleiinga har drivkrafta bak dette kunstverket vore mine eigne kampar med katastrofetankar. For denne forskinga er eg ein deltakande forskar, slik som det performative paradigmet eg skildrar ovanfor tillèt meg å vere, og fenomenologien blei eit naturleg standpunkt for meg.

Fenomenologien handlar om "individets erfaringer, slik de fremstår i individets omgang med tingene i dagliglivet, i det som kalles *livsverden*" (Jakobsen, 2021, s. 109). Den tilrettelegg for ei livsverd som informantane mine kan kjenne på. Det er opplevingane til informantane som står sentralt og deira subjektive tankar som dannar denne livsverda. Det viktige blir å finne ein balanse mellom informantane sine erfaringar og mine eigne slik at dei samla erfaringane kan representere livsverda eg ønskjer å få fram.

Jakobsen går vidare i forklaring av fenomenologien ved å dra in både Edmund Husserl (Jakobsen, 2021, s. 110) og Alfred Shütz

(Jakobsen, 2021, s. 113) som store pådrivarar til fenomenologien – han utnemner Husserl som "den filosofiske far til fenomenologien" (Jakobsen, 2021, s. 109). Sjølv om eg godt likar tanken på at fenomenologien til Husserl representerer subjektet sine egne og personlege erfaringar, så kan eg vere einig i problema Jakobsen nemner at dette fokuset kan medføre: at det ikkje fins noko anna "utenfor den subjektive bevisstheten" (Jakobsen, 2021, s. 112). Difor held eg meg meir til måten Jakobsen forklarar Shütz sin vidareutvikling av fenomenologien. Her er det snakk om intersubjektivitet som eg ser på som eit samfunn (her; ein gruppe menneske) som har same typar verdiar og erfaringar, og har gjennom desse verdiane og erfaringane danna ein liknande oppfatning om verda (Jakobsen, 2021, s. 113). Sidan erfaringa informantane og eg har etter terrorisme er ein livsendrande erfaring, meiner eg at vi kan ta liknande val i livet grunna å ha desse erfaringane med oss.

Hermeneutikken var ikkje eit vitskapssyn eg hadde med meg når eg samtala med informantane mine. Direkte interaksjon med informantane fall naturleg under fenomenologien. Men hermeneutikken fekk ei større rolle i prosessen min når eg skulle bruke tekstane som eg hadde henta inn frå informantane (sjå 2.5). Hermeneutikken har utgangspunkt i tolking av tekster, men i moderne bruk blir hermeneutikken òg brukt til å tolke "all type

kommunikasjon" (Jakobsen, 2021, s. 116). For min del blei det aktuelt i forhold til å tolke tekstar som informantane hadde skrive og sendt til meg. Eg ser helst på Gadamer sin tanke om hermeneutikk, om at det som skal forståast ikkje har ein einaste mening i seg sjølv, men at forholdet mellom det som skal forståast og personen som skal forstå gjer at det oppstår mening (Jakobsen, 2021, s. 121). Nok ein gong er det eit utgangspunkt som ikkje har som mål å vere objektiv. Her er det ein sterk tilknytning mellom hermeneutikken og fenomenologien som eg meiner passar som hand i hanske inn i min performative forskingsdesign. Ved å samskape med tekstane til informantane med visse om mine subjektive meningar skapar dataa og forskar saman ei mening. Ei mening som eg igjen omarbeida og skapte dramatisk tekst utav. Og igjen, fordi det var eg som omarbeida tekstane, blei resultatet nettopp det manuset som ligg ved i vedlegg #6.

2.3 Kunstnarisk forskning

Kunstnarisk forskning er ein relativt ny måte å forske på som framleis er i etableringsfasen som forskingsfeltet. Eg brukar kunstnarisk forskning som min metodologi, altso det eg plasserer som meir konkret enn vitskapssynet mitt – som heller blir ein bakgrunn eg går inn i forskinga med – og meir abstrakt enn metodane mine – som blir

dei konkrete verktyøya eg brukar for å hente inn og arbeide med data (Østern, 2017, s. 8). Det er prosessen som eg går fram med, og som styrkar validiteten til korleis eg ender opp med resultatet mitt. I forklaringa mi vidare tar eg utgangspunkt i følgande forskarar: Henk Borgdorff, Tone Pernille Østern og Mika Hannula, Juha Suoranta og Tere Vadén

Sidan problemstillinga mi handlar om korleis å skape eit kunstverk (her; eit manuskript), tykkjer eg godt om det Borgdorff seier om måten han brukar kunstnarisk forskning: "Artistic research in the emphatic sense [...] unites the artistic and the academic in an enterprise that impacts on both domains" (Borgdorff, 2011, s. 44). Her diskuterer Borgdorff utviklinga av kunstnarisk forskning og gnissinga den har i etableringsfasen – skal kunstnarisk forskning vere eit eige felt eller ein metodologi? I denne oppgåva ser eg på det som ein metodologi. Men dette sitatet forklarar mykje om kva det er eg vil oppnå: eg vil bidra til det akademiske miljøet *og* det kunstnariske. Kunstnarisk forskning er ein prosess ein arbeider i som lar dei artistiske aspektane få rom til å forme og diskutere data i sjølve skapinga av kunstverket. Det er ikkje berre at masteroppgåva mi endar i eit kunstverk, forskninga kjem fram gjennom den kreative prosessen (Borgdorff, 2011, s. 46).

Ein annan grunn til valet av denne metodologien ligg i tanken om at kunstnarisk forskning skal skape ein endring i til dømes kunstmiljøet. "Det er ikke hovedsakelig forskning som forsøker å beskrive og forklare, men som forsøker å forstå, fortolke, peke på meningsskaping, skape aktivitet og bidra til endring" (Østern, 2017, s. 11). Om min forskingsprosess på nokon måte kan vidare inspirere til å arbeide med metodane eg har brukt for innhenting av personlege forteljingar og anna data, så kan eg ikkje be om meir.

Denne måten å forske på ser eg passar med mitt ønskje om å skape noko som har ei mening for det å skape eit teatermanus, men òg for sjølve prosessen. "Det å forske med kunsten kan bringe fram forståelser som andre tilnærminger ikke klarer" (Østern, 2017, s. 13). Forståinga av livsverda eg ønskjer å setje lys på meiner eg kjem tydlegare fram gjennom denne metodologien, og dette har med rolla til forskaren i ein slik prosess å gjere. Dette forklarar Hannula et al. på følgande måte:

We must be both-and, both readers and writers, the ones who talk and the ones who listen, the ones who do and who are there to relate to and discuss what others in the same and similar practices are doing. (Hannula et al., 2014, s. 4).

Forskaren har ei meir aktiv rolle i kunstnarisk forskning, som igjen samspelear med det eg tidlegare forklarte om hermeneutikken: at meininga oppstår fordi dataa som er innsamla blir arbeida med av forskaren som er meg. Det som er viktig i ein kunstnarisk prosess er å vere klar over verknaden ein forskar har på prosessen. I dette prosjektet blir tar eg utval av informasjon som informantane har vore villige til å dele, og eg gjer desse utvala vidare om til dramatisk tekst. Desse utvala må eg som forskar både ha hatt fridomen til å velje, samt å samstundes stå for vala eg har tatt.

2.4 Den originale planen

Det tok ikkje lange tida før det performative paradigmat viste seg å vere viktig for framgangen min i form av ei heilomvendingar frå den originale planen eg hadde då eg byrja å planleggje korleis eg ønskja å forske. Dette vil eg forklare nærmare i empiri og drøftingsdelen min, men eg nemner det her for å gi eit lite overblikk til deg som les. Tanken om å forske på korleis å utvikle eit teatermanus kom til meg tidleg i masterlaupet. At det skulle handle om katastrofetankar kom til meg seinare. Grunna eigne erfaringar har eg eit nettverk eg kunne nå ut til, men eg kjende at eg ikkje ønskja å ha informantar som eg kjende godt. Tanken var då å samle maks sju personar til ein

verkstad for å skrive og samtale om katastrofetankar i plenum, men det viste seg fort at å innhente informantar ikkje var så enkelt.

Eg ser for meg at ein verkstad ville ha både styrkar og svakheiter. Den største svakheita ville vore at nokon stilte seg roleg og sa lite, medan andre tok stor plass, samt at nokre ytringar kunne hatt negative konsekvensar for ein annan person. Men det er ingen tvil om at ein viktig konsekvens av ein verkstad kunne vore at informantane fann eit miljø dei kunne uttrykke seg i på ein ny måte og reflektere over dette. Eg trur at informantane sjølv kunne fått ein større endring ut av prosessen enn det dei fekk gjennom samtalar med meg aleine. Her var det blant anna eit fokusgruppeintervju som stod på agendaen. Rune Johan Krumsvik seier at i ein slik metode "kan ein få fram ein annan type informasjon enn berre ved å intervju informantane einskildvis" (Krumsvik, 2015, s. 141). Eg trur eg ville hatt ein god del data å drøfte gjennom eit fokusgruppeintervju, men erfaringa med prosessen som den blei har meir enn nok data å diskutere som det er!

Observasjon skulle òg ha ein større rolle i den originale planen min. I verkstaden ville eg kunne sjå korleis informantane jobba med dei forskjellige metodane, samstundes som det å ha fleire informantar på same stad ville gi meir rom for at eg kunne ta eit aldri så lite steg tilbake. "Observasjon er viktig fordi ein kan få validert

intervjufunn og avdekt ny kunnskap" (Krumsvik, 2015, s. 142) skriv Krumsvik. Det skal nemnast at Krumsvik si bok handlar om korleis å forske kvalitativt og han informerer om fallgruver og kva ein skal vere obs på som observatør. Han forklarar observasjon blant anna som ein måte å enten byggje oppunder det informantene seier, eller som ein måte å sjå om informantene faktisk motseier det dei gjer (Krumsvik, 2015, s. 142). Planen min med observasjon var å leggje merke til kroppsspråk som kunne bli omsett og brukt til den dramatiske teksten.

Men det verka som om dørstokkmila for å bli med i ein verkstad med tema som frykt for terror og katastrofetankar blei tøff å karre seg over. Eg tok kontakt med Støttegruppen 22. juli og løsfunksjonen som skal støtte oppunder overlevande og pårørande etter terrorhendingsane. Her hadde eg god kontakt med både støttegruppa sitt nasjonale styre og RVTS øst (Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress). Dei hjelpte meg med å nå ut til denne gruppa menneske, men til slutt var det direkte og indirekte kontakt med potensielle personar som gjorde at eg fann mine tre informantar. Altso gjekk eg vekk frå at eg kom til å få tak i informantar gjennom postar på sosiale plattformer som oppmoda til at andre måtte ta initiativ for å vere med. Eg enda opp med å ta kontakt via meldingar med potensielle informantar (den direkte kontakta), eller forhøyrd

meg om dei kjende nokon som kunne vere interesserte (den indirekte kontakta). Meir om dette forklarast i kapittel 4.

2.5 Skriveoppgåver som metode

Til trass for at verkstaden fall vekk, haldt hovudmetoden frå verkstaden fram med å vere ein del av prosessen, nemleg *skriveoppgåver*. Tidlegare i masterlaupet hadde vi studentar fått nokre øvingar som gjekk ut på å skrive starten på ei setning som vi då skulle byggje vidare på utan skrivestopp. Dette skapte ein tankestraum som eg likte godt å arbeide med og eg tok difor dette med vidare inn i masteroppgåva mi. Eg gav kvar av informantane mine tre oppgåver som dei skulle arbeide med på eiga hand. To av skriveoppgåvene var skrivestartarar, altso det eg forklarte før: starten på ein setning som skulle få informantane til å fortsette å skrive fritt i ein gitt mengde tid utan å leggje ned pennen. Den tredje oppgåva var ein refleksjonsoppgåve. Her kunne informantane velje eit scenario og bruke så lang tid dei ønskja på å få ned tankane sine. Oppgåvene kan sjåast i vedlegg #3.

Ved å bruke oppgåver som informantane hadde moglegskap for å kontrollere sjølv meiner eg at informantane kunne komme med ein heilt anna type informasjon enn intervjusamtalen ville få fram (sjå 2.6). Skriveoppgåvene ville òg vere ein metode som oppmoda til

ein lækjande prosess for informantane. I boka *Helsefremmende skriving* finn vi mange argument for at skriving er ein god metode for å handtere livsendrande hendingar. Boka har eit kapittel dedikert til handtering av traume, og forfattarane skriv til dømes:

Ved å skrive om egne tanker, reaksjoner og følelser skjer det automatisk en form for utlufting. Hvis man over lang tid neglisjerer hva som foregår i ens indre liv, vil det bli som i et rom hvor man aldri åpner vinduet. (Wold & Uverud, 2019, s. 79).

At informantane mine skulle kunne ta med seg noko som arbeida for deira helse var eit mål i seg sjølv. Eg meiner at ved å bruke denne metoden fekk informantane sjans til å uttrykke kjensler dei ikkje vanlegvis snakkar høgt om og vite at nokon skulle lese tekstane. Ønskje er at dette skal bidra til ein type utlufting som Wold og Uverud nemner. Det er òg relevant for kunstnarisk forskning og det performative paradigmet som eg brukar i prosessen. Østern poengterer at det ikkje lenger held at forskning ikkje skal skade, men at det "skal bidra positivt til personer eller miljøer som blir analysert og forsket på" (Østern, 2017, s. 18). Tatt i betraktning sitatet frå Wold og Uverud er tanken min at skriveoppgåvene er ein metode

som kan understreke at den kunstnariske forskinga blir ein lækjande prosess. Med dette i bakhovudet gav det meining for meg at skriveoppgåver ville føre til djupare tankar og refleksjonar enn eit intervju aleine ville gi meg.

Wold og Uverud fortel om ein måte å skrive på som minner veldig om det eg legg i skrivestartarar. Dei brukar ordet "friskrift". Dei seier at ved bruk av denne teknikken skal du "ideelt skrive helt uten tenkepauser og refleksjoner. Pennen eller tastaturet skal på et vis bare være en forlengelse av ditt indre liv, som strømmer ut på papiret eller skjermen helt uten filtrering" (Wold & Uverud, 2019, s. 97). Friskrift er på mange måtar veldig lik skrivestartarar, og den einaste grunnen til at eg insisterer på å kalle min metode skrivestartar er på grunn av den innleiande setninga. Der friskrift handlar om å skrive akkurat det du sjølv ønskjer, er skrivestartarane ein måte å skrive på som peilar deg inn på eit spesifikt tema gjennom den fyrste setninga. Samstundes er det opp til skrivaren å vidareutvikle den fyrste setninga.

Det er ikkje så mykje forskning på bruk av skriveoppgåver som metode for å hente inn data. Fordi det er ein uortodoks måte å hente inn informasjon på, meiner eg at det er denne metoden som i hovudsak fekk meg til å snu spesifikt mot det performative paradigmet. Her kan vi sjå tilbake på sitatet eg viste til i 2.1 der

metoden får plass "without pressing them into a (paradigmatic) jacket that does not fit" (Østern et al., 2021, s. 12). Sidan skriveoppgåvene har vore hovudfokuset mitt når det kom til å hente inn informasjon frå informantane, har det vore viktig at eg fekk plass til denne metoden i prosessen min.

Sjølv om det ikkje har vore enkelt å finne andre døme på skriveoppgåver som metode, så finst det forskning som ser på skriving som metode. Forskjellen her er at det eg har funnet handlar meir om korleis å bruke tekst til å leggje fram masteroppgåva, tolke andre teoretiske tekstar eller korleis å behandle allereie innhenta data. Eg leitar framleis etter forskning som aktivt brukar skriving som metode for å *hente inn* data direkte frå informantane. Sidan det er mindre brukt enn andre metodar er det dermed rom til å endre og utvikle nye måtar å arbeide med skriveoppgåver på, og ønskje er at andre skal kunne sjå korleis denne metoden har vore viktig for min prosess, samt vidare bruke og utvikle den.

Til slutt var det ein anna, og viktig, grunn til at eg ønskja å bruke skriveoppgåver for innhenting av data: Eg meiner at det hadde vore synd å skrive eit teatermanus inspirert av andre sine erfaringar utan å ha skildringar som informantane sjølv kunne skape gjennom eigne ord. Arbeidet med denne metoden tykkjer eg er ein fin måte å la informantane kjenne på ein viss eigarskap til det dei delte med

meg. Sjølv om teatermanuset er omarbeida, og tekstane til informantane ser annleis ut, så er det setningar som dei kan kjenne att og vite at det er dei som er inspirasjonen. Då temaet er så sårt, var det viktig for meg å kunne tilby informantane litt kontroll på tekstane dei delte med meg.

2.6 Uformell intervjusamtale

Fokusgruppeintervjuet fall bort, men ved bruken av eit semistrukturert intervju fekk eg henta inn data som skriveoppgåvene ikkje kunne dekke. Eg kjende at denne typen intervju er måten som best kunne erstatte eit intervju i plenum, då "det sentrale er å innhente skildringar av livsverda til den intervjuja og korleis vedkomande opplever ulike fenomen frå sin ståstad" (Krumsvik, 2015, s. 124-125). Her ville eg kunne stille spørsmål der informant hadde sjans til å reflektere. Denne typen intervju gav meg òg sjans til å observere informantane og deira kroppsspråk, som eg då sidan kunne bruke inn i manuset.

Det var fleire styrker med denne metoden. På den eine sida var det viktig at dette blei meir likt ein samtale enn eit intervju, i den forstand at eg tenkjer at informantane kunne føle på at dei kunne komme med innslag som ikkje var spesifikt retta til sjølve spørsmåla eg stilte. På den andre sida var det spørsmål som hadde dukka opp

utifrå tekstane informantane hadde skrive og frå arbeidet eg hadde starta med i utviklinga av teatermanuset som eg trengte svar på. Denne metoden gjorde at eg kunne reagere og samtale om det informantane la på bordet, og kome med oppfølgingsspørsmål der og då. Spørsmåla var planlagt i førekant, men det var spørsmål meint for å halde samtalen open, fokusert på aktuelle tema for prosessen min (vedlegg #4). Eg vil vidare skildre denne metoden som ei **uformell intervjusamtale** då det var fokuset på å ha ein open samtale som var viktig for meg. Ved å kalle det eit semistrukturert intervju mistar prosessen fokuset på den viktige, og uformelle, samtalen. Informantane skulle forklare situasjonar som dei ville og fortelje så mykje dei ville, og eg skulle kunne komme med eventuelle oppfølgingsspørsmål. Spørsmåla var der berre for manusutvikling og for å halde oss på sporet av tema.

2.7 Glødande data

Då eg las artikkelen til Maggie MacLure som omhandla glødande data, eller "The Wonder of Data" (MacLure, 2013) var det noko som fall på plass. Dette var ein måte å arbeide med informantane sine tekstar på som eg blei spesielt interessert i. Denne metoden å arbeide på handlar meir om forståinga av og samskapinga med data som eg har innhenta, og ikkje sjølv måten eg hentar det inn på, slik

skriveøvingane og intervjusamtalane var. Altso blei dette ein viktig metode i utviklinga av teatermanuset som eg skildrar i empirikapittelet mitt.

Personleg så har det å tolke og analysere data vore ein prosess eg ikkje alltid har vore så glad i. Dette er ein av grunnane til at denne artikkelen falt i smak – det var ein heilt annan måte å sjå data på enn eg hadde gjort før. Her kunne eg fokusere meir på det sanselege og samskape i lag med data, i staden for å dra fram kvart minste ord og prøve å tolke all meining som låg bak. Når det kjem til glødande data er det ord som sprett ut av sidene og treff forskar på eit sanseleg nivå som bidrar i forskingsprosessen (MacLure, 2013, s. 228). Her er det alltid rom for samskaping og det passar meg ypparleg i den kunstnariske prosessen.

Slik blei samskapinga av informantane sine tekstar og transkriberte intervjunotat for å skape manuset ein prosess som inspirerte. Som MacLure seier: "We cannot force objects, nor any other kind of data, to collaborate in the production of wonder" (MacLure, 2013, s. 231). Det var denne mangelen på å presse data til å bety noko som gjorde at det blei enklare å omarbeide tekstane til eit teaterstykke. Å la inspirasjonen dukke opp frå eit enkelt ord eller ein heil paragraf kunne skape lange sekvensar i manuset (sjå 4.8, 5.1).

Sidan dette er ein ny måte å arbeide på for meg, likeså designen og metodologien min, så ligg det ein uvisse i prosessen som både kan by på styrker og svakheiter. Med glødande data er det vanskeleg å seie om eg då går glipp av noko anna som kunne hatt ein sterk tyding for forskinga, men eg vonar at denne metoden for det meste opnar opp for det som kanskje hadde blitt oversett, meir enn at metoden overser.

2.8 Feltarbeid

Feltarbeid var ein viktig måte for meg å halde styr på tankane mine gjennom prosessen. Her ser eg spesifikt på informasjon som eg samla inn i laupet av den empiriske delen av masteroppgåva mi som ikkje kom fram gjennom intervju eller skriveoppgåver, men kunne dukke opp i tilfeldige samtalar med menneske som ikkje var informantar (Krumsvik, 2015, s. 145), men som likevel gjorde meg merksam på ting som kunne vere viktig å tenkje på medan eg forska. Dette kunne vere alt frå rettleiarar til folk eg ikkje kjende. Feltarbeid, eller spesifikt feltnotat, blei ein god måte å halde styr på alle tankane mine, og då med hovudfokus på utviklinga av teatermanuset. Dette skal eg kome tilbake til i drøftinga (sjå 5.4), men det å samtale med folk om masteroppgåva mi hjelpte på å utvikle den eine karakteren i manuset. Feltnotata handla for det meste om tankane eg gjorde meg i

stadiet mellom innhentinga av data og arbeidet med utviklinga av manuset. Men dei var òg relevante for observasjonar eg gjorde meg i intervju eller i prat med informantane mine.

2.9 Etnodrama

Når ein skal utvikle eit manus kan det hjelpe å finne ein form eller eit verktøy som har retningslinjer du kan følgje. Her snudde eg meg til etnodrama for å kunne på best måte formidle det eg ønskja å få fram i teatermanuset. Å skrive om frykt for terrorisme og katastrofetankar blei for meg eit dukk inn i livsverda til andre og deira opplevingar, samstundes som eg heldt på mine eigne erfaringar. Ei drivkraft til å skape dette manuset var nettopp ønskje om å vise fram denne livsverda for å gi nokon eit innblikk i den og for at andre skulle kunne kjenne seg att. Ved å ta tak i eigne tankar og informantane sine tankar blir eit etnodrama ein god måte å understreke denne livsverda på. Eit krav til eit etnodrama er at "the script or performance text is solidly rooted in nonfictional, researched reality – not realism, but *reality*" (Saldaña, 2011, s. 14). Her er det røyndommen som er i fokus, og det er nettopp dette som gjer etnodrama til det viktige verktøyet i min prosess som det er (sjå 1.3 for definisjon av røyndom). Informasjonen eg henta inn frå

informantar er forteljingar om verkelege frykter som lev *på ekte* i marg og bein. Det er dette som har danna grunnlaget for manuset.

Saman med det informantane fortalte meg om deira tankar har eg laga ein dialog som i tillegg baserer seg på mine egne katastrofetankar. Difor ser eg òg på autoetnodrama som eit viktig verktøy i utviklinga. Autoetnodrama er "an autobiographical story in monologic playscript format intended for performance" (Saldaña, 2011, s. 75). Saldaña definerer dette som hovudsakleg ein monolog i form, men eg har gått vekk ifrå at eit autoetnodrama må halde seg til denne forma. Dette gjer eg då eg brukar mine eige forteljingar i samband med andre sine forteljingar: Det er fleire stemmer som driv utviklinga av manuset og denne blandinga gjer dermed at det blir ein balanse mellom eit etnodrama og eit autoetnodrama.

Samhandlinga mellom etnodrama og autoetnodrama har eg valt å føre fram gjennom ein dialog. For at bruken av etnodrama som verktøy skal vere forståeleg nemner eg her at teatermanuset som er skapt i denne prosessen er laga som ein dialog mellom to karakterar, Måne og Storm. Altso har eg brukt informasjonen som er innhenta frå informantane og frå meg sjølv til å skape ein dialog i teatermanuset mellom Måne og Storm (nærare forklaring på teatermanuset kjem i 4.5-4.9). Dialogen er ein fiksjonell samtale, då "most ethnodramatic dialogue is a *plausible construction* or *creative*

nonfiction" (Saldaña, 2011, s. 99). Etnodramaet lar meg arbeide med informasjonen eg har henta inn ved å skape ein fiksjonell samtale mellom to karakterar utan å ignorere at informasjonen er ein del av ei verkeleg livsverd. Dette forholdet mellom røyndom og fiksjon kjem vi tilbake til i 5.5.

3.0 Teori

I dette kapitlet vil de finne definisjonar på omgrepa eg brukar i masteroppgåva mi og informasjon som er vesentleg for å forstå arbeidet eg har gjort. Fordi forskinga mi handlar om å vere i ein prosess rundt utvikling av eit teaterstykke er det mykje av teorien min som òg har vore i bruk som metode. Blant anna vil eg gå djupare inn i informasjon rundt skrivning som ein måte å betre helse på, samt skaping av fiksjon frå røyndom. I dette kapitlet vil eg òg skrive meir om konsekvensar av terrorhendingane den 22. juli. Dette vil bidra til å la deg som lesar forstå drivkrafta som ligg bak det å ville skape dette teatermanuset.

3.1 Katastrofetankar og frykt for terrorisme

Katastrofetankar og frykt for terror er omgrep eg brukar om kvarandre for å skildre tankar og kjensler av frykt for at ulike scenario skal utfolde seg utav det blå. Katastrofetankar er spesifikt det å førestille seg ein katastrofal situasjon, til dømes at ein sit på togstasjonen og ein legg merke til ein bagasje på perrongen utan nokon eigar i sikte. Når ein då ser for seg at denne bagasjen skal gå i lufta, er dette ein katastrofetanke. Frykta for terror er grunnen til at du får denne type katastrofetanke, og frykta er òg det som driv

scenarioet vidare og du blir redd medan du førestiller deg kva som kan skje. Eg ser på det som blir kalla for "intrusive thoughts" på engelsk som ein måte å forklare katastrofetankar på. Her er det mykje kjennskap, sjølv om "intrusive thoughts" ser ut til å ha sin opphav i tvangslidingar og angst (Butterfield, 2019). Men no blir det òg brukt som blant anna symptom hjå menneske som har diagnosen posttraumatisk stresslidning (PTSD). "Intrusive thoughts are threatening thoughts that constantly occur to a person without conscious or voluntary control" (News Medical, 2022).

Katastrofetankar er noko som kan dukke opp når ein minst ventar det. Grunna grufulle hendingar som sterkt påverkar livet til ein person kan ein altso ikkje unngå å førestille seg scenario som har katastrofale konsekvensar. I denne samanheng er dei katastrofale tankane spesifikt retta rundt frykt for terror. Men omgrepet katastrofetanke blir litt meir spesifikt enn "intrusive thoughts" er. Medan "intrusive thoughts" forklarar korleis tankane plutselig dukkar opp i hovudet ditt, handlar katastrofetankar i denne oppgåva spesifikt om scenario som handlar om terrorisme. Katastrofetankar kan òg variere i alvorsgrad (sjå 5.2).

Terrorisme er, i følge SN-sambandet (SN/Sameinte Nasjonar på nynorsk, FN/Forente Nasjoner på bokmål), ikkje heilt enkelt å definere. "FNs medlemsland har ikke klart å bli enige om en klar

definisjon på terrorisme" (FN-sambandet, 2020). Men det blir helst definert som eit valdeleg angrep mot menneske og stat med hensikt for å skremme politisk retta ideologi i søken etter å endre denne, på bakgrunn av eigen politisk eller religiøs overtyding (FN-sambandet, 2020). I denne masteroppgåva er grunnlaget terrorhendingane som tok stad 22. juli, 2011, i regjeringskvartalet og på Utøya. Oppgåva vil ikkje gå innpå sjølve dagen 22. juli, men heller sjå på ettertida og konsekvensane av desse handlingane på eit personleg nivå. Med dette meiner eg tankar som informantane deler, samt mine egne. For at det skal vere heilt tydeleg vil ordet "katastrofetanke" bli brukt for å skildre tankar rundt scenario som omhandlar terrorisme, med mindre eg spesifikt skildrar dei som noko anna.

Før vi går vidare til neste underkapittel vil eg her utdjupe tanken om frykt ved å gå innom PTSD og nokre omgrep som er i tråd med denne diagnosen. PTSD er ei lidning som kan slå ut når nokon opplev noko traumatisk, som til dømes terrorangrep, valdtekt eller naturkatastrofar (Dyb & Jensen, 2019, s. 19, 33). For overlevande av terrorangrepet 22. juli var det ikkje uvanleg å utvikle PTSD, der nesten halvparten opplevde symptom over klinisk nivå (Dyb & Jensen, 2019, s. 22, 198), altså hadde dette ein sterk innverknad på det kvardagslege livet. Eit anna omgrep eg vil innom er posttraumatisk stress (PTS), definert slik av Dyb og Jensen: "Ved

brå, voldsomme dødsfall vil også symptom på posttraumatisk stress (PTS) som [...] økt fysiologisk beredskap (f.eks. økt skvettenhet/påvakt-holdning) være vanlig" (Dyb & Jensen, 2019, s.58). Altså om du opplev noko brått og grufullt kan du oppleve symptom som er i tråd med diagnosen PTSD. Her nemner dei òg andre symptom, men det er denne auka beredskapen som er mest relevant med tanke på katastrofetankar og kva budskapet i manuset handlar om. PTS er òg mest relevant for mitt eige personlege standpunkt, då PTS kan gi PTSD-liknande symptom for menneske som har mista nokon. Dette symptomet av PTS som eg har lagt ekstra vekt på, nemleg auka fysiologisk beredskap, bind eg saman med katastrofetankar. Fordi ein har ein auka beredskap som ligg i kroppen, vil hjernen forme tankar som i tur sender signal om fare tilbake til kroppen.

I tillegg til PTSD og PTS nemner eg posttraumatisk vekst (PTV). PTV er "[å] lage forbindelseslinjer mellom krevende livserfaringer og det som fungerer og man er takknemlig for på nåtidsplan" (Wold & Uverud, 2019, s. 74). PTV blir ein måte å finne eit lysglimt i det grufulle som har hendt. Terminologien har vore forska på i over 20 år, men er eit relativt nytt omgrep i Noreg, så for å forklare det nærmare brukar Wold og Uverud døme på naturkatastrofar som fører til øydelegging. Å byggje dette opp igjen vil då ta lang tid, men kanskje det dukkar opp eit symjebasseng der

det før var ein parkeringsplass (Wold & Uverud, 2019, s. 75). PTV, PTSD og PTS, er viktig å ha kjennskap til gjennom denne masteroppgåva, og desse omgrepa vil vere ein del av drøftinga i 5.2.

Eg meiner at det er viktig å skilje mellom PTSD og PTS vidare i oppgåva mi. Difor vil eg avklare at når eg snakkar om PTS, så er det ikkje sjølve diagnosen, men heller det å oppleve symptom som er knytt til PTSD. Det er dette eg forstår på måten PTS blir skildra av Dyb og Jensen. PTV meiner eg er ein tydeleg forskjell på frå før, då dette handlar om å sjå vakre ting i det vonde, og ikkje om noko som forårsakar til dømes katastrofetankar, som PTSD og PTS kan gjere. Det er viktig å understreke at PTV ikkje er ein måte å bli ferdig med PTSD på, men at dei ofte kan opplevast på same tid: "[...] du kan oppleve at for eksempel et brått dødsfall i nærmeste familie fører deg inn i en tung sorgprosess, mens du samtidig merker en dypere takknemlighet over det som er stabilt og godt i livet ditt" (Wold & Uverud, 2019, s. 75). Slik eg ser det er denne evna til å kjenne på ein takksemd for det som er godt ein evne til å akseptere det vonde som har skjedd, sjølv om det framleis gjer vondt og ein held fram med å få kroppslege reaksjonar og katastrofale tankar i samband med det som skjedde. Eg vil i kapittel 5.2 kome tilbake til dette med PTSD, PTS og PTV.

3.2 Skrive for å handtere

Då kjem vi inn på det å skrive for å uttrykke kjensler og korleis dette kan bidra til å lette på det vonde ein ber med seg. Vi var litt innpå helseverknad av å skrive i kapittel 2.5. Her vil eg leggje fram nokre sitat frå boka som tidlegare er nemnd av Wold og Uverud som er relevant for måten eg har henta inn forteljningane frå informantane på. Men i tillegg vil dette underkapittelet vise til korleis skriving kan vere ein lækjande prosess. Wold og Uverud ser på det å skrive om sine eigne refleksjonar som ein type utlufting, og at om "man over lang tid neglisjerer hva som foregår i ens indre liv, vil det bli som i et rom hvor man aldri åpner vinduet" (Wold & Uverud, 2019, s. 79). Altso vil det å skrive vere ein form for utlufting. Det vil la deg setje ord på papir og få ned refleksjonane dine, og dermed prosesserer du kva du har opplevd gjennom dagen din. Kanskje kan du òg sleppe litt taket på refleksjonane du har gjort deg. Det å skrive er ikkje berre for dei som har opplevd katastrofale hendingar. Det kan vere godt for personar å setje av tid til skriving i kvardagen, uavhengig av kva bakgrunnen din er (Wold & Uverud, 2019, s. 80).

Wold og Uverud har tatt det engelske omgrepet "expressive writing" og døypt det om til helsefremmande skriving. Dette har dei gjort då dei ville setje tydeleg lys på at det å skrive ein tekst som handlar om eigne refleksjonar er ein lækjande prosess (Wold &

Uverud, 2019, s. 41). Eit kriterium for at desse tekstane skal vere så lækjande som mogleg er "at man ikke knytter ambisjoner til helsefremmende skriving" (Wold & Uverud, 2019, s. 41). Å ha andre mål eller ambisjonar rundt refleksjon av eigne tankar vil leggje eit anna grunnlag som vil skape ein korrupsjon i prosessen for å forbetre helsa. Det Wold og Uverud meiner skjer når ein legg til ambisjonar i det å skrive ned refleksjonar er at skrivaren kan ende opp med å ta for mykje omsyn til lesaren og dermed formidlar noko som ikkje er hundre prosent ærleg (Wold & Uverud, 2019, s. 42). Kanskje skribenten ender opp med å tenkje for mykje på å ikkje skulle verke klagande, eventuelt at dei meiner smertene kan oppfattast som ubetydelege og difor prøver å gjere dei meir interessante.

Helsefremmande skriving har andre formål – eit av dei som blir skildra i boka er relevant for denne oppgåva. Det handlar om å vere i sjokk etter ein katastrofal hending. Wold og Uverud nemner tida rett etter terrorhendinga på Utøya, 22. juli. Ungdommane som hadde overlevd og som deretter var med i rettssaka opplevde å få sterke inntrykk av andre overlevande sine attforteljingar at deira eigne detaljar rundt det dei opplevde hadde blitt utydeleg. Dei hadde då "angret på at de ikke hadde skrevet ned hendelsesforløpet" (Wold & Uverud, 2019, s. 81). Dette er ein form for debrifing, å få skrive

ned ein oversikt rett etter noko som har ført til sjokk har hendt. I tillegg kan det vere godt å ha gangen i ettertid. Det er mogleg å utvikle PTSD i seinare tid, og då vil dette vere ein tekst som kan hentast fram og hjelpe på vegen vidare (Wold & Uverud, 2019, s. 82).

3.3 *Katarsis*

Katarsis er eit gammalt omgrep som har ein lang rekke speulasjonar rundt tydinga (Kuhns, 2014). Katarsisomgrepet som eg legg vekt på blei introdusert av Aristoteles, men vi veit faktisk veldig lite om kva det var Aristoteles meinte med dette omgrepet. I diskusjonar viser det seg at han sjølv refererer til *Poetics*, ein bok han forfatta, men det er hypotesar om at vi manglar eit andre verk av denne boka. *Poetics* som vi har tilgang til nemner katarsis berre ein gong (Aristoteles & Heath, 1996, s. xxxvii). Difor er det ikkje rart at det er mange forskjellige tolkingar av kva Aristoteles sjølv la i dette omgrepet. I ein teatersamanheng har vi òg ulike tolkingar, men den mest kjende er moglegvis at publikum skal oppleve ein slags reinsing i kjensler frå det som skjer på scena (Gladsø et al., 2020, s. 31). Min eigen definisjon av katarsis er liknande dette konseptet med at publikum skal kjenne på ein slags reinsing. Samstundes er den annleis, for katarsis i denne masteroppgåva er ønskje at ein spesifikk gruppe

menneske skal kunne oppleve denne reinsinga og at den er tilgjengeleg gjennom heile teatermanuset. Det er ikkje eit augneblink som plutselig oppstår på scena, det er noko som ligg til grunn gjennom heile manuset for dei personane som kan kjenne seg att. Dette er ønskje mitt om bruken av katarsis vidare; korleis publikum opplev ei reinsing i eit teaterstykke, og at dette vil vere annleis for kvart individ som ser på, avhengig av individa si eiga emosjonelle forståing og bakgrunn (Aristoteles & Heath, 1996, s. xl). Det sagt, så har eg ikkje ein publikumsundersøking å samle inn data frå, så det blir med ønskje og drøfting i denne omgang (sjå 5.2).

Frå det vi veit forklarte Aristoteles katarsis som noko med tilhaldsstad i tragediar. Teatermanuset som er utvikla gjennom denne forskinga er ikkje ein tragedie, men den spelar på politiske innspel og handlar om sterke emosjonar, og difor meiner eg at katarsis har ein viktig plass her. Men for å forstå katarsis slik eg tenkjer at publikum kan oppleve det, må vi sjå på korleis eg forstår Aristoteles sin korte skildring av kjensler og katarsis. I introduksjonen av *Poetics* diskuterer omsetjar Malcolm Heath nettopp dette. Eit poeng er at Aristoteles såg på kjensler som noko dydig, at kjensler "are grounded in our understanding, since an emotional response to a situation presupposes an interpretation of it" (Aristoteles & Heath, 1996, s. xxxviii). Det vil seie at menneske reagerer på situasjonar

fordi dei har ein tanke om korleis dei bør føle seg og kva konsekvensane av situasjonen kan vere. Eit relevant døme kan vere at du finn deg sjølv i ein situasjon der ein person drar fram ein pistol midt på gata. Å frykte for livet ditt i ein slik situasjon er rasjonelt, med tanke på kva denne pistolen og denne personen kan gjere. Det er derimot irrasjonelt å kjenne på den same frykta om personen som drar fram ein pistol gjer dette som ein karakter i ei teaterframsyning. Eg linkar katarsis til det Aristoteles kallar for dyd, ikkje på den måten at dyd er avhengig av katarsis, men at katarsis er avhengig av dyd for å oppnåast:

Det er f.eks. mulig både å føle frykt og tillit og begjær og vrede og medlidenhet [...] både altfor mye og altfor lite, og i begge tilfeller ikke bra. Men å føle disse ting når man bør, i de riktige situasjoner, overfor de rette mennesker, av de riktige beveggrunner og slik som man bør, det er både midten og best, og det er nettopp dette som er dyd. (Aristoteles & Stigen, 1996, s. 25).

Kjensler er altso viktig for å forstå ein situasjon, men det som er balansen, eller dyden, er å ha ein haldning som lar den rette mengda kjensler oppstå i dei rette situasjonar. Her kjem vi inn igjen på

katarsis. Slik eg ser at Heath argumenterer for Aristoteles sitt omgrep, og slik eg sjølv definerer omgrepet er dermed katarsis det å føle den rette mengda av kjensler til den rette situasjonen. Ein legg frå seg overflødige kjensler, eller kjenner sterkare på kjensler som tidlegare nesten ikkje var til stades. Dette skapar ein balanse i ein sjølv. I utvikling av eit teatermanus kan denne definisjonen av katarsis vere eit verktøy for publikum som kjenner seg igjen i situasjonane på scena til å føle på ein form for katarsis. Difor er ikkje katarsis noko som plutselig oppstår på scena, men noko som ligg til grunn for heile teatermanuset. Teatermanuset har som mål å skape eit stykke som vil gi ein spesifikk gruppe menneske ei kjensle av å bli forstått. Dei som ikkje kan kjenne seg att i situasjonane vil få ein moglegskap for å forstå andre, utan at dette naudsynt er gjennom katarsis. Det er denne tolkinga og omsetjinga frå Heath som eg vidare tar utgangspunkt i for å definere katarsis. Altso handlar det om å kjenne på den rette mengda kjensler i dei rette situasjonane (Aristoteles & Heath, 1996, s. xxxix). For meg i denne prosessen blir målet med katarsis i teatermanuset ikkje mogleg å prove utan eit publikum, men som nemnd er ønskje at kjenslene som blir gjort uttrykk for kan gi eit utløp for publikum, og dermed la publikum finne ein balanse i sine egne kjensler. Dette blir diskutert i 5.2.

3.4 Dramaturgi – Strindberg og Brecht

Å plassere manuset mitt i ein dramaturgisk ramme er noko som fekk større fokus i etterkant av sjølve prosessen. Når andre utkastet stod klart byrja eg å tenkje på kva dramaturgisk modell som ville la dei viktige poenga eg ville fremje gjennom manus stå i fokus. På mange måtar har teaterstykket mitt med seg nokre element frå Brecht sitt episke teater. For meg har det alltid vore viktig å skrive eit manus som lesar og publikum kan reflektere over, på godt og vondt. Brecht sitt episke teater "presenterer verdensbilder" (Gladsø et al., 2020, s. 172), som er eit viktig mål for mitt manus. Med det etnografiske elementet (sjå 2.9) og den fenomenologiske livsverda (sjå 2.2) er det eit stort poeng at publikum skal kunne få eit innblikk og reflektere over det som dialogen tar opp og argumenterer for. Brecht var òg tydeleg på at publikum ikkje skulle vere passive, men gjort til betraktar. Her er det eit mål at tilskodar "tar med seg sin nye bevissthet ut i det sosiale og politiske livet" (Gladsø et al., 2020, s. 169). Det episke teateret skal vere eit verkemiddel for å skape politisk medviten. Det er eit ønskje eg har for teatermanuset mitt òg.

Det er eit par punkter i det episke teateret som eg nemner her som eg drøftar vidare i kapittel 5.3, for ikkje alt passar som hand i hanske. Blant anna er det ein tanke om at *Verfremdung* og katarsis (sjå 3.3) ikkje går i lag. *Verfremdung*, ein måte å skape ein

distansering for tilskodarar mellom røyndom og teaterspel (Gladsø et al., 2020, s. 131), ville i si heilheit moglegvis skapt ein vegg mellom kjenslene til publikum og dermed stoppe kjenslene frå å bli følt på måten mi forståing og bruk av katarsis ønskjeleg skal bli følt. Dette kjem eg tilbake til i 5.2 og 5.3.

I tillegg til at det episke teateret har ein relevans til manuset, vil eg sjå på Strindberg sitt monodrama som ein relevant dramaturgisk form. Her "blir alt fortalt ut fra hovedpersonens perspektiv, slik at publikum skal oppleve alt som skjer på scena som fra "innsiden" av jeg-personen." (Gladsø et al., 2020, s. 128). Eit teatermanus forma som eit monodrama vil då i hovudsak handle om å gi eit innblikk inn i hovudkarakteren sine tankar. Det er dette perspektivet som skal kome fram og vere inngangspunktet for publikum. Andre karakterar blir forma frå hovudpersonen sitt perspektiv, eit viktig poeng i monodramaet (Gladsø et al., 2020, s. 128). Språket som blir lagt til grunne i teatermanuset, som ber handlinga fram, baserer seg meir "på indre, subjektive opplevelser enn på ytre, fremdrivende handlinger" (Gladsø et al., 2020, s. 128). Altso vil monodramaet sitt fokus vere på hovudpersonen sine eigne oppfatningar av verda og erfaringar hen har. Monodramaet passar såleis saman med etnodramaet, då teatermanuset er skapt for å vise ein livsverd til publikum gjennom auga til hovudkarakteren. Denne

dramaturgien passar òg saman med måten eg ønskjer å bruke katarsis på, då innfallsvinkelen er fokusert gjennom karakteren eg vonar spesifikke personar i publikum kan relatere seg til. Dermed kan dei få utløp for sine kjensler som er ønskjeleg definerte i førre underkapittel.

3.5 Å skrive eit teaterstykke

Gjennom prosessen av å utvikle manuset har ei bok skild seg spesielt ut, nemleg Nirav Christophe si bok *Writing in the Raw*. Det å skrive eit teatermanus er inga enkel sak, og denne boka har hjulpet med å både byggje sjølvtilitt og avkrefte mytar om korleis eit kunstverk må sjå ut. Det fyrste Christophe gjer i denne boka er å kome med nettopp ein påstand om dette:

Writers are geniuses. A rich emotional life is transformed into an authentic, thrilling story with a clear style, a complex stratified structure and a wise, contemporary theme. Based on this romantic view, writing courses and books create myths about writing that saddle an author with the most impossible tasks: any writer worth his salt is entirely original, is subtle and professional in his work, definitely neither superficial nor

insipid, but wise and unfathomably profound. (Christophe, 2008, s. 9).

Her forklarer Christophe at det å byrje å skrive ofte blir for vanskeleg, fordi menneske som startar å skrive ikkje kan leve opp til standarden som er satt. Det vil ikkje gagne ein ikkje-etablert dramatikar som startar å skrive å halde så skyhøge standardar for seg sjølv då dette vil forårsake stress og skrivesperre. Christophe namngir nokre mytar tidleg, og eg vil fokusere på to av dei: visdom og originalitet (Christophe, 2008, s. 12-14). Dette er dei mytane eg sleit mest med i oppstarten av manus.

Visdom her handlar om måten ein tekst ikkje berre er ein tekst. Det ligg noko under, noko som må tolkast. Christophe kjem med eksempel frå klasserommet, om elevar som får i oppgåve å tolke ein tekst og finne ut kva det eigentleg er som ligg under (Christophe, 2008, s. 13). Frå ein tidleg start blir vi altså pressa til å tenkje at kunst og litteratur har ein tyding under overflata. Ut frå eiga erfaring meiner eg at om ein har eit slikt utgangspunkt for når ein startar å skrive ein tekst vil dette vere ein hard barriere å kome seg over. Manus kan sjølvstøtt ha fleire lag med djupare tydingar enn det ein ser når ein les det fyrste gong, men om dette skal vere eit naudsynt mål i tekstsaking vil manusforfattaren leggje eit stort

press på seg sjølv. Dette presset vil påverke inspirasjonen og kan føre til skrivesperre.

Myta rundt originalitet er forfattaren si evne til å skape noko som er banebrytande, noko som er heilt nytt. Før eg bryna meg på Christophe sin bok var dette den myta som eg syns var vondast å overkomme. Det nemner han òg: "with writers who are just beginning, what I have primarily come across in that respect is panicky fear, due to the originality myth" (Christophe, 2008, s. 14). Altso, det som kan forårsake frykt for å ikkje klare å skape noko bra er denne tanken om at det du skriv må vere heilt originalt. Det kan ikkje vere inspirert av andre forfattarar. Her kan ein sjå på det litt som ein gjer med forsking. Om forsking alltid skulle vere noko banebrytande og heilt nytt kvar gong, ville det ikkje vore solide fakta som dukka opp. Det ein forska på ville ikkje ha noko grunnlag å stå på. Då ville ikkje forskinga ha hatt den pålitelegheita som trengst for å bli tatt seriøst. Med andre ord kan myta om originalitet vere skadeleg for skapingsprosessen. Innimellom kjem det noko heilt banebrytande på bana, men eg meiner at om ein skribent går inn med denne tanken om å skape noko banebrytande, så blir det eit halvhjarta prosjekt. Dette går hand i hand med det Wold og Uverud seier om å leggje ambisjonar inn i skriveprosessen; det vil påverke ærlegdomen (Wold & Uverud, 2019, s. 42). Dette blir òg påverka i

forma til eit etnodrama. Forsøket mitt er ikkje å skape noko heilt nytt, men å hente inn informasjon frå informantar, frå egne erfaringar, og setje dette saman til ein ny måte å forklare ei gruppe menneske si livsverd. Eg gjer dette gjennom å hente inspirasjon frå etablert, kunstnarisk praksis, som etnodrama, episk teater og monodrama. Ikkje kan eg seie at det eg skapar er heilt originalt, sidan ein god del av inspirasjonen min kjem nettopp frå andre menneske – informantane mine.

4.0 Empiri

Dette kapittelet er delt inn i tre delar, då det var tre tydelege steg i prosessen om å skrive eit teaterstykke. Del 4.1-4.3 omhandlar byrjinga av masteren min og korleis eg fekk tak i informantane mine. Del 4.4 omhandlar samtalaneg hadde med informantane og skriveoppgåvene dei fekk av meg. Del 4.5-4.9 omhandlar arbeidet med sjølve utviklinga av teatermanuset.

4.1 Etablering av prosjektet

Det tok tid før eg skjønnte at det eg ville gjere med masteroppgåva mi var å forske på korleis å skrive eit teatermanus. Det har lenge vore eit ønskje å skrive noko om 22. juli og kva denne dagen gjorde med meg, men eg såg ikkje for meg at eg kunne bruke dette som utgangspunkt for forskning. Men gjennom tidlegare fag i prosessen brukte eg dette som eksempel på masteroppgåve som viste at dette var ein struktur eg hadde lyst å undersøke.

Mitt fyrste ønskje, som eg var innpå i metodekapittelet mitt (2.4), var å skape ein verkstad for rundt 7 menneske der vi saman skulle ha nokre samtalar i plenum og skriveoppgåvene stod i fokus. Eg la ein plan på korleis verkstadane skulle sjå ut, og såg for meg at dette kom til å ta stad over to dagar. Men då måtte eg sjølvsgatt få tak

i deltakarar til verkstaden min. Grunna naturen til temaet ville eg òg prøve å få tak i nokon med profesjonell erfaring for handtering av traume og psykisk helse. Dette var spesielt viktig for meg når det kom til verkstaden, sidan ein verkstad ville ha hatt fleire personar. Med fleire personar mistar den enkelte personen meir kontroll på kva tema som blir tatt opp og diskutert, så eit ønskje var å ha nokon til stade for folk å ta kontakt med om dei kjente det var eit behov.

4.2 Få kontakt

Sjølv har eg nære band til menneske som er påverka av 22. juli, men det blei eit medvitet val å ikkje ville ha med deltakarar som eg stod for nær: å forske på dette temaet var nært nok. Eg tok difor kontakt med Den Nasjonale Støttegruppa etter 22. juli (heretter referert til som Støttegruppa) for å informere om prosjektet eg skulle ta tak på. Her prata eg med styret hovudsakeleg gjennom e-post. Eg blei referert vidare til RVTS (Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress), som Støttegruppa hadde samarbeida med for å etablere los-funksjonen (Støttegruppen 22. juli, 2019). I samtale med RVTS aust fekk eg stadfesta at verkstaden sine deltakarar kunne ta kontakt med kontaktperson, men det var diverre ikkje mogleg for dei å sende ein person for fysisk nærvær under verkstaden.

Dette skulle vise seg å ikkje bli eit problem. For sjølv om informantane eg fekk tak i blei informert om at dei kunne ta direkte kontakt, blei det inga verkstad. Støttegruppa posta eit innlegg frå meg når eg hadde vore i kontakt med både dei og los-funksjonen. I dette innlegget bad eg medlemmar om å ta kontakt med meg om dei var interessert i å høyre meir om prosjektet mitt og potensielt vere ein deltakar. Eg fekk ingen mail eller telefonsamtale.

Eg la ut eit innlegg på ei Facebookside med medlemmar som går eller tidlegare gjekk på same studieretning som meg sjølv. Eg etterlyste personar som hadde opplevd 22. juli som ein livsendrande dag og som framleis hadde med seg denne dagen i kvardagen. Men utanom eit par "likes" fekk eg heller her inga respons i form av e-post. Eg byrja å forstå at her måtte eg endre taktikk, men eg prøvde ein gong til gjennom Støttegruppen 22. juli – avdeling Oslo og Akershus. På engelsk seier dei "third time's the charm". Det var det for meg òg, i den tyding at eg bestemte meg for å endre taktikk, samt korleis eg skulle samarbeide med deltakarane/informantane mine.

4.3 Tilpasse seg for å forske

Endringa i opplegget var ikkje ein heilomvending, men verkstaden fall vekk. Det gjorde òg Facebook-innlegga. Eg tok kontakt med menneske som tidlegare hadde sagt dei kjente nokon, eg tok kontakt

med menneske som eg kjente frå før, og eg tok kontakt med personar eg aldri hadde snakka med før. No fekk eg endeleg respons. Eg informerte interesserte om at det kom til å ta rundt tre timar å fullføre prosessen eg no planla.

I staden for verkstad blei prosessen delt inn i tre delar som berre ville vere mellom informant og meg sjølv – ingenting ville vere diskusjon mellom fleire deltakarar. Ved at diskusjonen fall vekk var det element som eg både mista og tileigna meg gjennom å endre taktikk. Dette kjem eg nærare innpå i delkapittel 5.1. I staden for diskusjon blei prosessen fyrst ein samtale med meg der eg forklarte litt om sjølve prosessen, samt kvifor eg ønskja å forske på nettopp denne måten rundt dette temaet. Her var det viktig å få fram mi eiga erfaring med 22. juli, så informantane forstod at dette var viktig på eit personleg nivå. Den andre delen ville informanten ha kontroll over sjølv. Det var skriveoppgåvene, og det vil kome figurar med døme vidare i dette kapitlet. Informanten ville få ei veke på seg til å fullføre dei tre oppgåvene og sende dei tilbake til meg. Deretter skulle eg arbeide med tekstane i ei veke, før eg igjen møtte med informant. Dette siste møtet med informanten var den uformelle intervju samtalen som eg informerte om i 2.6. Når denne prosessen var over skulle eg då ha samla inn alt av informasjon og data som eg ville trenge til å utvikle manuset.

4.4 Informantane

Etter å ha arbeidd med å hente inn informantar i åtte veker – inkludert samtalar med Støttegruppa og RVTS – hadde eg endeleg tre informantar eg skulle samtale med: Luna, Agne og Eike. Som førebuing før eg møtte dei hadde eg laga ei liste med fleire ulike, unisex namn som dei kunne velje frå sjølv. Eg valde unisex namn då eg kjende at dette temaet som vi samtalar om ikkje skulle vere påverka av kjønnsbias. Eg vil tiltale alle informantar som "hen". Personane vil vere så anonyme som eg kan gjere dei, men av respekt for kvar si oppleving deler eg at Luna og Agne er overlevande etter 22. juli, og Eike er pårørende. Vidare her vil eg gå igjennom prosessen eg hadde med informantane, informant for informant. Rekkefølgja har eg valt utifrå kven av informantane eg møtte fyrst.

Eg vil ikkje leggje så mykje vekt på fyrste runda, då dette var ein introduksjonssamtale til korleis prosessen ville vere. Ingen av dei fyrste samtalan med informantar blei tatt opp på lydopptak, men blir reflektert tilbake på gjennom eigne feltnotat som eg skreiv i etterkant av møta.

I det eg kallar "den andre runda" handlar det om skriveoppgåvene informantane skulle fylle ut på eigen hand før dei sende tekstane tilbake til meg innan ei veke. Skriveoppgåvene ligg

ved som vedlegg #3, men fordi eg vil vise til nokre døme gjennom bilete, kjem det ei forklaring rundt tekstane her. To av tekstane er skrivestartarar, det som likna friskrift som Wold og Uverud nemner (sjå 2.5), altso at informant fekk starten på ein setning og skulle fortsette vidare på denne setninga og skrive som ein tankestraum i ei gitt tid. Den fyrste (oppgåve 1) innleidde med setninga "Når eg er aleine med tankane mine, så..." og den andre (oppgåve 2) hadde setninga "Eg ler litt av meg sjølv når eg tenkjer på at eg er redd for...". Ønskje om å ha med oppgåve 2 kom frå at eg gjerne ville ha nokre artigare tekstar om redsle som kunne vere ein distraksjon frå dei andre, tyngre tankane om terror, og kunne lette på atmosfæren. Den tredje oppgåva var ei refleksjonsoppgåve, og denne var annleis enn skrivestartarane. Den hadde ikkje ei tidsavgrensing og var delt inn i tre ulike scenario. Informantane kunne sjølv velje om dei ville skrive denne oppgåva for hand eller på maskin, sjølv om eg oppmoda til handskriving. Enkelt forklart kunne informantane velje mellom oppgåve 3a, 3b og 3c. 3a var eit scenario der du går forbi statlege organ og ser menneske i full utrustning. Korleis reagerer du? 3b var at du skulle på eit arrangement og korleis du førebur deg til dette. 3c var eit scenario der du prøver å få tak i nokon du er glad i, men du får ikkje tak i dei. Korleis reagerer du på dette og kvar er

tankane dine? Eg vil kome med små utsnitt frå nokre av tekstane til informantane. Desse tekstane vil vere relevante i 4.8 og 5.5.

Sidan denne delen av innhenting av data skjedde på informantane sine premissar, ser eg at det kan vere ein svakheit som var vanskeleg å kontrollere. Då eg sjølv ikkje var til stades når informantane utførte oppgåvene, kunne eg ikkje hjelpe med eventuelle spørsmål som dukka opp i prosessen rundt å skrive desse tekstane, eller vite heilt sikkert at dei aldri la ned pennen medan dei skreiv oppgåve 1 og 2.

I den siste runda møtte eg igjen informantane for ein uformell intervjusamtale (sjå 2.6). Denne samtalen tok eg opp på lydband og eg vil dra fram nokre ting som er relevante for utviklinga av manus og drøftingsdelen. (Intervjuguide vedlegg #4). Etter eg hadde fått tekstane til informantane byrja eg å utvikle dialogen mellom Måne og Storm, og gjennom denne prosessen var det spørsmål som dukka opp som eg meinte var viktige for den vidare manusutviklinga. Eg var interessert i å vite litt om korleis dei var som personar i tida før den 22. juli, og om det var endring i personlegdom i ettertid. Eg ville òg gjerne vite kva informantane tenkjer om politikarar som brukar uttrykket Utøya-kortet (sjå 1.3). Som førebuing til det siste møte var målet å ha med eit tekstutdrag til kvar av informantane så dei kunne sjå korleis eg arbeida med tekstane deira. Dette fekk eg til med Luna

og Eike, men diverre fekk ikkje Agne sjå eit slik utkast. Alle tre var klar over at eg skulle bruke tekstane deira som inspirasjon, og at eg ville hente ut og bruke nokre setningar her og der. Agne fekk blant anna beskjed om at den eine teksten hennar blei brukt i si heilheit med veldig lite modifikasjon (sjå 5.5). At det var slik eg skulle arbeide med tekstane til informantane gjorde eg klart både ved ei munnleg forklaring og samtykkeskjema dei underskreiv (vedlegg #2).

Vidare i teksten vil eg ha med nokre sitat og figurar frå dei ulike informantane, og desse er henta frå transkripsjon av lydopptak og informanttekstar. Dersom setninga ikkje leier inn i direkte sitat og det ikkje er tydeleg kven av informantane som sa det, vil eg setje informanten sitt namn i parentes etter sitatet.


4.4.1 Luna

I mitt fyrste møte med Luna fekk eg introdusert meg sjølv og forklart litt om drivkrafta bak dette temaet som eg ønskja å forske på. Vi prata om komfortsoner og samtykkeskjema før vi gjekk vidare til arbeidet eg skulle basere forskinga mi på: katastrofetankar og frykt for terrorisme. Blant anna snakka vi om å gå i områder som kan minne på terrorhendingane, som til dels å gå forbi statlege organ. Dette var ein fin samtale der Luna kom med gode innsyn i meistringskjensler rundt å handtere ein kvardag. Vi var innpå korleis

Luna opplev samfunnet og at ein fort kan kjenne på ein kjensle av å falle midt mellom dei menneska som meiner at Luna ikkje skal klare å gjere noko og dei menneska som meiner at det er gått så lang tid at Luna ikkje burde kjenne noko til hendingane den 22. juli lenger.

Vi fekk prøvd oss i lag på skriveoppgåvene, og tok ein tre minuttars skriveøkt med startsetninga "Min største fobi er..." og fortsette vidare på denne. Ved å gjere dette saman fekk Luna eit innblikk i korleis oppgåve 1 og oppgåve 2 ville vere når hen fekk med seg desse oppgåvene heim for å gjere på eiga hand. I denne teksten skreiv Luna om sin fobi for insekt, medan eg skreiv ein tekst om edderkoppar.

Som det fyrste møtet med informantar var eg godt nøgd med samtalen eg hadde hatt og kjente eg fekk ein del informasjon som eg var interessert i å høyre meir om, då spesielt dette med å gå forbi statlege organ og meistring i kvardagen. Dette la til grunn for nokre av spørsmåla som dukka opp i planlegginga av den uformelle intervjusamtalen (sjå 2.6). Men eg opplevde at møtet hadde handla ein god del om masteroppgåva mi, og sjølv om dette var greitt som ein introduksjon til resten av prosessen, ønskja eg å endre litt taktikk så dei andre informantane skulle sleppe å høyre så mykje om kva eg såg for meg og heller kunne fortelje meir om sine eigne tankar rundt



når eg er aleine med tankane mine, så blir eg veldig stressa i den augneblinken eg innser at eg er det. må gjere noko med den einsemda med ein gong, fordi eg er skikkelig dårleg på å vere aleine. gjer dumme ting og tenkjer ganske dumme tankar. ofte ganske slemme tankar om meg sjølv, at eg er egentleg ganske ubrukeleg, men kanskje mest at eg er øydelagd og at eg er ein som ingen vil vere med.


Figur 1: Luna sin fyrste tekst

spørsmål ved eigenverd og å distrahere seg sjølv for å unngå å vere aleine med tankane sine (sjå utdrag i figur 1).

Hens andre tekst handlar om å vere redd for noko som er litt latterleg å vere redd for (figur 2). Teksten tok opp at frykt for insekt, som Luna skreiv litt om i det fyrste møtet. Denne teksten blei òg brukt for

frykt for terror. Det sagt, så var det godt å ha eit fyrste møte med ein ganske uformell form for å starte samarbeidet vårt.

Den fyrste teksten som Luna sendte inn til meg handla om det å vere aleine og vanskane rundt det å ikkje ha andre rundt som kan distrahere hen frå sine eigne tankar. Det er ein sår tekst som set



ja, eg er klar over at dette tusenbeinet ikkje kan drepe meg. men! det kan faktisk veps og sånn. no tok eg 5 sekund pause frå skrivinga fordi eg måtte drepe ein fruktfluge/bananfluge på bordet.


[...]

hylar og skrik. viftar med armane. spring rundt. sumaren er vanskeleg. vinter er godt.

Figur 2: Luna sin andre tekst

å skrive den aller fyrste scena av manuset som var basert på informantane sine tekstar (meir om dette i 4.8 og 5.5).

I refleksjonsteksten har Luna valt oppgåve 3a, og reflekterer



og skal frykta få bestemme at eg får 30 minutt mindre søvn kvar dag? nei. så det blir om meistring og å halde på kontroll. logikken skal sigre. det skjer jo ikkje to gongar, det som skjedde med meg.

Figur 3: Luna sin tredje tekst

over det å gå forbi statlege organ. Eit utsnitt av denne teksten kan sjåast i figur 3. Dette utsnittet vil eg snakke meir om, då eg brukte den siste setninga her til det motsette av det Luna

skriv (sjå 4.8 og 5.5).

I den siste runda var Luna den eg møtte sist av informantane. Samtalen starta med korleis hen hadde opplevd skriveoppgåvene. Luna uttalte at oppgåvene ikkje hadde vore ubehagelege, men fortel meg at hen ikkje skreiv ned "dei aller djupaste, vondaste, personlege, hemmelege opplysingane" (Luna). Det var ikkje noko eg krevja heller – eg gjorde mitt beste for å presisere at dette var noko dei skulle ha total kontroll over. Luna påpeika at det å skrive ned tankane sine hadde gjort hen merksam på at hen har tankar som kanskje ikkje folk flest har. Luna blei meir klar over desse tankane

gjennom refleksjonsteksten sin, då hen måtte finne ord for å uttrykke desse refleksjonane på. Det å bli gjort meir merksam på dette førte òg til at tankane kjem oftare, eller at dei enklare blir registrert når dei dukkar opp. Luna påpeikte at skriveoppgåvene ikkje naudsynt gjorde tankane noko verre, men at hen gjennom oppgåvene forstod at tankane tar litt større plass enn hen originalt hadde tenkt dei gjorde. Men når Luna då blei gjort meir merksam på desse tankane, så kjente hen òg på ein anna kjensle: meistring. Hen føler "veldig ofte på meistring fordi eg blir utfordra på det så ofte."

Vi snakka om korleis Luna var i tida før 22. juli. Luna informerte meg at som person så var ordet "dumdrstig" ganske passande for å skildre kven hen hadde vore. 22. juli blei ei heilomvending der Luna plutselig hadde mykje mindre energi, og måtte lære seg å prioritere korleis energien skulle bli brukt og fordelt med tanke på det sosiale livet og skularbeid. Her set Luna ord på noko som skulle vise seg å bli viktig for utviklinga av karakteren Storm, nemleg "kven hadde eg vore om dette ikkje hadde inntreft så tidleg i mine formative år?" Luna nemner at det er ein sårbarheit i å aldri få vite kor hen hadde vore og kven hen hadde utvikla seg til om 22. juli aldri hadde hendt med tanke på det potensialet hen hadde i tida før denne dagen.


Det var i samtalen om Utøya-kortet at vi for første gong kom innpå kjensler av raseri. Luna tar opp at hen mistar all tillit til politikarar som brukar dette uttrykket, og påpeiker at hen ikkje forstår kva ein politikar meiner med dette. Sjølv sagt skal hen få bruke Utøya-kortet så mange gongar hen ønskjer. Det er uakseptabelt at "det skal stå nokon der og seie at eg ikkje får lov til å bruke den opplevinga som ein motiverande faktor inn i det eg meiner" (Luna). Dette rører ved grunnen til at eg har med Utøya-kortet som ein motiverande faktor for å skrive eit teatermanus. Det er tanken om at andre forventar at du må kome deg vidare i livet, for denne hendinga er over no. Meir om dette kjem i følgjande underkapittel.

4.4.2 Agne

Agne møtte eg aldri i person, då vi hadde våre samtalar over zoom. I den første samtalen, som med dei andre to, fekk eg sagt litt om korleis prosessen ville sjå ut og personlege påverknadar. Agne hadde i tidlegare korrespondanse informert meg om at hen hadde hatt ønskje om å skrive meir om opplevingane sine og at den prosessen eg har planlagt kunne vere ein god måte å kome ordentleg i gang på, noko eg tok som eit lovande teikn på at denne prosessen kunne vere bra for både hen og meg. Som med Luna, informerte eg om

skriveoppgåvene og heilt på slutten av samtalen hadde vi ei prøverunde. Startsetninga på denne tre minuttars skriveoppgåva var "eg ler litt av meg sjølv når eg tenkjer på at eg er redd for...". Dette er oppgåve 2 av skriveoppgåvene, men Agne og eg brukte den allereie her. Agne skreiv om ei frykt for å miste tenner, medan eg skreiv om ei frykt for å bli ete av ein Tyrannosaurus Rex. Etter møtet sendte eg ein e-post til Agne med skriveoppgåvene, samt ein dato for når hen skulle sende tekstane tilbake til meg. Denne fristen var på ca. ei veke.

Agne sin første tekst om å vere aleine med tankane sine var fokusert på sjølve tankane hen opplevde (sjå figur 4). Den gir ei kjensle av utrygg grunn og av det store ingenting som ingen har noko kontroll over. Her er det mange allegoriar og metaforar som fort blir ein inspirasjon til det å kjenne seg sjølv. Agne skriv blant anna: "Som om




eg fryktar at eg kan drukne i min eigen hjerne og at medviten berre flyt ut som sand i eit timeglas og når eg ikkje lenge har sand igjen, forsvinn heile meg og alle tankane mine i eit mørke av tomheit. det er for så vidt ein slags sjø det òg, men så mykje meir uendeleg tom. eg fryktar denne tomheita overalt. korleis skal eg overkome den, liksom?

Figur 4: Agne sin første tekst

eventyret sporar av lenge før hjelpemidlar og prinsesser." Ei setning som er spesielt iaugefallande fordi vi alle kjenner til eventyra om til dømes Oskeladden, prinsessa og det halve kongeriket. Denne setninga fortel litt om korleis livet er når det ikkje er i nærleiken av kva ein trudde det skulle vere.

Tekst nr. 2 fortel om ei redsle som mange av oss har opplevd



nokon gongar tenkjer eg det bort ved å innbille meg at det er moglegskap for å gjere noko nytt. å ta eit oppgjer med tankane mine. andre gongar lar eg redsla sluke meg som kvalen slukte jonas?

eller høyrd om opp gjennom åra, nemleg å dukke opp naken på skulen (sjå figur 5). Det som er interessant med måten Agne skildrar denne draumen på er måten hen tar hand om den, enten ved å møte

Figur 5: Agne sin andre tekst

frykta og stire den i andletet, eller ved å la seg bli slukt av redsla.

I sin refleksjonstekst har Agne valt scenario b – hen skal på konsert (sjå figur 6). Denne teksten er den einaste eg har med i si heilheit. Den består av ei rekke spørsmål som Agne har gjennom opplevinga av å vere på konsert. Her er det mange sterke tankar som fort kan vere øydeleggjande for seg sjølv, blant anna eit eksempel på

katastrofetankar. Eg har tatt med heile teksten her, då eg såg eit sterkt scenisk bilete som eg ville ha med i teatermanuset mitt. Denne teksten kjem vi tilbake til i 5.5.


Vi starta den uformelle intervjusamtalen med å snakke litt om

korleis skriveoppgåvene

hadde vore for Agne. Her var det ein liknande tanke som Luna om at oppgåvene ikkje forlanga dei mest private, intime opplysningane om seg sjølv, og at det hadde vore heilt greitt å skrive og sende til meg.

I samtalen med Agne var det spørsmålet om samfunnet og støtta som blei tilbydd i ettertid som eg vil

leggje mest vekt på. Agne informerte blant anna om korleis ein del av støtta som gjekk ut til kommunar i tida etter 22. juli ikkje såg ut til å bli satt av til psykisk helse for overlevande og pårørande, men heller til administrasjonen. Vi var innpå rosetoget, som var ein



eg skal på konsert. kor mange skal dit? er det fleire eg kjenner? korleis ser lokalet ut? er det plass til å trekkje seg unna? kvar er naudutgangane? om nokon busar inn med våpen og vil meie oss ned, vil vi vere fanga i ei trakt og berre slaktas på 1-2-3? kvar kan eg kjøpe øl? kva kostar den? kor mange treng eg for å slappe av? er venane mine trygge? er eg trygg? har eg ete nok? blir eg full nok til å slappe av? har eg fått tatt minst eitt fint bilete? er konserten ferdig alt? ja, ja.

Figur 6: Agne sin tredje tekst

vakker respons, "men kva slags langvarig effekt har det hatt?" (Agne). Empatien som samfunnet viste i dagane etter 22. juli forsvann så fort. Agne uttrykte at dette kom frå ei trong som folk flest har: å vise empati, men så snart blesten går over, så forsvinn òg trongen for å vise empati. Samstundes snakka vi om det å gløyme hendingane. Her sa Agne at "du kan ikkje forvente at 22. juli skal vere på toppen av medvitte heile tida, for det er ikkje sånn folk funkjar" (Agne). Det Agne meiner er viktig er å lære av hendingane og bruke dei dataa som vi har etter denne dagen, og at det er å gløyme denne informasjonen som er det utilgjevelege.

Eg tok opp bruken av frasar som Utøya-kortet og 22. juli-kortet som politikarar har brukt i debattar når det har passa dei. Agne informerte meg om at bruken av slike uttrykk sa meir om dei som brukte det, og at eit ordentleg sinne kjem over hen gjennom denne bruken. Likeså med Luna er denne måten å insinuere at overlevande frå 22. juli spelar offer eit tydeleg tillitsbrot til politikarar og andre som kan ta dette i bruk. Agne seier det best sjølv, at det å vere overlevande etter 22. juli er ikkje "å sitje att med jokeren. Det er å sitje att med svarteper."

4.4.3 Eike

Eike fekk gjennomgå eit annleis fyrste møte enn Luna og Agne. Då eg fekk tak i Eike i oktober byrja eg å ha litt dårlegare tid på meg til å hente inn informasjon som skulle hjelpe meg å byggje opp manus. Eike fekk eg tak i gjennom ein e-post der eg spurde om vi kunne slå av ein prat så eg kunne fortelje litt om prosessen min. Dette blei hen med på og vi hadde ein samtale som varte i rundt 15 minuttar, der eg fekk dekt det meste av det eg informerte Luna og Agne om. Min originale plan med denne telefonsamtalen var at vi skulle få planlagt betre tid til å prate saman om prosessen, samtykkeskjema og oppgåvene, men Eike var positivt innstilt til det eg hadde å seie så prosessen endra seg i augneblinken. Den største forskjellen var at Eike ikkje fekk prøvd ut skriveoppgåvene på same måte som Luna og Agne, og fekk berre skildring frå meg på telefonsamtalen om det, før hen skreiv og sendte dei tilbake til meg. Vi avtalte ein frist for oppgåvene og tekstane eg fekk tilbake bar ikkje teikn på misforståing. Eike, som Agne, nemnde òg at hen hadde tidlegare prøvd å uttrykke seg gjennom tekst om sine opplevingar, og at hen tykte prosessen verka spanande.

Eike har, i den fyrste oppgåva (sjå figur 7), fortalt om frykta hennar for å ikkje kunne vere tilstrekkeleg nok i arbeidet om å støtte sine

nærmaste. Som pårørende etter 22. juli er det ein vanskeleg situasjon

mi største frykt er å ikkje forstå, der har eg jo ingen grunnlag for, heller. [...] eg likar ikkje å grine, vise svakheit, har derfor haldt meg sterk. gret aldri, i alle fall sjelden. [...] er meir bekymra for at det ligg noko her som burte vore omarbeidd, som ikkje er det.

Figur 7: Eike sin fyrste tekst

at hen aldri kan forstå korleis hendingane kjennast på kroppen for dei overlevande. I tillegg reflekterer Eike over korleis hen har arbeidd med hendingane sjølv, og om hen framleis har noko som ulmar under overflata som treng tilarbeiding.

Andre teksten handla om ein redsle for brann (sjå figur 8).

Dette er ein redsle Eike ikkje har noko ubehageleg oppleving frå tidelegare, og hen seier difor at hen ikkje har noko grunn til å ha denne redsla. Eg har med dette utdraget frå teksten hens, fordi det er interessant korleis frykt kan utvikle seg, sjølv når ein ikkje har ein erfaring som tilseier at ein skal vere redd.

eg har jo ingen grunn til å vere så redd for flammar, eg har jo aldri opplevd ukontrollerbar eld eller brann på noko vis, så eg anar ikkje kvar dette kjem frå...

Figur 8: Eike sin andre tekst

I refleksjonsteksten sin skreiv Eike om panikk, verneinstinkt og sjølvvaretaking (sjå figur 9). Her reflekterer Eike over korleis hen haldt roa når meldingar kom inn om skyting på Utøya og livet i ettertid som nær relasjon til overlevande. Den siste setninga i figur 9 blei ein viktig inspirasjonskjelde til vidare utvikling av manus, som vil utforskast i 4.8 og 5.5.

sjølv om eg ikkje har opplevd det hen har, så blir eg likevel påverka gjennom det daglege; sjekking av rømmingsveggar, mistru mot menneske som oppfører seg litt annleis. det skjer så mykje i verda, ofte så uventa, på uventa tidspunkt og stader, difor er det kanskje ikkje så rart at man iblant blir litt paranoid.

men; det er farleg å leve, det veit vi jo.

Figur 9: Eike sin tredje tekst

Den uformelle intervjusamtalen blei fyrste gong eg fekk snakka med Eike andlet til andlet. All vår tidelegare korrespondanse hadde vore via e-post eller telefonsamtale. I samtalen med Eike vil eg leggje vekt på korleis hen oppfattar samfunnet i åra som har gått sidan den 22. juli, 2011. I spørsmål rundt det å gløyme kva som skjedde, forklarar Eike at haldninga kjennest litt som om samfunnet trekker litt på skuldrane med tanke på denne dagen. Her snakka vi for det meste på eit politisk plan, men det medmenneskelege var òg med i diskusjonen. Eike uttrykte følgjande:

[D]ei kreftane som gjerningsmannen representerte då, dei finst der definitivt framleis. Dei finst kanskje i endå sterkare grad no enn dei gjorde då. Og det skremmer meg litt. Ikkje litt. Det skremmer meg veldig.

Her ser vi ein korrespondanse i det eg har lagt vekt på frå intervjusamtalane med Agne og Eike. Det eg hentar frå dette, og som eg tar med vidare i 4.8, er at det handlar ikkje om å hugse på alle detaljar frå sjølve dagen, at det å gløyme ikkje er snakk om detaljar; det er snakk om å ikkje lære av det som skjedde, og kan dermed forårsake at dei som ikkje har moglegskap til å gløyme fryktar at noko slikt kan skje att.

Dette meiner eg går hand i hand med bruken av frasen "Utøya-kortet". Politikarar har brukt dette uttrykket i debattar på ein negativ måte som antyda at det var ein ståstad Arbeiderpartiet brukte for å styrke stemmemålingar (sjå 1.3). Som Luna nemnde var Utøya-kortet noko hen hadde all rett til å bruke sidan dette var ei erfaring som hen hadde og som kjem til å vere ei drivkraft i hens liv. At det er naudsynt at Agne må påpeike at det ikkje er noko siger å ha dette "kortet" for hand. Og Eike som likt med dei to andre kjenner på eit sinne. Eike poengterer òg at sjølv om hen blir sint, så er det gjerne ikkje er noko vits å bli sint på folk som drar fram denne frasen, for

det er folk som "blir trigga av at andre blir forbanna på dei" (Eike). Utøya-kortet kjem eg tilbake til i kapittel 5.5.

4.5 Introduksjonen

Dei tre fyrste sidene i manuset mitt skreiv eg lenge før eg byrja på masteren min. Desse sidene var i utgangspunktet skrive på engelsk. Eg hadde satt meg ned ein dag etter at eg var lei av å kjenne på katastrofetankar utan at nokon skulle vite korleis det var og ønskja å lage noko som kunne forklare. Men etter tre sider satt eg bom fast og kom meg ikkje vidare. Starten på manuset blei gløymd og dukka ikkje opp igjen før våren 2022. Då skulle den vise seg å hjelpe meg med kva eg skulle forske på. Trongen som hadde dukka opp då eg skreiv desse sidene kom fram att i ønskje om å skape eit teatermanus og fokusere på det å vere skribent. Gjennom kunstnarisk forskning får eg leggje fram prosessen min og sjå på kva det er eg tykkjer har fungert og kva som treng meir utvikling. I tillegg fekk eg sjans til å arbeide med eigne katastrofetankar, samt å lese tekstar og snakke med informantane om det dei har med seg vidare etter 22. juli.

4.6 Måne og Storm

Her skal eg ta føre meg korleis eg kom fram til dei to karakterane, Måne og Storm. At eg allereie hadde eit utdrag av ein start på manuset gjorde at eg fort konkluderte med å ville fortsette i sporet av å skape ein dialog. Dermed tok eg avgjersla om å berre ha to karakterar tidleg i prosessen. Det var aldri ein tanke bak prosessen at eg skulle skape karakterar som var basert på informantane mine, men heller at deira erfaringar – samt mine egne – skulle leggest i ei skål og blandast saman til ein karakter, Storm.

Det var heller ikkje lett å finne dei riktige namna. På eit tidspunkt heitte Måne for "Sol" og Storm heitte "Ravn". Eg ville gjerne at namna skulle tyde noko, i tillegg til at eg ønskja at dei skulle vere ukjønna. Eg var til og med innom ein ornitolog si side for å høyre korleis ein Ravn klarte seg i ein storm (Solheim, 2022). Grunnen til at eg landa på Måne og Storm var ein tanke om at månen påverka havet, som igjen kunne blåse opp til storm. Dette var berre i mitt eige hovud, og vala eg tok om namn har ingen faktabasis, sjølv om det er forskning som viser til at månen har ein aldri så liten påverknad på vêret, gjennom effekten på flo og fjære (Hassel, 2012). Måne som namn kan vere ei påminning om "the dark side of the moon", eller mørksida av månen. Vi har noko som skin tydeleg og klart, er høvesvis vakkert, men som skjuler halve seg. På mange

måtar tykte eg dette var ein fin allegori til samfunnet vårt, blant anna med tanke på terrorisme. Vi likar å berre sjå vår beste side, men vi har ei mørk side vi må ta tak i.

Men Måne blei òg forma gjennom samtalar eg hadde med personar som lurte på kva det var eg skreiv masteroppgåva mi om. Her kom feltarbeid meir inn i spel; eg forklarte kva eg ønskja å vektleggje, og personar som hørde på kom med innspel. Blant anna var det gjennom ulike samtalar med personar frå utsida som forma ei scene i manus der Storm poengterer at det aldri har vore meininga at andre som ikkje blei personleg påverka av 22. juli skal gå rundt og tenkje på det:

STORM: (frustrert) Du forstår jo framleis ikkje. Det handlar faen meg ikkje om at andre skal tenkje på terror heile jøvla tida. Det handlar ikkje om at venane mine ikkje er støttande nok. At ukjente ikkje forstår meg. Det handlar ikkje om dei eg møter kvar dag. Faen heller, det forstår eg at eg ikkje kan forvente. (Vedlegg #6, s. 19)

På same tid ville eg gjerne at Måne skulle representere fleire rollar i samfunnet vårt, blant anna gjennom politiske figurar og

medmenneske. Dette kom endå tydlegare fram i andre utkast, men er framleis noko eg arbeider med (sjå 5.4).

Utviklinga av Storm skjedde fortløpande i prosessen. Medan eg forma denne karakteren var terrorhendingane den 22. juli drivkrafta i hen, men eg ønskja ikkje å leggje fram Storm som overlevande eller pårørande til denne spesifikke dagen. Erfaringane til informantane og meg sjølv var meir eit utgangspunkt i det traumatiske som skapar katastrofetankar. I manuset kjem det fram at Storm har ei erfaring med terrorisme, men det blir ikkje forklart kva spesifikk erfaring hen har. På side 19 i vedlegg #6 uttalar karakteren seg:

STORM: Er det sånn du trur folk ser meg? "Terrorskadde Storm"?

Gjennom den fyrste delen av dialogen kjem det hint til eit traume som har hendt, men det er fyrst her at det blir heilt tydeleg at det er terrorisme som er grunnen til at Storm har katastrofetankar. Eg har ikkje utvikla ein bakgrunnshistorie for Storm fordi eg ønskjer at så mange som mogleg som har katastrofetankar skal kunne kjenne seg att og ikkje bli distansert frå karakteren. Men det var denne karakteren som vaks mest med tanke på tekstane til og samtalanane

med informantane. Storm fekk nye synspunkt og handlingar basert på dataa eg fekk frå informantane. Til dømes fekk alkohol ein større rolle i manuset på grunn av samtale med Agne, samt tekstane til Agne og Luna, der dei begge tok opp at sosiale aktivitetar var meir overkommelege dersom alkohol var tilgjengeleg.

Likt som med Måne, ville eg at namnet skulle tyde noko. Med Storm er det ein litt meir innlysande grunn for valet enn det var for Måne. Det var viktig at namnet hadde ein styrke i seg, då eg ikkje ønskja at det å snakke om katastrofetankar skulle vere ein svakheit, men heller vise til ein karakter med mykje kraft i seg. Det handlar om stormen av kjensler og ønskje om å bli høyrte. Tanken var at karakteren var ein storm som ikkje kan ignoreras, som kanskje til og med kan endre noko.

4.7 Den gjennomgåande flyten

Eg var litt usikker på korleis oppbygginga av manuset kom til å bli, men det tok ikkje lang tid før eg forstod at det ville vere fokus på ein lang samtale gjennom heile framsyninga. Utanom at karakterane går av scena innimellom, likte eg tanken på at det meste som skjer, skjer i åsynet til publikum.

Teksten i seg sjølv er for det meste ein tekst der publikum blir observatør og må skape mening medan handlinga utspelar seg.

Eg har tidlegare definert ein blanding av det episke teateret og monodrama som dramaturgiske modellar for oppbygginga av teatermanuset mitt (sjå 3.4), men dette var ikkje noko eg tenkte på medan eg skreiv. Dramaturgien som modell kom i andre rekke i forhold til kva eg ville replikkane skulle formidle. Dermed blei dramaturgiske formar som det episke og monodramaet noko eg i ettertid fann ut at manuset mitt passa bra til (sjå 5.3).

Dette betyr ikkje at dramaturgi var uvesentleg medan eg utvikla manuset. Mitt syn på dramaturgi i starten av prosessen handla meir om dramaturgi "som betegnelse på det som faktisk skjer i den skapende prosessen" (Gladsø et al., 2020, s. 19). I dette legg eg alt som er naudsynt i å skape eit kunstverk, i mitt tilfelle – eit teatermanus. Tekstane til informantane var ein klar inspirasjon til denne flyten, men det var òg andre ting som dreiv skapingsprosessen framover. Som nemnd i innleiinga har dikt som *Til Ungdommen* av Nordahl Grieg frå 1936 (publisert i 1946) og *Du må ikke sove* av Arnulf Øverland frå 1937 vore store inspirasjonskjelder for meg. Eg byrja å sjå på korleis eg kunne byggje opp eit manus som reflekterte til desse to dikta. Eg vil forklare dette nærare, men eg vil presisere at her er det eigne tolkingar som kjem fram som ikkje er grunna i teori.

Eg skreiv notat for kvart dikt og gjekk gjennom kvart vers. Her henta eg ut den sinnstemninga eg tolka frå dei forskjellige versa

og såg på det som ein flyt som manuset kunne følgje. For å vise til eit konkret eksempel kan vi sjå på vers nr. 5 av *Til Ungdommen*:

*Edelt er mennesket,
jorden er rik!
Finnes her nød og sult,
skyldes det svik.
Knus det! I livets navn
skal urett falle.
Solskinn og brød og ånd
eies av alle.*
(Grieg, 1946)

Dette verset handlar om likeverd og likestilling. Medan dette ikkje er hovudtema i mitt manus er det likegyldigheita som eg trekk fram her. Etter at diktet har, i dei tidlegare versa, vore innoan krig og nedkjemping av krig gjennom kjærleik og fred, går diktet vidare for å forklare kva det er som kan forårsake krig: svik mot våre medmenneske, urett. Denne forteljinga forsøkte eg å gjere relevant for manuset mitt ved å poengtere at det ikkje er empati som manglar, eller at vi aktivt må vise sympati heile tida. Det er heller motsett: vi må aktivt stå imot apatien. Likegyldigheita over korleis andre lev må

vere i fokus. Apatien må knusast, for om vi ikkje arbeidar mot den vil det vere difor hatet får lov å vokse. På denne måten inspirerte òg *Du må ikke sove meg* i vers 15:

Jeg roper i mørket – å, kunde du høre!

Der er en eneste ting å gjøre:

Verg dig, mens du har frie hender!

Frels dine barn! Europa brenner!

(Øverland, 1999, s. 336)

Her ligg ein desperasjon for å komme gjennom til menneske, og ønskje om at det du har opplevd og din forteljing skal vere nok til å få menneske til å ta opp kampen mot hatet. I manuset kan ein sjå at dette er sinnsstemninga eg tar med frå midten av side 29 til slutten av side 31 som tar for seg litt av baa versa eg no har vist til og kulminerer i følgande replikk:

STORM: Det handlar ikkje om sympati eller empati. Det handlar ikkje om å gå og hugse på det verste av det verste. De handlar om å motarbeide apatien. Den jævlige likegyldigheita som berre blir brutt i augneblinken noko like jævlig skjer. Det kan ikkje vere slik at dei som er ein del av

samfunnet skal måtte trenge å oppleve det same for å ta eit standpunkt. Vi er nøydd til å ta vare på kvarandre. (Vedlegg #6, s. 31).

Slik arbeidde eg med kvart av versa. I drøftingsdelen vil eg kome tilbake til korleis dette fungerte i prosessen, og korleis dette inspirerte utviklinga av ulike scenar.

4.8 Samskaping med tekstar

Som tidelegare nemnd var det Luna sin tekst om fobi for insekt eg lagde fyrste seksjon av manuset frå. Replikkane, som startar på botnen av side 11 og ender på side 13 (vedlegg #6), kom lett fram på arket. At manuset kom til å trenge nokre plutselige hendingar på scena var noko eg tenkte på tidleg. Eg var redd for at om det ikkje hadde slike avsporingar, så kunne det bli eit monotont manus, som fort kunne bli vanskeleg med tanke på eit emosjonelt tema og å halde på interessa til publikum. I sjølve teksten sin skreiv Luna at hen måtte stoppe å skrive i nokre minutt, fordi hen måtte drepe ei bananfluge. Denne broten som Luna skildra i teksten sin inspirerte ein liknande brot i dialogen mellom Måne og Storm. Dette var òg det viktigaste formålet med oppgåve nr. 2 – den skulle vere med på å hjelpe å skape ein endring i tekst frå tankar rundt terror. Når eg

vidare nemner scenar som er forteljande og scenar som er hendingar, så er det dette brotet eg siktar til. Det vil seie at ei hending er noko som skjer "her-og-no" og ikkje i den forteljande forma til karakterane som er i hovudfokus og som oftast styrer handlinga framover.

Medan Luna sin flugefrykt momentant skapte eit bilete av korleis scena kunne sjå ut, var nokre av dei andre tekstane vanskelegare å formulere. Eike sin refleksjonstekst hadde nokre element som eg var spesielt interessert i å få med i manuset. Blant anna desse orda gløda sterkt på papiret og ville med: "Men; det er farleg å leve, det veit vi jo. [...] Man kan ikkje la gale menneske styre liva våre" (Eike). Eg valde å endre på denne setninga ved å gjere det om til ei scene der Storm forlangar at Måne skal forklare kvar balansen mellom å vere paranoid og å vere forsiktig går. (Vedlegg #6, s. 24-25). Det var eit anna tilfelle der eg skapte dialog basert på tekstane til informantane som gjekk imot det informantane sa i tekstane sine. Dette drøftar eg i kapittel 5.5.

Som nemnd i 4.4 var målet mitt å ta med eit tekstutdrag til kvar av informantane i det siste møtet for å vise dei korleis eg arbeidde med tekstane deira. Men det dette òg bidrog til var å lage scenar som dreiv handlinga i manuset framover. Når alle møta med informantane var over hadde eg fem-seks forslag til

scenar/handlingar som dialogen kunne lede inn i. Ved å ha desse utsnitta av handlingar blei det enklare å setje saman ein samanhengande tekst. Dermed hjelpte tekstane til informantane meg ikkje berre med nyanserte refleksjonar og viktige poeng, men òg med å skape ein samanhengande tekst.

4.9 Manusutvikling

Eg hadde eit komplett manus. Då meiner eg ikkje at det var ferdig, det var framleis mykje redigering som måtte til. Noko som tok hovudfokus i endring frå fyrste til andre utkast var scenar som kunne bryte med den forteljande flyten (at Storm fortel om frykta si) til handlingar som skjedde i augneblinken på scena. Men det som var klart var kva eg skulle gjere med manuset for den praktisk estetiske eksamenen. Eg tykkjer at den beste måten å finne ein flyt på er ved å høyre på andre lese opp det du sjølv har skrive. For å førebu meg til den praktisk estetiske eksamenen fekk eg to hjelparar til å møte meg ei veke før og vi hadde ei ilesestjring av manus. Det vil seie ein høgtlesing der tekst står i fokus, dette er inga iscenesetjing. Medan dei las markerte eg områder der setningsoppbygginga kunne forbedrast og vere meir forståelege. Men eg såg òg korleis ei scene som var forteljande kunne endrast til ei handling. Den praktisk estetiske eksamenen blei ein motiverande faktor for meg å arbeide

vidare med utviklinga av manus. Difor er denne eksamenen ein del av min empiri. Fyrste gjennomkøring av manus hjelpte meg med å finne formuleringar som ikkje gav meining eller som eg ville gjere tydelegare. Den gjorde meg meir merksam på dynamikken mellom Storm og Måne, og det var i omarbeidinga etter denne fyrste gjennomgangen at eg blei meir viss på Måne som ein oppdikta karakter. Med dette meiner eg at eg tok valet om at Måne skulle vere nokon som Storm skulle ønskje hen kunne prate med. Måne er ikkje ekte, men Storm sin innbiling, eller eit fantasifoster. Å utforske dette aspektet bydde på nokre utfordringar rundt Storm sin karakter. Det er viktig at dette ikkje blir sett på som ein vrangførestilling, men heller som eit utslepp for kjensler som Storm ikkje opplev at hen får i kvardagen. Korleis eg prøver å løyse dette kjem det meir om i 5.4.

Ein ting som slo meg etter at eg hadde fullført andre utkast var at eg hadde på eit eller anna tidspunkt bestemt meg for at manuset ikkje skulle vere lenger enn rundt 40 minuttar. På ein eller anna måte har eg tenkt at manuset skulle passe inn i tidsperspektivet rundt den praktisk estetiske eksamenen. Det skal seiast at eg meiner at eit manus ikkje treng å vere så langt for å få fram det som skal bli sagt. Samstundes såg eg at eg hadde jobba hardt for å få med så mykje eg kunne av det informantane hadde delt med meg, og dette førte til at

nokre av dei viktige punkta eg ville få fram falt til kort. Blant anna skriv eg litt om katastrofetankar på side 9 i vedlegg #6 (utdrag i 5.2), men i staden for å skrive litt meir om dette bryt eg av samtalen ved å få Storm til å finne fram alkohol. Konsekvensane av tidsavgrensinga på teatermanuset kjem eg tilbake til i 5.5.

5.0 Drøfting

Skapinga av eit teatermanus gjennom prosessen eg har forklart og grunnlagt i dei førre kapitla har ført til ein del poeng som må vidare utforskast. Kva har fungert bra i denne prosessen, og kva kan forbeistrast? Eg vil fyrst sjå på korleis planlegginga endra seg frå verkstad til samtalar på tomannshand, og eg vil drøfte prosessen rundt innhentinga av data (5.1). Vidare vil eg utforske korleis teorien har styrka drivkrafta bak budskapet i manuset (5.2), for så å ta for meg vala eg tok som forma strukturen og dramaturgien (5.3). I 5.4 ser eg på utviklinga av Måne og Storm som karakterar og rundar drøftingskapittelet av med å sjå på utvalet av tekstar og drøftar korleis dette har endra seg frå røyndom til fiksjon (5.5).

Nokre ting å vere merksam på gjennom dette kapittelet er dei direkte sitata frå informantane mine. Likt som i empirikapittelet hentar eg sitata frå transkribering av lydopptak frå intervjusamtalane. Noko som er annleis i underkapitla 5.3-5.5 er at her er det ikkje snakk om kva eg *kunne* gjort annleis eller val som ikkje kan endrast på, men heller kva eg framleis *kan* endre på i arbeidet mot å ferdigstille teatermanuset.

5.1 Innhenting av data

Det er ein ting som eg har tenkt på frå starten av: Korleis ville denne prosessen ha sett ut om eg hadde arbeidd med informantane som deltakarar i ein verkstad? Her er det spesielt samtaleskifte og diskusjonar som eg trur ville vore interessant. Eg ser for meg at med ein verkstad kunne fleire tema ha blitt nemnd sidan ein person sin kommentar ville leia til ein ny idé frå ein annan person.

Diskusjonane i plenum kunne gjort at informantane kom fram til nye refleksjonar som dei ikkje tidlegare hadde tenkt på. Eg trur at med ein verkstad ville det nok vore meir data å bryne seg på i utviklinga av manus enn det eg fekk gjennom dei uformelle intervjusamtalane.

Tekstskrivninga hadde eg hatt meir kontroll over i ein verkstad, sidan eg hadde vore til stades og eg kunne sjå at metoden om å skrive utan stans blei oppretthaldt. Deltakarane kunne stilt spørsmål om det var noko som var uklart og vi hadde tatt ei runde saman for å prøve ut. Om nokre av deltakarane då ville vore villige til å høyre teksten sin lese høgt (eventuelt hadde eg brukt eigen tekst) kunne dette satt i gong ein viktig og sær relevant samtale.

Det eg ser no i ettertid er at ved å gå vekk frå verkstad til samtalar ein-til-ein mista eg moglegskapen for observasjon av informantane. Min opphavlege tanke med observasjon var at eg kunne bruke kroppsspråket til deltakarane som inspirasjon for å

forme dei fysiske handlingane til Måne og Storm, og dermed etablere truverdige karakterar. Til trass for at eg fekk observert litt under intervjuva var det ikkje til å leggje skjul på at eg blei ein meir aktiv samtalepartner i intervjusamtalane, og dermed fekk ikkje observasjon eit like stort fokus som eg opphavleg planla.

Alt dette sagt så meiner eg at meir data og observasjon ikkje ville ført til ein betre dramatisk tekst. I intervjusamtalane fekk eg eit meir personleg innblikk i informantane som eg møtte, og eg kunne sjå likskapar og skilnadar frå person til person. Blant anna var dei alle tre ganske samstemde over bruken av Utøya-kortet og den type uttrykk. Skilnaden låg ikkje naudsynt i meiningane deira, men kanskje heller i tolkinga av spørsmåla mine og kva dei hadde lyst å få fram. Altso var det eit fokus som eg fekk frå alle tre som var forskjellige og dermed bidrog til at perspektivet til både Storm og Måne blei utvida og utfordra.

Eg vel å ikkje drøfte om skriveoppgåve som metode har funka bra. Denne metoden har vore utruleg kjekk å jobbe med, og inspirasjonen som tekstane til informantane mine har gitt meg har sørga for eit kreativt input gjennom heile skriveprosessen, då med tanke på både masteroppgåva og teatermanuset. Dette meiner eg kjem tydeleg fram i empirikapittelet. Eg vil her heller sjå på korleis denne metoden har

fungert med tanke på det performative paradigmet og den kunstnariske forskinga, samt utvalet av spesifikke setningar ved hjelp av glødande data. Eg vil òg sjå på skriveoppgåvene som metode for å hente inn data til eit etnodrama.

Som tidlegare nemnd var ønskje om å bruke skriveoppgåver for å hente inn data sterkt. Metoden var så viktig for min prosess at framgangen blei tungt påverka og forma for å romme desse skriveoppgåvene på best mogleg måte. Så korleis passa den inn med det performative paradigmet? For det fyrste har eg verken bevis eller motbevis på at dette er ein etablert metode for å hente inn data. Dermed har metoden ikkje berre forma prosessen, men prosessen har òg forma korleis eg har brukt metoden, og korleis det kunstnariske materialet har påverka meg i forskinga. Gjennom dette samspelet kan vi kjenne att det performative paradigmet. "Performative research, then, does not seek to represent the world, but engage with it, producing new insight and situated knowledge" (Østern et al., 2021, s. 14). Forskingsdataa er ikkje noko som representerer verda akkurat slik den er, men noko som blir skapt i samspelet mellom forskar, data og prosess. Måten skriveoppgåvene har inspirert utviklinga av teatermanuset var ikkje noko som var ein fasit i seg sjølv, men som blei ein del av min prosess fordi eg hadde dei informantane eg hadde og fordi eg var forskaren. Effekten av

skriveoppgåvene var noko eg måtte finne ut av i løpet av prosessen, og med det performative paradigmet fekk eg samskape med materialet eg samla inn.

Skriveoppgåvene var òg ein metode eg brukte til å få informantane sine refleksjonar samla inn på eit vis som bidrog til den kunstnariske forskinga. I kapittel 2.5 nemner eg at eg ønskja at informantane skulle ha eit forhold til det kunstnariske resultatet som var teatermanuset. At dei kunne kjenne att sine egne ord innimellom replikkane meiner eg bidrog til nettopp dette. Sjølv om skriveoppgåvene aldri var meint som eit kunstnarisk arbeid for informantane, så tykkjer eg at refleksjonane deira, og fleire av setningane, var flotte formuleringar som eg gjerne ville bruke direkte inn i teatermanuset. Dermed blei skriveoppgåvene ein måte å forske med kunsten på. "We can justifiably speak of artistic research [...] when that artistic practice is not only the result of the research, but also its methodological vehicle, when the research unfolds *in and through* the acts of creating and performing" (Borgdorff, 2011, s. 46). Ved at informantane skapte tekstane sine for meg til å bruke som data blei skriveoppgåvene eit kunstnarisk verktøy for prosessen rundt å skape eit teatermanus. Skriveoppgåvene var det fyrste steget inn i denne utviklinga, og prosessen gjekk vidare til utval og

formuleringar som eg gjorde i teatermanuset ved hjelp av glødande data.

Noko som er interessant med skriveoppgåvene for innhenting av data er at den kan verke veldig annleis for ein annan forskar. Der eg fekk eit stort kreativt utbytte av å sjå på og ta med informasjon frå tekstane inn i teatermanuset, kan ein annan føle at tekstane stoppar den kreative prosessen. Med skriveoppgåvene meiner eg at det er viktig å ha eit opent sinn for korleis det kunstnariske resultatet skal ende opp. Dette meiner eg at glødande data hjelp med som metode for å analysere tekstar. Der andre metodar for å analysere forskingsdata stagnerer prosessen fordi ein aktivt leitar etter noko som kan likne ein fasit, lar glødande data deg som forskar å sleppe taket på kva ein forventar å finne (MacLure, 2013, s. 228). I ein kunstnarisk forskingssamanheng, under det performative paradigmet, har glødande data latt meg sjå på tekstane til informantane utan å prøve å finne setningar som passar til det eg har sett for meg at skal passe inn i teatermanuset, men heller hjelpt til i situasjonar der det ikkje var tydeleg korleis manuset skulle fortsette. Dømer på glødande data er figurane i kapittel 4.4.1-4.4.3.

5.2 Å leggje grunnlag for manus gjennom teori

I starten av kapittelet mitt om teori forklarar eg kva eg legg i omgrepa katastrofetankar og frykt for terrorisme. Eg går òg inn på tematikk rundt PTSD, PTS og PTV. Her vil eg leggje fram grunnane til at eg har valt å informere om dette og kva eg trur dette har gitt meg i laupet av prosessen.

Frykt for terrorisme og katastrofetankar tenkjer eg i hovudsak er ganske innlysande då dette er tematikken som manuset mitt tar opp, og grunnlag for utvalet eg har gjort av informantar. Men å definere desse omgrepa, spesielt katastrofetankar, gav meg inspirasjon som kunne bidra til ulike element og scenar i manus. Det gir meir mening i manus når ein har kontroll på definisjon av katastrofetankar som den underliggjande og uvitande tenkinga til Storm. Ordet i seg sjølv blir nemnd få gongar, men ligg til grunn for det meste Storm og Måne diskuterer. Å definere katastrofetankar som det engelske omgrepet "intrusive thoughts" (sjå 3.1) var hjelpsam for meg då eg skreiv replikkane til Storm og spørsmåla til Måne. Definisjonen om at katastrofetankar er noko som kjem ubydd og plutselig hjelpte til med å få fram eit perspektiv i manuset:

"MÅNE: Eg trur det er mange som kan kjenne på panikk innimellom i møte med situasjonar som ein ikkje har noko særleg kontroll på.

STORM: Det tvilar eg ikkje på. Men det er ikkje som om eg får panikk kvar gong eg har ein katastrofetanke.

MÅNE: Nei, men kva meiner du då? Kor mange gongar i året har du katastrofetankar?

STORM: I året? Mest sannsynleg 365 gongar." (Vedlegg #6, s. 9)

Perspektivet her er med på å leggje fram at katastrofetankane kjem titt og ofte, men at dei kan variere i alvorsgrad. Ein katastrofetanke kan bli utløyst av ein høg lyd frå andre sida av gata.

"Sanseopplevelser i etterkant av den traumatiske hendelsen vil kunne sette i gang opplevelser av fare og grufullhet fordi de er så nær knyttet til dette minnet" (Dyb & Jensen, 2019, s. 25). Dyb og Jensen snakkar her om situasjonar knytt til traume, spesifikt om 22. juli. Dei nemner blant anna at høge lydar eller folk som sprang var noko som mange overlevande framleis hadde sterke, emosjonelle reaksjonar til fleire år seinare (Dyb & Jensen, 2019, s. 25). Her drar eg ein samanlikning mellom "intrusive thoughts", PTS og PTSD.

Katastrofetankar kan vere alt frå sterke, emosjonelle reaksjonar, til

ein tanke som dukkar opp ut av det blå, som du lettare kan leggje frå deg. Dette er spekteret for katastrofetankane til Storm som hen pratar med Måne om. Gjennom manuset er det katastrofetankar i ulike alvorsgrader som gjer at Storm treng å ha ein dialog. Eg meiner at fordi eg har eit så vidt spekter på katastrofetankar, så vil fleire som ser/les teaterstykket kunne kjenne seg att. Med andre ord prøver eg å få fram at Storm slit med symptom av posttraumatisk stress (som eg i 3.1 forklarar som PTS), men at eg ikkje spesifiserer at dette har noko med PTSD eller PTV å gjere, nettopp for at fleire då kan relatere til katastrofetankane. Fokuset mitt på å ha med PTSD, PTS og PTV kjem frå mitt eige ønskje om å skape eit teatermanus som kan ta opp tema rundt frykt for terrorisme, rundt katastrofetankar. Eg nemnde i innleiinga at ei drivkraft for meg var å ikkje skulle føle på katastrofetankar aleine, fordi eg trur at fleire har katastrofetankar og at dei kjenner seg aleine i dette. Å utdjupe spesielt PTS blei viktig for oppgåva fordi det relaterer til katastrofetankar, og vitskapen om PTS gir fleire nyansar til karakterane eg skulle skape. Å forme karakterar utan å ta eit dukk inn i psyken deira meiner eg ville vere eit slapt forsøk på å skape noko som eg ønskjer publikum kan reflektere og/eller relatere seg til. Difor blei det eit viktig poeng å ha med, då det er utforminga av eit teatermanus som står i fokus i denne

masteroppgåva. Det gir eit innblikk i korleis eg har arbeidd fram den fiksjonelle dialogen.

PTV blir på mange måtar eit personleg mål for meg som forskar. I dette legg eg at eg får skrive ein masteroppgåve som handlar om eit tema som ligg djupt rota i hjartet mitt, og eg får brukt feltet mitt til å bidra til vidare medvit om katastrofetankar. Det same kan eg seie om teatermanuset eg har forska fram. Eg drar fram eit tidlegare døme frå Wold og Uverud om den staden der det før hadde vore ein parkeringsplass, er det no eit symjebasseng (Wold & Uverud, 2019, s. 75) (sjå 3.1). Masteroppgåva og teatermanuset er mitt vetle lys i mørket. I det som før var ei trong for å få ut vonde tankar rundt terrorisme og katastrofetankar, er det no eit andre utkast av eit teatermanus og ei ferdigstillt masteroppgåve.

Eit aspekt som blei viktig å ta stilling til var katarsis. Eg vil utbrodere korleis eg vonar katarsis kan vere eit viktig konsept for publikum sine refleksjonar rundt teatermanuset mitt. I starten tenkte eg at katarsis ikkje skulle vere så viktig, eller eit mål, når eg utvikla den dramatiske teksten. Dette var fordi eg ønskja å skape ein tekst som kunne vise andre korleis det er å leve i denne livsverda som informantane mine fortel om. Difor var det nesten eit ønskje om det motsette – eg ville ikkje at publikum som ikkje kjente på det same

skulle få oppleve ein form for reinsing. Det var ein liten del av meg som var småleg nok til at eg ikkje unna publikum ein slik oppleving. Men lesinga av Heath sin omsetjing samt fororda hans (Aristoteles & Heath, 1996) gjorde meg merksam på at det kunne vere ein anna tyding av katarsis som var viktigare enn min eigen frustrasjon over å ikkje bli forstått. Som nemnd i 3.3 var det tanken om å kjenne på den rette mengda kjensle til den rette situasjonen som fekk tankane til å spinne. Målet blei at publikum som sjølv hadde opplevd eit traume som terrorisme kunne kjenne seg att i frustrasjonen til Storm og dermed gi denne gruppa menneske eit utløp for sine kjensler. For at dette skal gi meining må vi sjå tilbake på den drivkrafta som dreiv meg til å skrive den fyrste delen av teatermanuset (sjå 4.5): eg var lei av å ha alle desse katastrofetankane utan at nokon skulle vite om dei, og eg ville at nokon skulle kjenne seg att i dei, så eg ikkje skulle føle meg så aleine. Grunnen til at eg spesifiserer dette igjen er fordi at eg ikkje fekk eit utløp. Wold og Uverud fortel om debrifing, det å gjenfortelle ein situasjon som har vore spesielt vond for å reinske hovudet. "Tanken bak er at på samme vis som man vasker av seg [...] blod etter å ha tatt hånd om et såret menneske, har psyken også behov for en form for rengjøring" (Wold & Uverud, 2019, s. 79). Denne reingjeringa kjente eg ein trong til å oppnå etter ti år utan. Over så lang tid har katastrofetankane bygga seg opp, for det har

ikkje vore noko rom for utlufting i eit politisk miljø som meiner at ein drar Utøya-kortet om ein snakkar for mykje om sine refleksjonar. Frustrasjonen rundt å ikkje bli forstått og frykta for terrorisme byggjer seg opp i det stille til ein ikkje lenger har den rette reaksjonen til situasjonen som utspelar seg. Og her er vi tilbake til katarsis. Om eg kunne få ei utlufting for mine tankar gjennom å skape dialogen mellom Storm og Måne ved hjelp av eit dukk inn i informantane si livsverd, kunne teatermanuset framstille frustrasjonen og redsla til Storm på ein måte der andre kunne få eit utløp for sine oppbygde eller undertrykte kjensler og dermed oppnå katarsis. Fordi eg hadde fått ei utlufting i skriveprosessen, vona eg at publikum som kunne relatere seg til tema fekk eit utløp for kjenslene sine gjennom Måne og Storm sin samtale. Slik blei òg katarsis noko som ikkje plutselig oppstod, men låg til grunn gjennom heile manuset, som ønskje mitt tilsa i 3.3. For at dette skal vere mogleg er ein avhengig av skodespelaren si evne til å fremje frustrasjon, men òg at eg som dramatikar får fram dei orda som uttrykkjer frustrasjonen på ein ordentleg måte. Dette vil vere ein del av vegen vidare (sjå kapittel 6.0).

5.3 Dramaturgi og ekstern inspirasjon

Som tidlegare nemnd i 4.7 var ikkje dramaturgi noko eg aktivt tok stilling til før eg hadde skrive ferdig andre utkastet av min dramatiske tekst. Då meiner eg typen dramaturgi i form av det Gladsø et al., definerer som modellar, til dømes "de dramaturgiske modellene *episk, aristotelisk, simultan, metafiksjonell* etc." (Gladsø et al., 2020, s. 20). Altso er monodramaet til Strindberg og det episke teateret til Brecht døme på slike modellar. Eg vil igjen dra fram *Writing in the Raw* av Nirav Chrisophe her, då eg trur at om eg skulle ha retta meg etter ein slik modell så tidleg i prosessen, så ville eg prøvd å forme manuset etter det eg meinte ein dramaturgisk modell tilsa, i staden for å fokusere på tekstane eg ønskja å ha med. Christophe har eit heilt kapittel i boka si dedikert til å skrive utan å planleggje. Dette er framleis i forma av å avkrefte myter om at ein god tekst berre kan bli skapt ved å halde seg til dei mest kjende samfunnsstandardar. (Christophe, 2008, s. 89-92). Eg meiner at i denne omgang har det vore betre å få ut manuset, for så å finne ein dramaturgisk modell, fordi dette då kan inspirere vegen vidare og vektleggje element i manuset som eg ønskjer å få tydlegare fram. At eg no har plassert den dramatiske teksten i eit samspel mellom det episke og monodrama ser eg at vil gi gode idear til vidare utvikling av manuset. I arbeidet vidare ser eg at eg ønskjer å tydeleggjere

standpunktet til Storm rundt å fremje kampen mot terrorisme i det politiske aspektet (sjå dømet i kap. 4.7). Dette vil bidra til refleksjon frå publikum som stemmer med den episke modellen, samt at frykta og frustrasjonen rundt å ikkje bli forstått av overlevande og pårørande etter terror vil kome i fokus gjennom Storm som samsvarar med den monodramatiske modellen (Gladsø et al., 2020, s. 128, 172). Dette meiner eg òg vil ha ein samanheng med det eg skreiv i førre kapittel om utlufing og katarsis.

Teaterstykket enda opp med namnet "Omringa av Fiendar". Her er fiendane delt i to. For det fyrste er fiendane dine eigne katastrofetankar, frykta som alltid ligg under overflata og du ikkje har kontroll på når dukkar opp. For det andre er fiendane òg ein tanke om korleis det verkar som om samfunnet snur seg vekk og ikkje tar med seg erfaringane frå den 22. juli vidare. Tittelen er eit nikk til fyrste strofe i diktet *Til Ungdommen*: "Kringsatt av fiender" (Grieg, 1946). Som uttrykt tidlegare var strukturen på dette diktet ein inspirasjon for å sjå ein potensiell dramaturgisk flyt i teatermanuset. Her starta det rett på med det vonde, i mitt tilfelle, katastrofetankar. Å ikkje kunne unngå desse tankane blei til fienden som krinsar rundt på eit konstant basis. Så her hadde Storm tanken om å prøve å kvitte seg med katastrofefiendane ved å snakke med sine fysiske fiendar: apatiske politikarar og apatiske utanforståande.

Dømet eg viste til i kapittel 4.7 om korleis eg arbeidde med dikta til Grieg og Øverland kjem eg tilbake til her. Det å gå igjennom kvart av versa i dikta og dra fram sinnsstemninga i desse versa gav god inspirasjon til korleis eg kunne leggje opp teatermanuset mitt. Men det eg òg ser er at det er mykje frå desse notata som eg ikkje har brukt, og som eg ønskjer å bruke. Sjølv om det opphavlege idéen var å sjå om eg kunne skape ein dramaturgisk flyt som spegla enten *Til Ungdommen* eller *Du må ikke sove* forstod eg at dette ikkje ville la seg gjere i samspelet mellom skriveoppgåvene til informantane og det etnodramatiske manuset eg ønskja å skape. Det var viktig å halde på balansen mellom det ekte og det fiktive, så om eg skulle følgje nokon av desse dikta på ein slavisk måte ville handlinga ha skifta fokus vekk frå skriveoppgåvene. Men oppbygginga av *Du må ikke sove* har inspirert korleis Storm og Måne talar saman. I mi tolking av Øverland sitt dikt er det nesten som ein dialog mellom to personar: krigsfangen og personen langt distansert frå krigens grufulle konsekvensar. Krigsfangen prøver å forklare situasjonen, prøver å få den distanserte til å forstå, så endringar kan kome i tide til å redde samfunnet. I min dramatiske tekst er Storm lik denne krigsfangen; prøver å åtvare samfunnet frå å snu ryggen til problemet, men

kjenner på ei fortvilning fordi hen trur orda fell på døve øyrer (vedlegg #6, s 27, 31).

Som tidlegare nemnd passar ikkje Brecht sitt episke teater og mitt manus som hand i hanske. Men det er element som er essensielle for prosessen vidare og føremålet med den dramatiske teksten eg skriv når det kjem til dei to ulike utgangspunkta for menneske som ser/les dette teaterstykket. Det er som om publikum blir delt inn i dramaturgiane eg har plukka ut, dei som kan reflektere og dei som kan relatere. Den episke dramaturgien blir viktigare for publikum som ikkje har opplevd traume og ikkje har katastrofetankar eller symptom som fell under PTS. Dei får ikkje utluftinga som Wold og Uverud snakkar om som debrifing (sjå 3.2) og ønskje mitt om katarsis (sjå 3.3) er ikkje mynta på dei. Her er det refleksjonar som står i fokus. Med desse publikummarane er det å reflektere over representasjonen av livsverda som er viktig. Dei får eit innblikk i konsekvensane av traume og teatermanuset tvinger fram vurderingar i dette publikummet. Det er samfunnet sin forståing av terrorisme som er utgangspunktet for tolking for denne delen av publikum (Gladsø et al., 2020, s. 172). I tillegg vil både Storm og Måne vere litt framande for publikum. Her får vi fram *Verfremdung* i at Storm kjenner på kjensler som publikum ikkje kjenner seg att i, men som er ein del av samfunnet, samstundes som

Måne sin fysiske framtoning ikkje er tydeleg: Er hen til stades i det heile? Ved at publikum må stille seg dette spørsmålet, tvingast dei til å vurdere kven denne karakteren er.

Men den andre delen av publikum, dei som har opplevd traume og lev med konsekvensane av dette, vil moglegvis kjenne seg att i forteljinga til Storm. Gjennom desse auga er monodramaet meir relevant. Manuset handlar i hovudsak om å gi eit innblikk inn i katastrofetankane og frykta til Storm. Det er Storm sitt perspektiv som er viktig å få fram, og det er hen sine auge vi ser karakteren Måne igjennom (Gladsø et al., 2020, s. 128). Monodramaet passar betre i lag med mitt ønskje om katarsis. Der den eine delen av publikum ikkje kan relatere til livsverda, får denne andre delen av publikum moglegskap til å kjenne att situasjonane og tankane som Storm fortel om.

5.4 Karakterane

I det andre utkastet av manuset bestemte eg meg for at Måne var ein person Storm innbilte seg at hen snakka med. Dette nemnde eg i delkapittel 4.6. Men ved å ta dette valet var det mykje å ta atterhald til. Det viktigaste for meg er å prøve å finne ein balanse som gjer publikum merksam på at Måne ikkje er til stades, men at Storm ikkje har vrangførestillingar heller. Eg skriv "er å prøve" fordi dette er

noko eg ønskjer å arbeide vidare med og få klarare fram i manus. I fyrste utkast (vedlegg #5) var Måne sin karakter alltid litt diffus. Eg likte tanken på at publikum ikkje skulle kunne plassere Måne, og min fyrste forklaring på hen var at enten var Måne ein ufatteleg dårleg psykolog, eller så var Måne ein utanomjordisk karakter. Eg spelte med tanken på å la heile teaterstykket utspele seg i ein slags limbo, men i samtale med rettleiar blei det tydeleg at å gjere Måne abstrakt på denne måten ville føre til at lesar og publikum ville bruke for mykje tid på å prøve å finne ut kven Måne var. Det var aldri mitt ønskje at Måne skulle dra for mykje av fokuset i manuset.

Det eg var merksam på når det kom til Måne var at dette var ein karakter som eg skapte på bakgrunn av eigne kjensler om å bli møtt i samfunnet med opplevinga etter 22. juli som eg har. Difor blei karakteren basert på mine fordommar; Måne blei i utgangspunktet forma som min idé av ein person som for lengst hadde lagt 22. juli bak seg. Ein karakter som ikkje hadde sjans til å forstå mine erfaringar. Sidan det var eit mål for meg at teatermanuset skulle setje lys på katastrofetankar på ein måte der publikum haldt auga og øyra opne, kunne eg ikkje ha ein karakter som blei så einseitig. Dette meiner eg ville ført til at det reflekterande publikummet kunne bli fornærma og dermed ikkje vere villig til å lytte. For å prøve å breie betre om karakteren til Måne såg eg to løysingar som var moglege

med tanke på tidsramma for masteroppgåva: 1) Måne måtte ha ein bakgrunnshistorie som kunne gjere hen meir sympatisk for publikum, eller 2) Måne måtte vere ein såpass flyktig karakter at det ville vere tydeleg for publikum at eg ikkje prøvar å leggje noko skuld på dei. Spørsmålet til informantane rundt korleis dei blir møtt i livet med deira opplevingar vart viktige for å skape nyanse i Måne sine haldningar. For andre utkast, då eg hadde bestemt meg for at Måne var Storm sitt fantasifoster, blei det enklare å la Måne vere mindre forståingsfull: Måne kunne vere skapt som ein fordom, fordi vi ser Måne gjennom Storm sine auge.

Måne som fiksjonell gjorde at publikum ikkje skulle bli fornærma og funka som ei løysing på det einsidige perspektivet. Med einsidig her meiner eg at informasjonen eg baserte Måne på var frå personar som har erfaringa rundt 22. juli bak seg. Men det var ikkje ein lettvint løysing: Måne som fiksjonell kunne òg skape ei misforståing om Storm sin psykiske helse. Det er nokre dømer i andre utkast som viser til ei hastig avgjersle i forsøket på å fokusere karakteren Måne. Nokre av replikkane er tydelege forsøk på å gjere det klårt at Måne er ein illusjon, men replikkane er så hastige at dei verkar mot hensikta si og gjer at Storm kan verke mindre tilrekeleg. Blant anna på side 20 av vedlegg #6:

STORM: Herregud, eg lurar på kva andre hadde tenkt om meg om dei såg meg no. Snakkande med meg sjølv. Hell i to koppar kaffi.

Her har eg prøvd å gjere det tydeleg at Måne ikkje er til stades. Men replikken ber preg av å vere ei rask avgjersle som ikkje verkar heilt klok og leiar til spørsmål rundt det fysiske nærværet til Måne. For å vere klår er eg overtydd om at det er ei stor mengde menneske som pratar med seg sjølv når dei er aleine, men eg trur ikkje dei set fram koppar til personar som ikkje er der. Difor kan denne replikken bikke over i at Storm er sjuk, og det blir feil. Her må eg vurdere korleis eg vil utvikle Måne sitt nærvær vidare, og eg har to alternativ som eg tykkjer er interessante løysingar.

Den eine er ein litt lettare løysing, utan at det betyr det er ein dårleg løysing. Her vil Måne aldri ta i noko som Storm har tatt i. Det vil seie at Måne i starten av manuset ikkje lenger kan ta i dagboka som hen les i, eller setje på vasskokaren av scena (vedlegg #6, s. 1; s. 4). Det blir eit skifte som vil vere tydelegare for publikum etterkvart som replikkane blir sagt og det blir klårare at Storm snakkar med seg sjølv.

Den andre løysinga er at teatermanuset i si heilheit tar ein meir abstrakt vending. Her vil dialogen og handlingane mellom dei

to karakterane skape uvisse om det som skjer på scena skjer i det heile tatt, eller om til dømes Storm berre drøymer. Her ville eg henta inspirasjon frå teatermanus som til dømes Samuel Beckett sitt *Endgame* (1958) og Zinnie Harris sitt *Meet Me at Dawn* (2017), der handlinga er meir uklår og – i Harris sitt tilfelle – den blir tydlegare for kvar replikk som blir sagt.

Når det kjem til karakteren Storm var eg redd for å lage nokon som framstod som karakteren med eit moralsk overtak. Dette gjorde at eg haldt att når det kom til emosjonelle eksplosjonar av frustrasjonen til Storm i fyrste utkast. Men dette måtte eg leggje frå meg. Her var det to ting som hjelpte meg å sjå dette. Rettleiaren min poengterte at noko av det som mangla i teatermanuset var at Storm var litt for beherska og det var lite brot med den fjerde veggen. Kjenslene kom til overflata, men det kokte aldri over. Eg tenkte så mykje på kva publikum som ikkje har erfaringar med traume skulle reflektere over at eg stilna dei faktiske erfaringane eg har henta inn for å skrive denne teksten. Dette fører meg til den viktigaste grunnen – informantane mine. Dei tekstane som er delt med meg for å skape dette manuset er verkelege, ekte tankar. I samspel med etnodrama ser eg at måten å framstille Storm på, spesielt i fyrste utkast, har vore respektlaust med tanke på informantane sine og mine eigne erfaringar. På mange måtar lar etnodramaet meg lausrive frå denne

tanken om å unngå eit moralsk overtak over nokon, *fordi det eg skriv kjem frå røyndomen*. Saldaña seier det så fint at å ta omsyn til publikum kjem i tredje rekke: "participants first, playwrights second, and audiences third" (Saldaña, 2011, s. 42-43). Det er erfaringane til mine informantar som eg ønskjer å setje fyrst, og då kan eg ikkje gjere Storm til ein karakter som ikkje får sagt det hen ønskjer. Dette ville vore spesielt motseiande med tanke på at eg skriv dette teatermanuset for å setje lys på ei erfaring med grufulle konsekvensar som ikkje kjem godt nok fram i samfunnet vårt.

5.5 I spennet mellom røyndom og fiksjon

I utviklinga av teatermanuset har det vore viktig for meg å gjere mitt beste for å reflektere tankane til informantane mine på ein respektfull måte. Fordi eg ønskja å skape ein fiksjonell tekst, og ikkje ønskja til dømes å skape eit verbatim manus, meiner eg at den beste måten å gjere dette på var via etnodramaet. Å skape eit manus med dette verktøyet gav plass til omarbeidinga som eg har jobba med sidan eg fekk tekstane frå informantane. Sidan det er eit samspel mellom mine erfaringar og informantane sine, og at teatermanuset har viktige element frå autoetnodramaet (sjå 2.9), tar eg med denne perla her frå Saldaña: "I now advocate that you really can't learn how to tell someone else's story until you first or also

learn how to tell your own." (Saldaña, 2011, s. 75). Eg trur at dei erfaringane rundt terrorisme som eg sjølv har med i utviklinga av teatermanuset gjer meg betre på å ta omsyn til erfaringane til informantane mine. Eg veit sjølv kva eg tykkjer er viktig å få fram, og eg vonar at samtalane som eg har hatt med informantane har gjort meg merksam på kva dei tykkjer er viktig. Balansen mellom realitet og fiksjon kan vere vanskeleg å oppretthalde, men Saldaña har nokre tankar rundt dette som eg stiller meg bak:

"This may be difficult for some to accept but, to me, theatre's primary goal is neither to educate nor to enlighten. *Theatre's primary goal is to entertain – to entertain ideas as it entertains its spectators.* With ethnographic performance, then, comes the responsibility to create an entertainingly informative experience for an audience [...]. Ethnotheatre reveals a living culture through its character-participants, and if successful, the audience learns about their world and what it's like to live in it." (Saldaña, 2005, s. 14)

På eit generelt basis likar eg når ein teaterproduksjon gjer meir enn å berre underhalde, men som fundament er eg einig i Saldaña om at det er å underhalde som er målet med alle produksjonar som blir

laga for teaterscena. Om teaterproduksjonen klarer å undervise eller opplyse er dette eit stort pluss og noko eg siktar på at mitt teatermanus vil gjere. Det er òg i tråd med Brecht sitt episke teater. "I det vellykkede episke teater bliver vi både underholdt på et højt kunstnerisk niveau, samtidig med at vi lærer noget om os selv i forhold til de samfundsmæssige vilkår" (Jørgensen et al., 2004, s. 150). Ved bruken av informantane sine tekstar, mine egne erfaringar og ønskje om å vise publikum ei livsverd som er ekte og vond, meiner eg at den dramatiske teksten eg har skapt siktar på å vere noko som publikum kan bli underhaldt av. Samstundes må det som er underhaldande ta omsyn til kvar materialet kjem frå. På mange måtar trur eg at det å bruke skriveoppgåver som handlar om ein tankestraum er spesielt godt eigna til etnodramaet, då eg både har hatt sjans til å bruke direkte formuleringar frå informantane, men òg enklare kunne vise respekt for informantane og forme fiksjonelle scenar, nettopp fordi tekstane er tankestraumar.

I skildringa av informant Luna sin refleksjonstekst i kapittel 4.4.1 (figur 3) nemner eg at eg val å endre tydinga av Luna sin siste setning i hens tekst: "Det skjer jo ikkje to gongar, det som skjedde med meg."

MÅNE: Og du klarer ikkje tenkje at fordi det allereie har hendt, så er det endå mindre sannsynleg at det skjer på same måte?

STORM: Hah, det er heller omvendt. Fordi dette skjedde ein gong, kvifor i alle dagar skulle det ikkje skje att? Berre fordi eg har opplevd terror betyr ikkje at eg plutseleg er immun. At eg har mindre sjans for å oppleve det att. Det er same sjansen som det var den gong. (Vedlegg #6, s. 25).

Denne endringa syns eg var eit skummelt val å ta, fordi det er ein mykje betre haldning å tenkje at slikt ikkje skjer to gongar. Eg tykte òg det var ubehageleg å tenkje på at dette kunne endre ein veldig rasjonell tankegong hjå menneske som har opplevd terrorisme eller andre former for traume. Grunnen til at eg enda med å ta dette valet var den 25. juni, 2022 – terrorhendingane som tok stad ved London Pub i Oslos gater mot LGBTQ+ miljøet. I området var nemleg fleire overlevande etter 22. juli til stades (Solheim et al., 2022). Ein realitet som er vond å forstå, men som for meg blei viktig å vektleggje i manuset. Dette er ikkje for å spreie frykt, men kanskje heller for å vise til at i samfunnet vårt som det er no, der folk brukar uttrykk som Utøya-kortet og dyssar ned på dei grufulle konsekvensane av terrorisme, er ikkje katastrofetankar heilt irrasjonelle. Dette er

sjølvsagt ingen varm tanke, men å formidle katastrofetankar som noko attkjenneleg er viktig for utviklinga av manuset.

Eg gjorde noko liknande med Eike sin refleksjonstekst og setninga om at "det er farleg å leve, det veit vi jo" (sjå figur 9 i kap. 4.4.3). Her endra eg ikkje på det Eike poengterte, men utbroderte heller ved å lage ein dialog mellom Måne og Storm:

STORM: Altso, folk snakkar om at ein ikkje må vere så forsiktig at ein ikkje klarer å leve, sant?

MÅNE: Ja?

STORM: Men folk seier jo òg at ein ikkje må vere naive eller utsetje livet sitt for fare. Det er sånn ein blir offer for til dømes snøskred.

MÅNE: Så?

STORM: Så kvar går grensa? Når er det greitt å la frykta styre, og andre gangar blir det feigt? (Vedlegg #6, s. 24-25).

Grunnen til at eg valte å skape ei scene der desse spørsmåla kjem fram tar oss tilbake til drivkrafta bak å ville skape eit teatermanus i det heile: å ikkje la andre føle seg aleine i frykta si. Eg meiner at, i staden for å konstatere at det er farleg å leve og at ein ikkje kan la dette stoppe seg frå å leve (som eg elles er heilt einig i), så kan det

vere fint å sjå ein samtale der spørsmåla ein har i tvilens stund blir stilt. Ein er ikkje nøydd til å vere standhaftige og rasjonelle til alle tider av døgnet, og eg trur at ved å vise Storm frå ein meir usikker side, vil fleire i publikum kunne empatisere.

Avslutninga på teatermanuset er ein kort monolog frå Storm til publikum. Hen har tatt avskjed med Måne og seier alle spørsmåla som går gjennom hovudet hans når hen skal på teater. Heile denne siste replikken er Agne sin refleksjonstekst (sjå figur 6 i 4.4.2). Den einaste endringa eg har gjort i teatermanuset er å byte ut ordet "konsert" med "teater" eller "framsyning". Då eg las denne teksten frå Agne skjønnte eg fort at eg ville ha den med i si heilheit. Det tok ikkje lang tid før eg byrja å tenkje på denne teksten som ein moglegskap for avslutning. Grunnen er at desse spørsmåla var spørsmål eg sjølv kunne tenkje ved spesielle anledningar. Og om eg, som ikkje er overlevande frå Utøya, kunne ha dei, så trur eg det er mange som er påverka av traume i baner med terrorisme som kan relatere til dei. I tillegg var dette ein moglegskap for Storm å bryte med den fjerde veggen og snakke rett til publikum. Her ville folk som ikkje tenkjer i slike linjer få eit direkte innblikk i ein tankegang som øydelegg for nyting av alt det sosiale livet har å tilby. Dei to siste setningane i denne replikken ("Er framsyninga ferdig alt? Ja, ja." vedlegg #6, s. 32) kan vere satt litt på spissen, med tanke på at

framsyninga er ferdig, men fordi det er ein tekst frå informant som passar så bra med brotet i den fjerde veggen, kjem denne avslutninga til å stå.

Noko som kan diskuteras i vala eg har tatt, kanskje spesielt med tanke på Luna sin tekst, er forholdet mellom å skrive om andre sine meiningar og blande dei saman med mine egne. Sjølv trur eg at katastrofetankane eg lev med dukkar opp titt og ofte fordi eg ikkje klarer å tenkje at sånt ikkje kan skje om att. På denne måten blei spesielt scena rundt Luna sin tekst omforma fordi eg har ein anna haldning til akkurat dette med mogleg repetisjon av terrorhendingar. Det å ha forskjellige oppfatningar har eg tenkt over i utforminga av manuset og spørsmålet er om eg fann ein god balanse på mine egne refleksjonar og det informantane delte med meg. Starten på manuset kom frå ei tid før eg starta masterlaupet, så tanken om korleis handlinga skulle sjå ut på ei scene har ikkje vore påverka av informantane sine erfaringar (sjå 4.5). Det er ikkje godt å seie på kva måte manuset ville vore annleis om denne tanken ikkje allereie hadde vore forma, men det er i slike augneblink at eg som forskar må minne meg sjølv på at mine erfaringar òg har ei rolle i manuset. Som forklart i 2.9 har utviklinga òg vore inspirert av format til eit autoetnodrama. Utgangspunktet for å skrive eit teatermanuset var mi eiga drivkraft, men ønskje var å ha med andre sine innspel, for å få

andre sine tankar inn i manuset som kunne gjere det meir reflektert (sjå 1.1). Men til sjuande og sist kan eg som forskar og som dramatikar berre håpe på at eg fann den rette balansen.

Det er ei frase som har blitt nemnd fleire gongar i teksten, men som ikkje har fått merksemda den fortener endå, nemleg bruken av Utøya-kortet eller 22. juli-kortet. Eg forklarte litt om det i innleiinga, og i empirien var dette eit synspunkt eg ville dele frå kvar av informantane mine (høvesvis 1.2 og 4.4). Her vil eg sjå på kvifor det har vore viktig å få fram denne bruken. I dei to nemnde kapitla har eg så vidt vore innpå kva slags innverknad denne frasen har på menneske som er påverka av dagen den 22. juli. Hovudfokuset mitt er å få fram at bruken av Utøya-kortet kan gjere at menneske som er påverka av denne dagen føler seg sensurert. Det kjennest som om Noreg er skjemd over at vi har ein erfaring med terrorisme, og i staden for å handtere der, skyv vi det under teppet. At det tok kort tid før aviser starta å referere til terrorhandlingane som ein "massakre" eller "tragedie" i staden for å bruke ordet "terror" (Valen, 2021). Snorre Valen, ein tidlegare stortingsrepresentant har skriva ein bok om dette. I ein artikkel set han ord på nettopp dette eg ser på som rota av problemet: At vetle Noreg ikkje skal ha ein slik historie.

Ved bruken av Utøya-kortet blir opplevingane til overlevande og pårørande gjort om til noko om ikkje skal snakkast om, ein tabu. Det er viktig at ein blir høyrd. Og når ein ikkje blir høyrd, får ein ikkje utlufing eller utløp for kjensler. Når politikarar som skal hjelpe med å styre vårt land avfeiar erfaringar og meiningar rundt terrorisme med bruken av ein slik frase, skapar det ein mistillit til desse personane som du elles er meint å stole på. Dette poengterte både Luna og Agne (sjå 4.4.1 og 4.4.2).

No kjem eg til kvifor det har vore viktig at denne frasen er med i masteroppgåva mi: Eg trur det er denne tystnaden som har forårsaka utviklinga av mine katastrofetankar. Det handlar ikkje eksklusivt om bruken av Utøya-kortet. Dette har med handteringa av terrorisme i det offentlege biletet. Når eg overfor seier at eg ikkje klarer å tenkje i same baner som Luna ("det skjer jo ikkje to gongar, det som skjedde med meg" (sjå figur 3, kap. 4.4.1).) meiner eg at dette er grunna at samfunnet viser ein apati til handtering av terrorisme. Og såleis er Utøya-kortet, og all bruk av frasar som har same avvising av den smertefulle livserfaringa som 22. juli påførte, grunnen til at eg følte at eit teaterstykke med denne handlinga var viktig for samfunnet, og ikkje minst for feltet mitt. Vi skal ikkje gløyme, så la oss bli mint på gjennom dette teaterstykke!

I slutten av 4.9 fortel eg om avgrensinga eg skapte for meg sjølv i manus, at det berre skulle vare i rundt 40 minuttar grunna den praktisk estetiske eksamenen. Dette meiner eg kan ha forårsaka at manuset mitt så vidt har skrapa på overflata av viktige tema i ønskje om å få med alt eg meinte var viktig å ha med for å representere refleksjonane til informantane og meg sjølv. Denne avgrensinga meiner eg at manuset kan ha tatt skade av. Utan å vere klar over det har eg lagt på eit press om kva som er naudsynt og kva som er overflatisk, berre at i denne forstand har eg tenkt heilt feil. Informasjonen frå informantane som eg har tenkt var naudsynt har lidd under ønskje om å ha med alt, og dermed så vidt blitt nemnd, og det eg har tenkt er overflatisk er det som ville gitt den djupna til kjenslene eg prøver å få fram gjennom Måne og Storm. Eit døme på kva eg opphavleg tenkte var overflatisk var å snakke meir om katastrofetankar. Eg har gjort noko av det Christophe åtvarar mot i boka si: eg fokuserte for mykje på heilheita av manuset, i staden for å fokusere på dei elementa som til saman skapar eit manus, til dømes den kraftige eigenskapen som ein dialog har i ein dramatisk tekst (Christophe, 2008, s. 18). Denne styrka meiner eg er spesielt tydeleg i manus for blant anna teater, for her er det den munnlege formidlinga som drar og forklarar handlinga. Dermed, om eg ikkje tar meg tid til å forklare viktige tema for handlinga – som

katastrofetankar er – på ein ordentleg måte, vil djupna av teatermanuset som resultat forsvinne i forsøket på å få med alle element. Nokon vil poengtere at ein ikkje må sjå skogen for berre tre, men i dette tilfellet vil mangelen på å få med alle trea føre til at det som ser ut som ei skoggrense berre er ei tett rekkje av tre, men når du kryssar inn forbi er det eit bart jorde framfor deg. Altso er frykta her at dette fokuset på det store biletet kan ha gjort at manuset ikkje får fram budskapet om å ikkje gløyme.

Det er nokre tema som gløda sterkt og som ønskjeleg får vere med i manuset om det blir lenger. Blant anna var det delar i intervjusamtalen med Luna som eg gjerne skulle utbrodert på eller tatt med i manuset. Eg meiner til dømes at delen i manuset som omhandlar den sårheita rundt å ikkje vite kven ein ville vore om ein aldri hadde opplevd 22. juli er for lite i fokus. Luna nemnde òg i intervjusamtalen at hen hadde ein heilt eigen stad hen kjende seg trygg på. Desse to tinga er noko eg har til felles med Luna, eg relaterer til ønskje om å vite kven eg ville vore utan denne opplevinga, og eg har ein stad i verda som eg kjenner meg trygg på. Det er nettopp det at eg kan kjenne meg att i Luna sine tankar som gjer at glødande data oppstår. MacLure nemner dette i artikkelen sin: "Wonder is relational" (MacLure, 2013, s. 229). Fordi informasjonen som blir henta inn blir behandla av nettopp meg, er det nettopp den

informasjonen som eg blir påverka av som skil seg ut og skapar bilete av potensielle scenar i teatermanuset.

Denne relasjonen mellom informant, data og forskar er noko som gjer den kunstnariske prosessen rundt masteroppgåva god å arbeide med. Eg ser at manuset har eit potensiale til å få fram djupna og leggje til element som eg meiner manglar. Eg meiner at eg kan takke informantane så vel som prosessen for dette. Ved å lage dialog utav dei glødande dataa frå tekstane til informantane har eg skapt scenar som lar viktige tema kome fram. Dei scenane som eg syns manglar litt er helst scenar som ikkje kjem frå tekstane til informantane, men frå tema som eg sjølv har supplert med. Det tydar ikkje at eg meiner mine eigne tankar ikkje skal vere med i manuset, men at eg må jobbe meir med å gi desse tankane rom nok til å utvikle scenar.

6.0 Vegem vidare

Gjennom heile masteroppgåva har eg prøvd mitt beste på å leggje fram all informasjon på ein måte som viser til skapingsprosessen av eit teatermanus. Her vil eg repetere problemstillinga mi att:

Korleis omarbeide personlege forteljingar om katastrofetankar rundt terrorisme til eit teatermanus i møte mellom fiksjon og røyndom?

For å svare på problemstillinga mi har eg fokusert på teori som dannar bakteppe for kvifor eg ønskja å skape eit teatermanus. Samfunnet sin mangel på å handle, bruken av Utøya-kortet og utvikling av katastrofetankar har stått i fokus her, for utan ei drivkraft til å skrive om temaet, tør eg ikkje førestille meg korleis teatermanuset hadde sett ut. Men tanken min er at det ville vore eit manus som eg kanskje ikkje hadde vore like interessert i å ferdigstille. Bruken av etnodrama og autoetnodrama har hjelpt med å forme forteljingar frå røyndomen inn i ein fiksjonell dialog, og eg meiner at denne forma for teater har gjort det enklare å vise respekt for materiale. Samstundes har etnodramaet resultert i eit teatermanus som eg ser mykje potensiale i, og som eg gler meg til å ferdigstille.

Dette er fordi teatermanuset har for meg handla om å skape noko som betyr noko, noko som kan føre til endringar, om berre i ein enkelt person.

Gjennom søken på å forstå meir om PTSD (sjå 3.1) og helsefremmande skriving (sjå 2.5 og 3.2) har drivkrafta for å skape eit velfungerande teatermanus blitt sterkare og sterkare. Denne prosessen har alltid vore personleg for meg, og å finne Wold og Uverud (2019) sin teori om friskrift (sjå 2.5) som samsvara så godt med min eigen definisjon av skrivestartarar, gjorde meg tryggare på at måten eg forska var ein god måte å gå fram. Det trygga meg at boka deira viser til mange gode resultat i samsvar med psykisk helse når det kjem til å skrive på denne måten, og eg vonar at ein slik metode for å hente inn data blir meir tatt i bruk – spesielt knytt til å skape etnodrama og det performative paradigmet. Eg meiner at denne metoden respekterer informantane sine erfaringar i måten å samle inn data på, samt at metoden i seg sjølv oppmodar til god helse, slik som målet om at forskning skal bidra positivt til feltet du forskar på (Østern, 2017, s. 18). Dette nemnde eg i 2.5.

Masterlaupet mitt har på fleire måtar vore delt opp i to. I innhentinga av materiale/data som eg kunne samskape med har eg fyrst fokusert

på samtalane og tekstane til informantane, for så å fokusere på å bruke tekstane til å utvikle eit teatermanus. Prosessen rundt skrivning av manuset og masteroppgåva har òg vore avskilt. Det var fyrst når andre utkastet var klart at eg fokuserte på å skrive masteroppgåva. Til og med ønskje mitt om publikumsopplevingar har vore delt i to: dei som kan kjenne seg att i frykta og katastrofetankane til Storm, og som kunne få eit utløp for kjenslene sine gjennom denne karakteren, og dei som vil få eit innblikk i ei livsverd som dei ikkje sjølv lev i, men som dei får sjansen til å reflektere over. Gjennom denne oppdelinga av prosessen har eg kunne lagt frå meg manuset og gått tilbake til dataa frå informantane. Ved å skrive empirien og vidare utdjupe kunnskapen min rundt teori er det nye tankar som har utvikla seg over korleis eg ønskjer å gå fram for å ferdigstille teatermanuset.

Blant anna vil eg sjå på korleis eg kan vidareutvikle Måne og Storm, og vurdere kva retning Måne skal ta som Storm sitt fantasifoster. Det eg i utgangspunktet tenkjer er at om eg går for at Måne ikkje er fysisk til stede, så vil det vere enklare å få karakteren på papiret til å endre seg frå dei forskjellige rollane i samfunnet eg ønskjer at teatermanuset skal ta eit oppgjær med.

Eg trur òg det vil lønne seg å la Storm få fram frustrasjonen sin meir. Som nemnd i 5.2 i delen om katarsis, seier eg at for å klare å få fram katarsis på måten eg ønskjer, treng eg å setje fleire ord på

desse kjenslene. Det vesentlege ved å klare dette er at livsverda eg søkjer å representere ikkje skal vere representert på ein halvhjarta måte. Ved å sleppe tanken på kor langt teatermanuset skal vere ser eg at det er eit potensiale til å utføre dette.

Den kunstnariske forskinga som eg har undertatt kjem til å vere med meg inn i vidareutviklinga av *Omringa av Fiendar*. Med dette meiner eg at den prosessen eg har vore igjennom med å skrive masteroppgåva har gitt meg meir innsikt og kunnskap i omgrep eg trudde eg var godt kjend med når eg starta masterlaupet. Katarsis og PTSD er gode dømer på noko eg meinte eg hadde god greie på, men som eg no forstår meir av og kan bruke på ein betre grunngeve måte. Eg er meir merksam på viktige aspekt som har dukka opp under utviklinga av teatermanuset, frå teorien rundt helsefremmande skriving til dataa eg innhenta frå informantane. I augneblink med skrivesperre hjalp te tekstane til informantane meg med å kome meg vidare i handlinga av manuset, og dette vil dei fortsette å gjere. Så sjølv om metodologien og framgangen rundt å fortelje om korleis eg har arbeidd for å skape eit teatermanus endar her, så vil erfaringa vere med i meg i *Omringa av Fiendar*, samt i framtidige tekstar.

Kjelder

- Aristoteles & Heath, M. (1996). *Poetics*. Penguin Books.
- Aristoteles & Stigen, A. (1996). *Etikk: et hovedverk i Aristoteles' filosofi, også kalt "Den nikomakiske etikk"* (2. utg.). Gyldendal.
- Beckett, S. (1958). *Endgame*. Faber and Faber.
<https://doi.org/http://dx.doi.org/10.5040/9780571291571.4000008>
- Borgdorff, H. (2011). The Production of Knowledge in Artistic Research. In M. Biggs & H. Karlsson (Eds.), *The Routledge Companion to Research in the Arts* (pp. 44-63). Routledge.
- Butterfield, A. (2019, 16. september). *Intrusive thoughts*. The OCD and Anxiety center.
<https://theocdandanxietycenter.com/intrusive-thoughts/>
- Christophe, N. (2008). *Writing in the Raw*. International Theatre & Film Books.
- Dyb, G. & Jensen, T. K. (Red.). (2019). *Å leve videre etter katastrofen*. Gyldendal.
- Edgar, D. (2009). *How Plays Work*. Nick Hern Books.
- Fiksjon. (2023). I *Nynorskordboka*. Språkrådet og Universitetet i Bergen. Henta 20. mars, 2023 frå
<https://ordbokene.no/bm,nn/search?q=fiksjon&scope=ei>
- FN-sambandet. (2023, 26. januar). *Ekstremisme og terrorisme*.
<https://www.fn.no/tema/konflikt-og-fred/ekstremisme-og-terrorisme>
- Gladsø, S., Gjervan, E. K., Hovik, L., Skagen, A. (2015). *Dramaturgi, Forestillinger om teater*. (2 utg.). Universitetsforlaget.
- Grieg, N. (1946). Til Ungdommen. I *Håbet*. Bergen Offentlige Bibliotek.
http://bergen.folkebibl.no/eboker/Habet/index.html#poem_2_1
- Hannula, M., Suoranta, J. & Vadén, T. (2014). *Artistic Research Methodology: Narrative, Power and the Public*. Peter Lang.
- Harris, Z. (2017). *Meet Me at Dawn*. Faber and Faber.
<https://doi.org/http://dx.doi.org/10.5040/9780571347339.000003>
- Hassel, F. (2012, 6. juli). *Kan månen si noe om været?* Yr.
https://www.yr.no/artikkel/kan-manen-si-noe-om-vaeret_-1.8233656
- Jakobsen, T. G. (2021). *Vitenskapsfilosofi og kritisk realisme - et ikke-antroposentrisk alternativ*. Vigmostad & Bjørke AS.
- Jørgensen, L., Gade, S. & Petersen, M. A. (Red.). (2004). *Politisk Teater - Gensyn og Genopfindelse*. Teatervidenskab, Københavns Universitet.

- Krumsvik, R. J. (2015). *Forskningsdesign og kvalitativ metode: ei innføring* (2. utg.). Fagbokforlaget.
- Kuhns, R. (2014). Encyclopedia of Aesthetics. I M. Kelly (Red.), *Oxford Reference* (2. utg.). Oxford University Press. <https://www.oxfordreference.com/display/10.1093/acref/9780199747108.001.0001/acref-9780199747108-e-434>
- MacLure, M. (2013). The Wonder of Data. *Cultural Studies <—> Critical Methodologies*, 13(4), 228-232. <https://doi.org/https://doi.org/10.1177/1532708613487863>
- News Medical (2022, 29. desember). *Intrusive Thoughts and Post-Traumatic Stress Disorder (PTSD)*. [https://www.news-medical.net/health/Intrusive-Thoughts-and-Post-Traumatic-Stress-Disorder-\(PTSD\).aspx](https://www.news-medical.net/health/Intrusive-Thoughts-and-Post-Traumatic-Stress-Disorder-(PTSD).aspx)
- Reinholdt, N. P., Hjermann, R., Hommersand, S. B. & Viljugrein, T. (2017). *Utøya 22. juli - Livet etterpå*. RVTS Øst. https://rvtsost.no/app/uploads/sites/5/katastrofeekspertene_singlepapers_05.pdf
- Rognstrand, A., Hansen, E. B., NTB & Giæver, H. (2018, 10. mars). Støre raser mot Listhaug-utspill om fremmedkrigere. *VG*. <https://www.vg.no/nyheter/innenriks/i/a2yo44/stoere-raser-mot-listhaug-utspill-om-fremmedkrigere>
- Saldaña, J. (Red.). (2005). *Ethnodrama: An anthology of reality theatre*. A Division of Rowman & Littlefield Publishers, Inc.
- Saldaña, J. (2011). *Ethnotheatre: Research from Page to Stage*. Taylor & Francis Group.
- Solheim, M., Skeie, K. & Skifjeld, A. (2022, 26. juni). Utøya-overlevende opplevde nytt skytedrama. *NRK*. <https://www.nrk.no/norge/utoya-overlevende-eskil-pedersen-og-eivind-rindal-var-rett-ved-skytingen-i-oslo-1.16017168>
- Solheim, R. (2022). *Spør en ornitolog*. Fuglevennen. Henta 29. november frå https://www.fuglevennen.no/sporsmal/?q_id=55597
- Valen, S. (2021, 9. juli). Når 22. juli kommer og forstyrrer den gode stemningen, dukker ordene opp. “22. juli-kortet”. “Utøya-kortet”. Ark. <https://www.ark.no/innhold/nar-22-juli-kommer-og-forstyrrer-den-gode-stemningen-dukker-ordene-opp-22-juli-kortet-utoya/>
- Virkelighet. (2023). I *Bokmålsordboka*. Språkrådet og Universitetet i Bergen. Henta 20. mars, 2023 frå <https://ordbokene.no/bm/68674>
- Wold, K., & Uverud, G.-M. (2019). *Helsefremmende skriving* (2. utg.). Gyldendal Norsk Forlag.
- Østern, T. P. (2017). Å forske med kunsten som metodologisk praksis med aesthesis som mandat. *Journal for Research in Arts and Sports Education*, 1(Special Issue), 7-27. <https://doi.org/https://doi.org/10.23865/jased.v1.982>
- Østern, T. P., Jusslin, S., Knudsen, K. N., Maapalo, P., & Bjørkøy, I. (2021). A performative paradigm for post-qualitative inquiry. *Qualitative Research*, 0(0). <https://doi.org/https://doi.org/10.1177/14687941211027444>

Øverland, A. (1999). *Samlede dikt 1911-1940*. Aschehoug.
http://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2008082504025

Vedlegg

Vidare ligg vedlegg i følgjande rekkjefølgje:

Vedlegg #1 – NSD godkjent søkeskjema

Vedlegg #2 – Samtykkeskjema for informantane

Vedlegg #3 – Mal på skriveoppgåver til informantane

Vedlegg #4 – Intervjuguide for uformell intervjusamtale

Vedlegg #5 – Fyrste utkast av *Omringa av Fiendar*

Vedlegg #6 – Andre utkast av *Omringa av Fiendar*



[Meldeskjema](#) / [Redselen vi ber på - korleis skrive eit teatermanus på basis av katast...](#) / Vurdering

Vurdering av behandling av personopplysninger

Referansenummer

793039

Vurderingstype

Standard

Dato

23.09.2022

Prosjekttittel

Redselen vi ber på - korleis skrive eit teatermanus på basis av katastrofetankar?

Behandlingsansvarlig institusjon

OsloMet – storbyuniversitetet / Fakultet for teknologi, kunst og design / Institutt for estetiske fag

Prosjektansvarlig

Camilla Eeg-Tverbakk

Student

Vilde Standal Bøyum

Prosjektperiode

22.08.2022 - 20.06.2023

Kategorier personopplysninger

Alminnelige

Særlige

Lovlig grunnlag

Samtykke (Personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a)

Uttrykkelig samtykke (Personvernforordningen art. 9 nr. 2 bokstav a)

Behandlingen av personopplysningene er lovlig så fremt den gjennomføres som oppgitt i meldeskjemaet. Det lovlige grunnlaget gjelder til 20.06.2023.

[Meldeskjema](#)

Kommentar

OM VURDERINGEN

Personverntjenester har en avtale med institusjonen du forsker eller studerer ved. Denne avtalen innebærer at vi skal gi deg råd slik at behandlingen av personopplysninger i prosjektet ditt er lovlig etter personvernregelverket.

Personverntjenester har nå vurdert den planlagte behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at behandlingen er lovlig, hvis den gjennomføres slik den er beskrevet i meldeskjemaet med dialog og vedlegg.

VIKTIG INFORMASJON TIL DEG

Du må lagre, sende og sikre dataene i tråd med retningslinjene til din institusjon. Dette betyr at du må bruke leverandører for spørreskjema, skylagring, videosamtale o.l. som institusjonen din har avtale med. Vi gir generelle råd rundt dette, men det er institusjonens egne retningslinjer for informasjonssikkerhet som gjelder.

VURDERING AV BEHOV FOR DPIA

Det behandles særlige kategorier av personopplysninger om sårbare registrerte.noe som kan utløse en plikt til å foreta personvernkonsekvensvurdering (DPIA). Personverntjenester har vurdert at det ikke var behov for å gjøre en DPIA jf. personvernforordningen art. 35 nr. 1 for dette prosjektet. Dette var basert på en helhetsvurdering der følgende momenter ble vektlagt:

- Frivilligheten ivaretas
- Det innhentes samtykke fra deltakerne og det gis god informasjon
- Varigheten er kortvarig
- Utvalget er begrenset
- Prosjektet har oversiktlig dataflyt og opplysningene lagres sikkert

TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle alminnelige personopplysninger, og særlige kategorier av personopplysninger om helseopplysninger frem til 20.06.2023.

LOVLIG GRUNNLAG

Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 nr. 11 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse, som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake.

For alminnelige personopplysninger vil lovlig grunnlag for behandlingen være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 a.

Behandlingen av særlige kategorier av personopplysninger er basert på uttrykkelig samtykke fra den registrerte, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 a og art. 9 nr. 2 a.

PERSONVERNPRINSIPPER

Personverntjenester vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen:

- om lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke viderebehandles til nye uforenlige formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet.

DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Vi vurderer at informasjonen om behandlingen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18) og dataportabilitet (art. 20).

Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

Personverntjenester legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

Ved bruk av databehandler (spørreskjemaleverandør, skylagring eller videosamtale) må behandlingen oppfylle kravene til bruk av databehandler, jf. art 28 og 29. Bruk leverandører som din institusjon har avtale med.

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må prosjektansvarlig følge interne retningslinjer/rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til oss ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilken type endringer det er nødvendig å melde:

<https://www.nsd.no/personverntjenester/fylle-ut-meldeskjema-for-personopplysninger/melde-endringer-i-meldeskjema>

Du må vente på svar fra oss før endringen gjennomføres.

OPPFØLGING AV PROSJEKTET

Vi vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Kontaktperson hos oss: Sturla Herfindal

Lykke til med prosjektet!

Informasjon om og samtykke til å delta i forskingsprosjektet mitt "Redsla vi ber på"

Dette er eit informasjonsskriv til deg som vil delta i mitt forskingsprosjekt, som er ein del av MA i Estetiske fag ved OsloMet, der eg vil forfatte eit teatermanus utifrå personlege forteljingar om frykt for terrorisme i kvardagen. I arbeidet med teatermanuset vil dei personlege forteljingane eg samlar inn bli omarbeida, og det vil ikkje vere mogleg å lenkje dei tilbake til deg. I dette skrivet får du informasjon om måla for prosjektet og om kva deltaking vil innebere for deg.

Føremål

Prosjektet mitt handlar om å setje lys på å leve i frykt for terror/terrorisme. Måten eg vil setje lys på dette er ved å lage eit kunstverk, eit teatermanus, som tar for seg mine egne og deltakarane sine katastrofetankar som dukkar opp i det daglege livet. For å hente inn denne informasjonen vil eg invitere til to samtalar og ein runde med eigenarbeid.

Førebels spør eg: Korleis kan personlege forteljingar om frykt for terror danne eit grunnlag for eit teatermanus?

Dette er ein masteroppgåve som vil stille spørsmål om etikk i samhald med tolking av personlege forteljingar frå deltakarar, og om korleis prosessen påverkar deltakarane.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

OsloMet er ansvarleg for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Eg ber deg om å vere deltakar fordi du opplevde terrorisme på eit nært hald, enten av å ha vore på åstaden sjølv eller som pårørande. Dette trur eg gir deg ein innsikt i eit annleis kvardagsliv. Eg håpar òg at denne prosessen vil hjelpe deg å setje ord på vanskelege tankar og kjensler, og vere trygg på å diskutere dei med meg og gjennom eige tekstarbeid.

Kva inneber det for deg å delta?

I denne prosessen vil vi ha to uformelle samtalar, samt ei runde med skriveøvingar

- Fyste møte: uformell samtale. Lengde: ca. 1 time. Her vil eg fortelje om prosjektet mitt, du vil få mogleik til å stille spørsmål og vi kan starte ein samtale om tema.
- Skriveøvingar: her vil du få tre (3) forskjellige oppgåver. T.d. vil ei oppgåve vere å skrive utan å stoppe i ei satt tid (t.d. 10 min). Det vil vere ein tankeflyt som blir skrevet ned på papir. Ei anna vil handle om å reflektere over ein situasjon. Det du skriv vil samlast inn og brukast som data til utvikling av teatermanuset. Ingen personlege detaljar vil bli brukt i masteroppgåva eller teatermanuset.
- Andre møte: uformell intervjusamtale: Her vil vi snakke om skriveoppgåvane og tankane du hadde rundt desse. Du vil kunne fortelje om kva som har vore spanande og om noko har vore ukomfortabelt. I dette møtet vil du sjå korleis eg kjem til å arbeide med tekstane. Denne samtalen vil bli tatt opp gjennom lydopptakar og brukast anonymt som data til masteroppgåva.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysingane dine vil då bli sletta. **Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.** Det vil òg vere eit alternativ å ta kontakt for å trekkje tilbake deler av deltakinga, til dømes ein tekst du har skrevet.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysingane dine

Vi vil berre bruke opplysingane om deg til føremåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Masterstudent Vilde Standal Bøyum er einaste person med tilgang til opplysningane dine.
- I sjølve masteroppgåva vil eg ikkje bruke ditt namn, men eit pseudonym. Det er dette namnet som vil vere registrert.

Ved fullføring og publisering av Masteroppgåva vil deltakarane gjerast anonyme. Det vil seie at du i hovudsak ikkje vil vere gjenkjenneleg.

Kva skjer med opplysingane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?

Opplysingane blir anonymiserte når prosjektet er avslutta/oppgåva er godkjend, noko som etter planen er rundt 20. juni 2023. Lyddopptak som har vore brukt i samtale vil ved prosjektslutt bli sletta.

Teatermanuset som blir eit produkt av masteroppgåva kan bli vidare brukt. Dette vil ikkje kunne vise tilbake til deg som deltakar.

Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?

Vi behandlar opplysingar om deg basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå OsloMet Personverntjenester er det vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Dine rettar

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysingar vi behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysingane,
- å få retta opplysingar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysingar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine.

Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ønskjer å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med:

- OsloMet ved Vilde Standal Bøyum, s361488@oslomet.no. Eller vegleiar, Camilla Eeg-Tverbakk, cam@oslomet.no.
- Vårt personvernombud: Ingrid S. Jacobsen, personvernombud@oslomet.no.

Dersom du har spørsmål knytt til Personverntjenester si vurdering av prosjektet kan du ta kontakt med:

- Personverntjenester, på e-post (personverntjenester@sikt.no) eller på telefon: 53 21 15 00.

Venleg helsing

Vilde Standal Bøyum
(Masterstudent)

Camilla Eeg-Tverbakk
(Vegleiar)

Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om masterprosjektet til Vilde Standal Bøyum og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i to (2) uformelle intervjusamtalar
- å delta i skriveøvingar
- bruk av lydopptak under samtalar
- at Vilde (masterstudent) kan samle inn og bruke tekstar eg skriv til hennar prosjekt
- at anonymiserte opplysingar om meg kan publiserast i masterprosjektet – eg forstår at desse opplysningane kan føre til at eg blir gjenkjend av nær familie/vener
- at Vilde (masterstudent) har opphavsrett til teatermanuset når det er ferdigstilt og publisert

Eg samtykker til at opplysingane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta.

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Vedlegg #3 – Mal på skriveoppgåver til informantane

Skriveoppgåver

1) "Når eg er aleine med tankane mine, så..."

Set 10 minuttar nedtelling på klokka di. Ta fram pen og papir. Ikkje skriv setninga over før du startar klokka. Gjennom dei ti minuttane må du ikkje stoppe å skrive. Om du plutselig går tom for ord, bruk pennen til å skrive "....." heilt til du kjem på noko å fortsette med. Dette er ein tankeflyt, og det er ikkje meininga at denne skal vere perfekt. Det er heller ikkje nødvendig at den gir meining. Denne skriveoppgåva handlar om å skrive ned tankar du sjeldan seier høgt om frykt.

2) "Eg ler litt av meg sjølv når eg tenker på at eg er redd for..."

Set 5 minuttar nedtelling på klokka di. Ta fram pen og papir. Ikkje skriv setninga over før du startar klokka. Gjennom dei fem minuttane må du ikkje stoppe å skrive. Om du plutselig går tom for ord, bruk pennen til å skrive "....." heilt til du kjem på noko å fortsette med. Dette er ein tankestraum, og det er ikkje meininga at denne skal vere perfekt. Det er heller ikkje nødvendig at den gir meining. Denne skriveoppgåva handlar om din merkelegaste frykt. Til dømes trur eg min er å bli eten av ein Tyrannosaurus Rex.

3) Refleksjonsoppgåve

Vel ein av desse scenarioane, og skriv ned refleksjonane dine rundt den. Du kan skrive så mykje du vil og orkar. Om du ynskjer, kan du skrive ned refleksjonane dine rundt fleire av scenarioane. Denne oppgåva kan skrivast for hand eller på data/mobil/nettbrett.

- a) Du er på veg til jobb/skule. Midt i vegen din står det fem statlege bilar. Du held fram langs vegen. Plutselig ser du fem personar i full utrusting. Korleis reagerer du?
- b) Du skal på kino/konsert/teater. Korleis førebur du deg? Går du rett inn i salen utan andre tankar enn om det du skal sjå? Er fokuset ditt på kvar toalettet er? Ser du ein exit og tenker "greit å vite"? Eller går du fullt ut i beredskap? – finn du alle nødutgangar, førestiller du deg skremmande scenario der du må kome deg ut, hjelpe vener, stoppe ein person frå å skade andre, etc...
- c) Du treng å ta kontakt med nokon du er glad i, men dei tar ikkje telefonen. Du veit dei er ute og køyrer. Etter fleire anrop over lengre tid får du framleis ikkje tak i dei. Kvar går tankane dine? Er det berre dårleg tidspunkt, kanskje vedkommande sit og nyt musikk i bilen og har mobilen på lydlaus? Eller dukkar nye scenario opp? Sjekkar du kanskje nyhende langs vegen dei køyrer?

Vedlegg #4 – Intervjuguide for uformell intervjusamtale

Skriveoppgåver

Korleis opplevde du oppgåvene? Fortel litt om prosessen og tankane rundt å skrive ned.

Føler du at du fekk noko utav dette?

Korleis syns du det kjentes å sende desse tankane til meg?

Var du redd det ikkje skulle hjelpe meg?

Tida før

Hugsa du korleis du var som person i tida før 22. juli? (t.d. lettskremt, bekymra, dumdrilig...)

Hadde du nokre frykter du ikkje lenger tenker særleg over?

Er det vanskeleg å hugse ei slik tid?

Tida etter

Korleis opplevde du støtta frå samfunnet, då med tanke på tilbod frå regjering og helsetenester?

Tenker du at du opplev støtte av andre menneske i dagleglivet?

- Vil folk snakke med deg om dine opplevingar?
- Tenkjer du at andre har det med å gløyme?

Kva tankar oppstår hjå deg når du tenker på politikararar som uttrykker misnøye mot andre ved å seie "drar 22. juli-kortet" eller "Utøyakortet"? Tenker du det ville vore meir forståing å finne om diagnosar som PTSD var tatt meir i bruk? Tenker du at du ville følt deg meir forstått?

Kjensler

Med tanke på det du har fortalt om støtte, kva kjensler er det dette lokkar fram i deg? (t.d. sinne, varme for medmenneske, håp, frustrasjon...)

Personlege opplevingar

Kva er noko med det beste du har opplevd av samvær med andre menneske når det kjem til opplevingar knytt til støtte etter 22. juli?

- Frå andre som opplevde liknande
- Frå familie/vener
- Frå heilt utanforståande

Søk av likesinna

Kjenner du på eit behov av å ha folk i livet ditt som du kan samtale med og vite at dei forstår deg godt, fordi dei har opplevd noko liknande?

Vegen vidare med manus

- Skape noko som gir andre ein mogleik til å forstå frykt og katastrofetankar
- Ikkje unnskyldte apati
- Utfordre til refleksjonar

Er det noko du tenkjer vil vere viktig å få fram i nokon av karakterane, eller ymse?

Påfølgande vedlegg vil vere vedlegg #5 og vedlegg #6, høvesvis fyrste og andre utkast av *Omringa av Fiendar*.

Omringa av fiendar

Skreve av

Vilde Standal Bøyum

Copyright (c)Vilde Standal Bøyum

Første utkast

Kontaktinfo

Scena er svakt opplyst, oppsett som ei stue med varme møblar. Det burde ha sett rotete ut, men sender signal om komfort og varme.

På s.v. i bakgrunnen står det eit barskap.

På midtscena står det to lenestolar på kvar side av eit lite, rundt bord. Ein stål lampe er plassert ved sida av lenestolen til høgre. Den er ikkje på.

(MÅNE entrar frå s.h., og tittar forvirra rundt i rommet.)

MÅNE

Eg kom fyst? Høh, så det er sånn det kjennest.

(MÅNE set seg ned i lenestolen til høgre og slår seg til ro. Hen drar fram ei stor bok, den er gamal og slitt. Det er ingen tittel eller skildring på omslaget.)

MÅNE startar å bla frå side til side. Boka er fylt av handskrivne notat. Ei lita stund er dette all handling på scena.

MÅNE løftar hovudet når hen høyrer lydar frå scene venstre. Eit lurt smil spreiar seg på andletet henn, hen løftar armen, og plasserer handa dramatisk på lysbrytaren.

STORM entrar scena, og MÅNE skurrer på lyset. STORM sine auge går rett til MÅNE.)

MÅNE

(mystisk, trugande)

I've been expecting you.

(ler)

Eg har alltid hatt lyst til å seie det.

STORM

Men i alle...

MÅNE
Du ville snakke med meg.

STORM
Så du berre gjekk rett inn?

MÅNE
Gjorde ikkje du?

STORM
Jo, men -
(stoppar)
Du er Måne?

MÅNE
Det stemmer. Fint å møte deg. Vil du ikkje setje deg?

(STORM går nølande over til den ledige lenestolen og set seg.)

STORM
(mumlar)
For ein rar ting å seie.

MÅNE
Fortel meg litt om deg sjølv.

(STORM har sett seg meir til rette, sleng ein fot over armlenet.)

STORM
Det er ikkje så mykje å fortelje. Har eit ganske "rett fram" liv.

(MÅNE ler høgt, uforventa.)

STORM
Kva?

MÅNE
Rett fram? Fortel korleis det skjedde.

STORM
Kva meiner du?

MÅNE
Du forstår. Men fortel meg om livet ditt. Fortel meg om dine motabakka og medabakka, men dei kan ikkje vere så mange, sidan livet ditt har vore så 'rett fram'.

STORM
Eg har jo hatt motbakke og medvind då, om det er det du meiner med "medabakka".

MÅNE

Så livet ditt er ikkje rett fram?

STORM

(nølande)

Asso, når du seier det på den måten, så er det vel ikkje rett fram.

(MÅNE seier ingenting, og ventar på at STORM skal fortsette.)

STORM

Du- du vil at eg skal fortelje deg om heile livet mitt?

MÅNE

Sjølvsagt.

STORM

Okay, øh, kor byrjar eg?

MÅNE

(med glitrande auge)

Kva med frå byrjinga?

STORM

(temperert)

Hah, ok. Eg var født tidleg. Eg var sjuk. Eg hugsar sjølvsagt ikkje det, men eg har blitt fortald om det mange gongar at eg var nær ved å døy.

(stoppar tankefullt)

No når eg seier det, lurar eg på om det var der det starta.

MÅNE

Der kva starta?

STORM

Frykta mi.

(Begge sit i stillheit. MÅNE studerer STORM, medan STORM ser på golvet, i djupe tankar. Hen held seg stille.

MÅNE røyser seg frå lenestolen.
STORM ser opp på hen.)

MÅNE

Vil du ha litt kaffi? Du ser ut som du kan trenge det.

STORM

Prøver du å seie at du vil ha kaffi? Eg kan setje på ei kanne.

MÅNE

Neinei, eg kan fikse.

(MÅNE røyser seg og går av s.v. Vi høyrer eit klikk når hen set igang vatnkokaren.)

STORM

(snakkar til seg sjølv)

Javel. Sært.

(hevar stemma)

Eg tar gjerne ein kopp.

(ser på klokka)

Sjølv om det kanskje er litt seint.

(MÅNE kjem inn att på scena.)

MÅNE

Bra du tar helsa på alvor. Men du vil framleis ha ein kopp?

STORM

Ja takk.

(MÅNE set seg ned på armlenet av stolen. Ser på STORM.)

STORM

Vil du at eg skal fortsette?

MÅNE

Nei, vi ventar til vatnkokaren er ferdig. Den er så distraherande.

(STORM nikkar. Begge blir stille. STORM blir meir og meir ukomfortabel. MÅNE er avslappa på armlenet. Vatnkokaren blir tydelegare og tydelegare.

STORM hoppar opp når vatnkokaren går av.)

MÅNE

Eg kan lage kaffien, veit du.

STORM

Neida, eg tar det. Eg veit jo kvar alt er.

(STORM skundar seg ut s.v. MÅNE sit att og ser etter STORM.)

MÅNE

Det gjer eg òg, du.

STORM

(a.s.v)

Hæ? Du har då ikkje vore her før?

MÅNE

(stille)

Neivel...

(Skuffer blir opna og lukka, ei teskei klirrar ein gong, så ein andre gong.)

MÅNE

Fortel meg ein ting, Storm, kva meiner du når du seier frykta di starta som spedborn? Eg trur det er mange som ville tvilt på det.

STORM

(kjem inn med to koppar frå s.v.)

Kva, fordi eg var for liten til å hugse det? Er ikkje det mange studie som seier at opplevingar og kjensler kan vere avgjerande dei fyste to leveåra?

MÅNE

Det er vel like mange studie som seier noko anna, trur du ikkje?

STORM

Jo, men det er ting eg ikkje hugsar i barndomen som har spela ei rolle i seinare tid. Eg kunne for eksempel ikkje vere ute på nyttårsaftan før eg var godt oppi tenåra fordi eg blei så redd lydane.

MÅNE

Kva, dårleg oppleving med fyrverkeri?

STORM

(humoristisk)

Nei, sirkus. Klovnar som sprakk ballongar. Det var visst veldig overveldande. Du skulle sett meg i barnebursdagar når bursdagsbornet ville leike ballongleiken.

MÅNE

Så då tenkjer du at fordi du var sjuk når du var fødd, så er du redd for å døy?

STORM

Nei. Eg trur ikkje eg er så redd for å døy. Eller. Hm, eg er ikkje redd for døden, om det gir meining. Eg har ikkje lyst å døy, men det å vere død er eg ikkje så redd for.

MÅNE

Du forvirrar meg.

STORM

Det eg meiner er at det eg fryktar er å vere redd.

MÅNE

Så du må unngå å vere redd.

STORM

(bittert)

Fordi det er så jækla lett.

MÅNE

Du misforstår. Det du trenger er verktøy for å handtere frykt.

STORM

Skal du fortelje meg at eg må puste djupt og telle til ti?

MÅNE

Er ikkje det for sinne?

STORM

Er det så ulikt? Dei fleste dyr er ikkje aggressive før dei føler seg truga.

MÅNE

No er du menneske då.

STORM

Instinkt er instinkt.

(Ei stillheit senker seg, MÅNE
drikk kaffe medan hen studerer
STORM.)

MÅNE

Men korleis fryktar du å vere redd då? Er ikkje det eit paradoks?

STORM

Jo. Ja, det er ikkje heilt det eg... Det er vanskeleg å forklare.

MÅNE

Prøv.

(STORM tenkjer ei stund, drikk kaffi. Den er sterk. STORM trekk ein grimase og MÅNE gir eit unnskyldande blikk. STORM drikk meir utan klage.)

STORM

(nølande)

Hm, kanskje det eg slit med ikkje er å vere redd, men at eg er redd eg ikkje skal klare å slutte å vere redd?

MÅNE

Men redd for kva? Høge lydar?

STORM

At noko skal skje. Noko som endrar livet mitt på sekundet.

(MÅNE fortsett å studere STORM.)

MÅNE

Og det er du alltid redd for?

STORM

Ikkje på den måten at blodet mitt frys til is i årane mine.

MÅNE

Men innimellom er du det?

STORM

Ja, jo, men det kan vi vel alle vere. Når dei rette omstenda viser seg, meiner eg?

MÅNE

Kva er rette omstende då?

STORM

Nei, for eksempel at du prøver å få tak i nokon du er glad i, og det har vore ein ulukke i nærleiken av dei. Og så svarar dei ikkje. Då kan alle bli bekymra, tenkjer eg.

MÅNE

Og du rasjonaliserer ikkje det i det heile tatt? Blodet ditt frys i årane dine?

STORM

Ja, det er kanskje ein av dei ekstreme reaksjonane eg har, då. Eg veit ikkje om det er normalt.

MÅNE

Eg hadde sjølv vore bekymra om det hadde hendt meg, det er eg sikker på. Men eg trur eg hadde haldt redsla godt unna med mindre eg visste dei hadde vore involvert i ulukka.

STORM

Det er smart det. Rasjonelt.

MÅNE

Er det det du tykkjer er vanskeleg? Å rasjonalisere?

STORM

Båe og. Ikkje i dei fleste scenario, i dei fleste held eg meg heilt roleg. Men det har vore stundar der eg verkeleg har slitt med å halde meg i ro. Der åtferda til andre har gitt meg grunn til å tru at no kan kva som helst skje. Og kva gjer eg om det verste skulle skje?

MÅNE

Korleis reagerer du då? Forlèt du området?

STORM

Det er ikkje alltid mogleg. Nokon gongar skjer det når du er i ei ansvarsrolle. Du kan jo ikkje berre dra frå ansvaret ditt.

MÅNE

Men kva skjer då?

STORM

Då går hjernen i høggr, som ein seier. Planlegg rømmingsveg for tusenvis av scenario, ber deg om å følgje med på alle utgangar som andre kan kome inn igjennom, finn ut korleis ein enklast kan få tak i politi. Samstundes tenkjer du på dei du er glad i, om du får sjå dei igjen. Ein stereotypi som eg ikkje trur ein kjem forutan.

(pause)

Og så er det den ekle, gnagande kjensla som ikkje vil at du skal seie ifrå til nokon. Den kjensla der det kjennest ut som om du er den mest paranoide personen i verda. Sjølv sagt er du teit for at du tenkjer desse tankane, for at du lar dei skremme deg. Sjølv sagt kjem ikkje noko så ekstremt til å skje. Sjølv sagt skal du ikkje døy no.

(STORM ser ned i koppen sin ein stund. Drikk kaffi.)

MÅNE

Kor ofte har du sånne opplevingar?

STORM

Du verkar bekymra.

MÅNE

Ja.

STORM

Det er ikkje ofte. Faktisk så kan eg berre telje på ein hand i løpet av dei tre åra at eg har hatt ordentleg ubehagelege opplevingar. Det er ikkje ugrunna at eg reagerer på den måten, det skjer berre når folk gjer meg merksam på dei og deira uvanlege åtferd.

MÅNE

Nei, det er ikkje så ofte, då.

STORM

No verkar du nesten ubekymra.

MÅNE

Eg trur det er mange som kan kjenne på panikk innimellom i møte med situasjonar som ein ikkje har noko særleg kontroll på.

STORM

Det tvilar eg ikkje på. Men det er ikkje som om eg får panikk kvar gong eg har ein katastrofetanke.

MÅNE

Nei, men kva meiner du då? Kor mange gongar har du katastrofetankar i året?

STORM

I året? Mest sannsynleg 365 gongar.

MÅNE

365 gongar? Kvar dag?

STORM

Eg trur ikkje eg har det kvar einaste dag. Men dei dagane eg har ein, har eg veldig ofte ein del fleire enn éin, og definitivt fleire gongar i veka.

MÅNE

Og dei varierer i validitet, då?

STORM

(humørfyllt)

Det er ein måte å seie det på.

MÅNE

Det er ikkje naudsynt å sjå lett på det for min del, altso.

STORM

Då er det godt eg gjer det for min eigen del.

(MÅNE studerer STORM. STORM set kaffikoppen sin ned på bordet)

mellom dei. STORM reiser seg og slår henda saman.)

STORM

Eg trur eg treng ein annan type leske for denne typen samtale.

(STORM går til skapet bak på s.v. Hen tar fram to glas og ei flaske med alkohol. STORM set dei på bordet og hell i begge glasa. Flaska blir sett på bordet.)

MÅNE

Alkohol. Hm, ja, kan vel ta eit glas eller to.

(MÅNE tar opp sitt glas. STORM set seg. Tar glaset sitt.)

STORM

Veit du kvar skålen kjem frå?

MÅNE

Hm?

STORM

Eller, eg har i alle fall høyrte ein historie om kvar den kjem frå. Må innrømme at eg ikkje veit om det er ein vandrehistorie eller ikkje.

MÅNE

Skålen?

STORM

Ja. I vikingtida så var det å skåle ein måte å bevise at den eine ikkje hadde forgifta drikken til den andre.

MÅNE

Korleis då?

STORM

Vel, litt av væska frå kvart glas, eller horn, eller kva enn ein kallar det derre trekoppkruset, ville ved møte hoppe over i den andre sin kopp. Så då ville begge bli forgifta i så fall. Eg syns det gir meining, eigentleg. Ein måte å vise at ein var til å stole på.

MÅNE

Det gir meining, ja. Ganske artig, faktisk.

STORM

Men sjølve skålen kom nok før, tippar eg. Kanskje ikkje samanstøyten mellom glas, men sjølve handlinga tippar eg kom før vikingtida.

MÅNE

Eg likar måten du seier det på. At ein viste at ein var til å stole på. Er det noko du leitar etter i framande?

STORM

Du klarte å få forteljinga om ein skål til å handle om frykta mi. Godt jobba.

MÅNE

Det er trass alt det vi samtalar om.

STORM

Fordi samtalar pleier å halde seg på sporet heile tida.

MÅNE

Du blir fælt defensiv når andre har rett om deg.

STORM

Og du blir sjølvgod når du trur du skjønar deg på andre.

MÅNE

(ler)

Korrekt.

(STORM smilar. MÅNE løftar glaset sitt i skål. STORM gjer det same. Dei drikk.)

STORM

Det er ikkje det at eg trur folk flest er farlege. Langt ifrå. Eg tenkjer eigentleg at det ikkje handlar om tilfeldige menneske, men meir om po-

(STORM sprett opp frå lenestolen, plasserer ein hand over venstre øyre og slår den andre handa i bordet.)

Tok eg den?

MÅNE

Tok kva?

STORM

(studerer handa som slo)

Bananfluga.

MÅNE

Bananfluga? Eg såg ikkje ein.

(STORM tørker handa på buksa og fjernar venstre hand frå øyret.)

STORM

Eg tok han.

MÅNE

Kva var det der?

STORM

Den irriterte meg.

MÅNE

Den irriterte deg? Det såg ut som om du var på veg til å legge på sprang.

STORM

Eg er om mogleg litt redd insekt.

MÅNE

(lattermild)

Ok?

STORM

Eg såg ein dokumentar ein gong-

MÅNE

Ingen god idé.

STORM

(ler)

Nei, men det var ein person som hadde flugeegg i øyret. Eg fekk heilt hetta.

MÅNE

Men bananfluge?

STORM

Dei er nesten verre, så små som dei er. Dei kan verkeleg kravle heilt inn til hjernen.

MÅNE

(tvilsamt)

Kan dei?

STORM

Eg veit ikkje, men eg tenkjer at dei kan.

MÅNE

Så, i tillegg til din frykt for å aldri slutte å vere redd, så er du redd for bananfluger og andre insekt?

STORM

Jajaja, eg veit korleis det høyrst ut. Men ikkje gløym at kveps faktisk kan drepe deg.

MÅNE

Og korleis oppfører du deg i møte med kveps?

STORM

(klukkar)

Det trur ikkje eg nokon vil sjå. Eller så kan det vere dei finn det underhaldande.

MÅNE

Eg har ei kjensle på at det er det sistnemnde.

STORM

Det er nok ganske komisk.

MÅNE

Spring du?

STORM

Som ein gal. Viftar med armene òg. Kan setje i eit hyl om eg blir verkeleg overraska.

MÅNE

Nei, no skulle det nesten vore sumar så eg kunne sett dette.

STORM

Huff, nei. Sumar er vanskeleg. Vinter er godt.

(MÅNE og STORM ler.)

MÅNE

Eg må sei at det er eigentleg litt godt å vite at du har sånne småfrykter òg.

STORM

Høyrde du ikkje kva eg sa om dokumentarar? Og kveps?

MÅNE

Sjølvsagt, men fobi for insekt er heller normalt. Det kan eg godt forstå.

STORM

Har du ingen unormale frykter?

MÅNE

Ikkje i form av katastrofetankar, eigentleg. Eg er ikkje skamglad i høgder, det kan eg ikkje seie.

STORM

Men den frykta for høgde-

MÅNE

Akrofobi.

STORM

Akrofobi. Er den noko du tenkjer over til dagleg? Ser du for deg fæle scenario?

MÅNE

Den går kanskje meir på kjensla i kroppen når eg er på ein høgde. Eg tenkjer ikkje så mykje over den utanom. Eg har mareritt om høgder, sjølv sagt.

STORM

Mareritt. Ja.

MÅNE

Har du mykje mareritt?

STORM

Nei. Vanlegvis hugsar eg ikkje kva eg drøymmer om. Men dei eg mareritta eg har pleier å vere ganske lammande.

MÅNE

På kva måte?

STORM

Mange av dei handlar meir om kjensla i kroppen av det som skjer i draumen. Det blir sånn skikkelig ubehag av det.

(pause)

Har du nokon gong opplevd dei draumane som folk snakkar om der dei vaknar og blir overvelda av takksemd for at det berre var ein draum?

MÅNE

Mnja, kanskje?

STORM

Ein sånn draum der det verkeleg kjennest ut som om alt som skjer, faktisk skjer. Det er røyndommen din. Der du har tid til å tenke deg om og reflektere over det som skjer. Du kjenner det på kroppen. Du får tid til å lure på korleis dei du er glad i kjem til å reagere. Du får tid til å forstå at no er det ingenting meir du kan gjere. No døyr du.

MÅNE

Eg kan ikkje seie heilt sikkert at eg ikkje har hatt noko liknande, men frå måten du seier det på så har eg ikkje hatt ein oppleving som påverka meg på den måten.

STORM

Nok ein gong så er det ikkje så ofte at eg har draumar som går så hardt innpå meg. Men eg hugsar så sjukt godt den første gongen eg hadde ein draum der eg blei så vilt letta når eg vakna. Men sjølv om eg skjønnte det, og eg var letta, så var eg framleis heilt lamma av både frykt og sorg. Det var så jævlig.

MÅNE

Kva var det du drøymde?

(STORM drikk frå glaset sitt.)

STORM

At eg var på jobb. Eg hjelp folk i jobben min. Og så var det ein som kom til meg. Eg tenkte at dei trengde støtte. Personen hadde henda på ryggen. Noko av det som verkeleg sat meg ut var at hen var så vakker. Men blikket var så tomt. Og så spør hen meg om eg er meg. Og då skjønar eg det. Det er ein pistol bak ryggen hens. Hen forstår at eg skjønar det og drar den fram. Siktar på meg. Eg kjenner at fjeset mitt tar på eit bønnfallande uttrykk. Men det er ingen nåde i dei auga. Det er då eg tenkjer på familien min. At eg skal påføre dei den smerta. Og at no. No døyr eg.

(Hen drikk meir.)

Eg veit ikkje kor lenge eg låg urokkeleg i senga då eg vakna. Eg visste at det var viktig å røyse seg, å gå litt i leiligheta. Ta ein pustepause. Men det tok lang tid før eg endeleg klarte å røre meg.

(MÅNE er heilt stille medan STORM snakkar. Studerer hen når STORM blir stille. Hen følg med på måten STORM vurderer glaset sitt, alkoholen i glaset, korleis STORM drikk frå glaset. Det er noko nødvendig med måten hen drikk på.)

MÅNE

Eg har det ikkje på den måten.

STORM

Men eg er sikker på at du har drøymd den draumen der du skal løpe for å rekke noko eller kome deg unna noko, og det har verka som om beina dine tråkkar i hengemyr. At dei er så tunge at du ikkje klarer å løfte dei fortare?

MÅNE

Ja, den har eg hatt. Drøymer ofte slike draumar når eg skal ut og reise. Då pleier eg å drøyme at eg er for sein og at eg kjem til å miste flyet og må løpe, men det går så vilt sakte.

STORM

Ikkje sant? Den draumen er nok vanleg. Og eg trur det er blitt vanlegare å draume at du prøver å løpe vekk frå nokon som vil deg vondt.

MÅNE

Det kan godt stemme. Berre så eg forstår rett, tenkjer du det er sånn grunna verda og terrorisme?

STORM

Ja, men vi ser òg korleis verda er no. Det er så mykje vold. Herregud vi har jo krig i Europa. Og alle dei jævlige skulemassakrane i USA og massebord i Iran av demonstrantar. Fantastisk godt jobba om det ikkje dukkar opp i mørke tankar innimellom.

(Pause)

Fakta er at eg trur det er veldig mange som er redde. Som kjenner på den tanken om at vi ikkje har noko kontroll på våre eigne liv. Ikkje når det verkeleg gjeld.

MÅNE

Men om det handlar om å miste kontroll så fins det mange måtar å lære å handtere det.

STORM

Snakk om å bagatellisere. Det er ikkje som om eg mistar heilt hovudet fordi toget eg skal ta er 15 minuttar forseinka heller då. Det er snakk om min rett til å leve. Andre sin rett til å leve. Og at det fins menneske der ute som er så jævlig overbevist om at deira måte å tenkje på er rett så dei trur dei er fuckings 007 og kan gjere nett pokker det dei vil. Dei kan ta frå andre retten til å leve.

MÅNE

Ok, ok. Det er greit. Det var ikkje meininga å bagatellisere. Men på bakgrunn av det du har fortald meg no, og eg føler du ikkje har snakka om meir enn toppen av isfjellet, så hadde det vore så fint om vi klarte å finne ei løysing på denne frykta. Eg har ikkje lyst å forlate deg her med dei same mareritta.

(STORM drikk medan MÅNE snakkar.
Fyll på glaset. Set flaska hardt i
bordet.)

STORM

Trur du det er så enkelt å finne ei løysing?

MÅNE

Ein stad må ein starte.

STORM

Trur du det handlar om meg? Og ubehandla traume? Kanskje det, men eg trur ikkje løysinga kjem gjennom meg sjølv. Eller deg, for den saks skuld.

MÅNE

Trur du at du er evig dømd til å gå rundt med desse tankane? At du aldri kan finne ein måte å vere bra igjen på?

STORM

Jammen herregud, eg er ikkje dårleg heller. Eg fungerer fint i samfunnet. Eg har ikkje sjølvordstankar. Eg blir ikkje så nedbroten av frykt at eg ikkje kan dra på jobb. Eg er sosial med vener, eg nyt å vere aleine.

MÅNE

(sarkastisk)

For det er heilt greit å konstant vere på vakt etter folk som ynskjer å drepe deg.

STORM

(bitande)

Det er ikkje heilt feil heller, i verda som den er.

MÅNE

Meiner du verkeleg det?

STORM

Ja.

(Eit langt blick passerer mellom dei.)

MÅNE

Det er mykje fint i verda òg.

STORM

(fnys)

Aldri høyrte den før.

(MÅNE svarar ikkje, STORM fortsett roleg.)

Eg veit det er mykje fint. Om det ikkje hadde vore meir fint enn fält, trur du ikkje eg hadde gitt opp for lenge sia? Det er så mykje meir fint enn fält, livet. Men det betyr berre at eg har meir å miste.

(pause)

Å kaste den replikken i fleisen på meg set eg for øvrig ikkje pris på.

MÅNE

Kvifor ikkje?

STORM

Fordi eg tenkjer ofte på det, at livet har så mykje varme i seg. Viss ikkje hadde eg blitt sprø. Og då å få høyre ein sånn replikk frå nokon som deg, som om eg er heilt dust.

MÅNE

Nokon som meg?

STORM

Nokon som latar som om dei vil høyre etter, men som no har baa bagatellisert frykta mi og fått meg til å føle meg som om eg klagar over noko eg ikkje burde klage over, fordi "det er mykje fint i verda òg". Det er ikkje det det handlar om.

MÅNE

Kva er det det handlar om då?

STORM

Å tørre å snakke om det. Å fortelje om frykta eg kjenner på, utan å føle meg som om eg er paranoid. Utan å kjenne meg som om eg er aleine.

MÅNE

Men er det rettferdig at du skal forvente at folk konstant skal gå og tenkje på terrorisme?

STORM

(frustrert)

Du forstår jo framleis ikkje. Det handlar faen meg ikkje om at andre skal tenkje på terror heile jøvla tida. Det handlar ikkje om at venane mine ikkje er støttande nok, at ukjente ikkje forstår meg. Det handlar ikkje om dei eg møter kvar dag. Faen heller, det forstår eg at eg ikkje kan forvente. Eg er då ikkje dum heller. Det hadde vore noko hyklersk av meg å forvente. Det er ikkje som om eg møter kvar person eg kjenner med konstant baktanke om at "åh, dei mista ein forelder" eller "åh, dei var utsett for ei bilulukke". Det hadde berre vore nitrist.

(stoppar og ser på

MÅNE)

Er det sånn du ser på meg? "Terroriskadde Storm"?

MÅNE

(forsiktig)

Altso, i mitt tilfelle så er det derfor eg er her. Så ja. Men det betyr ikkje at andre tenkjer på same måten.

STORM

Det er derfor du er her? Så trist. Men i så fall håpar eg at du har rett og at du er den einaste som ser meg på den

(MORE)

STORM (cont'd)

måten. Eg vil naudig tru mine eigne vener set meg i ein slik bås.

MÅNE

Berre deg sjølv?

STORM

Kva meiner du?

MÅNE

Nei, du snakka jo om at du treng å ha folk rundt deg som har dei same opplevingane. Som er likesinna.

STORM

Ja, men ikkje fordi eg då kan setje dei i bås som terrorskadd. Berre fordi at då veit eg at vi har ein liknande livsverd.

MÅNE

Er ikkje det litt det same?

STORM

Korleis får du det til å vere det same?

MÅNE

Nei, du har ein ven som du tenkjer på som ein som veit korleis det er å vere terrorskadd, då.

STORM

Ja, men eg er ikkje ven med dei fordi dei har same opplevingane. Eg er ven med dei fordi vi har like interesser i film eller bøker eller fagfelt, kanskje alle tre, om eg er heldig. Det utfoldar ikkje seg akkurat som "åh, du opplevde terror? Då er du automatisk min besteven".

MÅNE

Så du reknar det som eit grunnlag? På lik linje med å ha same politiske ståstad då?

STORM

Ja. Og nei. Spørst kva du meiner med politisk. Om du tenkjer på kva ein stemmer på under stortingsval, så er ikkje det essensielt i mine venskap.

MÅNE

Neivel?

STORM

Som i, om ein person tykkjer privatiseringa er heilt strålende og ein annan tykkjer det er gruffullt. Det ville ikkje vore ein deal-breaker. Sikkert ein grunn til heftige diskusjonar, men det vil eg seie er viktig i venskap. Sjølv sagt er det andre ting som er meir avgjerande i

(MORE)

STORM (cont'd)

politikken enn privat mot statleg. Det er der eg meiner livsverda ligg. Ikkje i korleis ein best tener pengar, men i meir humanitære verdiar.

MÅNE

Som å vere påverka av terror?

STORM

Men herregud då, kan du prøve å forstå?

MÅNE

Kanskje det er du som må forklare betre?

(STORM røyser seg. Vandrar rundt medan hen snakkar.)

STORM

Eg veit ikkje korleis. Kanskje det er like vanskeleg å forklare som å forstå. For det handlar ikkje om å føle det som om andre vener som ikkje har opplevd det same ikkje er der for deg. Eller at tida med dei ikkje er like verdifull som med andre som har opplevd det. Eg er like lukkeleg med begge grupper menneske. Men på ein annleis måte.

(STORM stoppar opp og plukkar opp glaset sitt. Hell i meir frå flaska.)

Ok, eit eksempel som gjer det litt meir forståeleg. Forestill deg at du har det kjekt med familie. Og så forestill deg at du har det kjekt med venar. Begge situasjonane er gode, men dei er framleis annleis. Du er med på den?

(STORM ser på MÅNE for stadfesting. MÅNE gestikulerer at STORM skal fortsette.)

I min situasjon så er skilje at eg føler meg tryggare i samvær med andre som er likesinna. Og det er ikkje fordi vi snakkar om desse opplevingane, for det er ikkje naudsynt. Det ligger så djupt i kroppen, i marg og bein, at det ikkje er eit tema som er viktig å snakke om, samstundes som det er 100% akseptert å ta det opp.

(STORM set seg att.)

Det er det eg meiner med livsverd. At det er eit fundament som sit så djupt i at det ikkje treng å nemnast. Det treng ikkje tenkast på ein gong. Det berre er der.

MÅNE

Føler du at du er til bry for andre når du tar det opp? Dei du ikkje deler livsverd med, tenkjer eg på då.

STORM

Mnja, om eg sjølv tar det opp, så kan eg kanskje kjenne meg litt til bry. Sjølv om ingen av mine venar har gitt meg grunn til å tenkje at det er irriterande. Men vanlegvis er det eit tema som ikkje blir snakka om, eller så er det venane mine som tar det opp.

MÅNE

Og det set du pris på?

STORM

Det spørst litt kven som tar det opp. Og på kva grunnlag. Men i nesten alle situasjonar så er det fint at dei tar det opp. Det kipaste er når ein ven fortel om ei vanskeleg tid, og så ender dei den forteljinga med "men det er ikkje noko mot det du har opplevd." Det syns eg er vondt å høyre frå venane mine.

MÅNE

Gjer du? Tykkjer du ikkje det er eit teikn på respekt for smerta di?

STORM

Nei. Det gjer at eg lurar på om venene mine forstår at dei kan fortelje meg alt som dei tykkjer er vondt. Deira smerte er like gyldig som mi eiga. Eg har ikkje monopol på smerte. Sjølvsagt kan det vere eg har eit annleis perspektiv på smerta deira, men eg har aldri som formål å bagatellisere deira opplevingar.

MÅNE

Og det gjer vondt?

STORM

Ja, det gjer det. For det første, og minst viktige, så slenger dei ein vond situasjon i fleisen på meg. For det andre så er eg glad i venane mine, og det gjer vondt å tru at dei meiner at det dei har vondt av ikkje er verdt å nemne. Det er ikkje sånn venskap fungerer. I mine auge, i alle fall.

MÅNE

Har du sagt det til dei?

STORM

I starten prøvde eg å forklare det. Men når eg konstant måtte gjere eit poeng utav det, så gav eg opp etterkvart. Og det er jo òg trist, for det skapar ein bitterheit som eg ikkje har noko lyst å kjenne på.

MÅNE

Du drikk mindre når du snakkar om venane dine.

STORM

Hæ?

MÅNE

Ein observasjon frå meg berre. Det er ikkje sorg som gjer at du drikk så mykje, men heller frykt og frustrasjon.

STORM

Herregud, eg drikk då ikkje mykje.

MÅNE

Du har helt i glaset ditt to gongar allereie.

STORM

Det er ikkje som om det er så mykje.

MÅNE

Om vi var på vorspiel, nei. Eg seier ikkje at du drikk mykje til vanleg. Men hugs på måten du blir defensiv på når andre har-

STORM

Har rett om meg? Eg blir meir og meir usikker på deg, eg, Måne. Måten du styrer samtalen på og stillar spørsmål.

MÅNE

Er ikkje det det du vil då? Du har eit behov for å snakke om det du har opplevd, du har eit behov for å bli høyrte. Det er veldig tydeleg. Så kvifor blir du så frustrert når eg no gir deg moglegheita til å dele?

STORM

Fordi ingenting av det du spør om er nytt for meg. Spørsmåla dine er ting eg spør meg sjølv om heile tida.

MÅNE

Men når eg stiller dei, så kan det vere du får eit større behov for å faktisk svare på dei.

STORM

Kvifor? Meiner du at eg skuldar deg det? Fordi du sit her og høyrer på meg?

MÅNE

Fordi eg sit her og høyrer på deg, ja, men ikkje fordi du skuldar meg det. Det er sjansen du har no. Og no kan du seie orda høgt. Formulere dei, i staden for at dei forsvinn i tankeflyten. Så fortel meg - kvifor er dette fyste gong du talar om frykta di til nokon andre?

STORM

Kva får deg til å tru at det er fyste gong?

MÅNE

Ein aning berre. Mest fordi du blir så frustrert.

(muntert)

Du får sjå på det som god øving å fortelje kvifor til meg.

(STORM viser eit kroppsspråk som kan tolkast på fleire måtar. Til dømes anten at hen har dårleg samvit for å vere utolmodig med MÅNE eller at hen gir slepp på frustrasjonen.)

STORM

Det er ikkje ein komplisert grunn. Det er kanskje det mest normale med meg. Eg blir flau.

MÅNE

Flau av frykta di?

STORM

Det er år og dag sidan mine opplevingar. Eg burte ha kome lenger. Og så er det heile balansen mellom paranoia og sunn fornuft.

MÅNE

Kva legg du i den balansen?

STORM

Altso, folk snakkar jo alltid om at ein ikkje må vere så forsiktig at ein ikkje klarer å leve, sant?

MÅNE

Ja?

STORM

Men folk seier jo òg at ein ikkje må vere naive eller utsetje livet sitt for fare. Det er sånn ein blir offer for til dømes psykopatar.

MÅNE

Så?

STORM

Så kvar går grensa? Når er det greit å la frykta styre, og andre gangar blir det feigt?

MÅNE

Eg trur du veit kvar grensa går.

STORM

Gjer eg? Gjer eg det? Eg veit kvar folk flest forventar at grensa går.

MÅNE

Og kvar forventar folk at grensa går?

STORM

Dei forventar at ein ikkje skal vere redd når ein er på ein utestad, eller på ein leir på ei øy. At det er paranoia når du tenkjer du kan bli angripen i eit religiøst hus, eller på konsert. Kanskje du berre er på jobb i nittiande etasje i ein skyskrapar. Då skal du ikkje tru du er i fare.

MÅNE

Så du meiner at "folk flest" ser på deg som paranoid når du kjenner på frykt for moglege terroråtak på stadar dei allereie har skjedd på?

STORM

Poenget mitt er at mange av dei skremmande scenarioa i hovudet mitt ikkje er mindre sannsynleg enn dei som allereie har hendt. Så den grensa gir ikkje mening.

MÅNE

Og du klarer ikkje tenkje at fordi det allereie har hendt, så er det endå mindre sannsynleg at det skjer på same måte?

STORM

Hah, det er heller omvendt. Fordi det skjedde ein gong, kvifor i alle dagar skulle det ikkje skje att? Berre fordi eg har opplevd terror betyr ikkje at eg plutseleg er immun. At eg har mindre sjans for å oppleve det att. Det er same sjansen som det var den gong.

(pause)

Og det skremmer meg. Tenk om noko liknande faktisk skulle skje igjen. For eg er ikkje immun. Kva hadde det gjort med familien min?

MÅNE

Du sa noko om å ikkje ville påføre familien din smerte tidlegare.

(STORM svarar ikkje. Drikk.)

Det blir du spesielt redd av?

STORM

(lågmlt)

Eg såg kva det gjorde med dei sist gong. Menneske eg er så ufatteleg glad i. Det gjorde at eg heldt meg sterk. Eg har store vanskar med å kjenne på akkurat den frykta. Det gjer eg berre når eg er aleine.

MÅNE

Kva legg du i å vere sterk?

STORM

Å ikkje bryte saman. Å ikkje vere ei byrde. Å støtte under dei.

MÅNE

Trur du ikkje du kan vere like mykje ei byrde av å ikkje dele? Blir det ikkje litt som det vonde du kjenner på når dine venar samanliknar dykkar smerte?

STORM

(oppgitt)

Ja, eg meiner sterk som i den veldig giftige tankegangen til samfunnet. Eg seier ikkje at det er lurt. Det gjer at eg tenkjer at det er nok mykje som ligg under overflata og ulmar, som eg ikkje har arbeidd med og takla. Kanskje det er ein av grunnane til at eg har utvikla så mange katastrofetankar, men det er ingenting i verda som skremmer meg meir enn å vere grunn i familien min si smerte.

MÅNE

Då vel du heller å skade deg sjølv?

(STORM svarar ikkje.)

Eg skjønar at det ikkje er lett. Men du må ikkje gløyme å ta vare på deg sjølv heller.

STORM

At det ikkje er lett? Det var òg ein måte å seie det på. Eg veit ikkje med deg, men eg tenkjer det er vanleg å føle på eit behov for å støtte og verne familien sin.

MÅNE

Ja, det er vel naturleg.

STORM

Nettopp. Så om du kjenner på det til vanleg, korleis trur du det blir styrka når noko forferdeleg faktisk skjer? Når du er heldig om du nokon gong får sjå familie igjen?

(MÅNE forblir stille.)

Fyste prioritet frå ein sånn dag blir familien din, og dei du er glade i. Dei du ynskjer å sjå kvar dag, sjølv når du veit at det ikkje kan vere så ofte. Ingenting betyr meir enn dei. Det er det mange som er klar over utan å måtte oppleve hardferd, men det får ein heilt anna tyding når du faktisk veit kva det vil seie å få livet snudd på hovudet. Så då tenkjer du ikkje over deg sjølv.

(pustar tungt, ser ned i henda sine)

Du gløymmer deg sjølv til det plutselig blir vanskeleg å gløyme deg sjølv. Og så lurar du på om du nokon gong kjem til å forstå kva som egentleg har skjedd. Om du skjønar kva det har gjort med deg. Eg veit framleis ikkje kva det har

(MORE)

STORM (cont'd)

gjort med meg. Eg veit ikkje kva konsekvensar det har hatt. Og det gjer så vondt. Å ikkje vite korleis eg hadde vore om eg ikkje hadde opplevd dette. Å ikkje hugse korleis eg var i tida før.

(STORM tar glaset igjen. Skal til å drikke, men ser på MÅNE.)

MÅNE

(sukkar)

Når vi allereie har byrja, kan vi ta den kampen ein annan gong.

(MÅNE løftar glaset sitt. Begge drikk i lag i stillheit. Glasa blir tomme. MÅNE fyllar på begge glasa.)

STORM

(stille)

Takk.

MÅNE

Eg er ikkje her for å dømme deg. Eg er ikkje her for å rettleie deg. Ikkje i dag.

(Dei er stille ei stund til.)

STORM

I ein liten periode var eg redd eg skulle bli alkoholikar.

MÅNE

Å?

STORM

Ja. Det var den einaste måten eg klarte å sovne på ei stund. Å slappe av på. Om eg var ute med vener, så hadde eg eit stort behov for å drikke. Viss ikkje var det som om eg konstant hadde nokon i nakken på meg.

MÅNE

Kva endra seg?

STORM

Ingenting, egentleg. Berre tok tida til bruk. Blei mindre og mindre alkohol etterkvart. Fann andre ting som haldt meg oppteken. Men det er ikkje alltid lett. Nokre veker kjenner eg det på meg, då forstår eg at eg må gjere på ting på kveldane, helst med vener, og helst noko som involverer alkohol.

MÅNE

Men du føler du har kontroll?

STORM

Meir no enn for nokre år tilbake.

MÅNE

Og det er ein konsekvens av katastrofetankar?

STORM

Og minner.

MÅNE

Tenkjer du mykje på opplevingane du har hatt når du er for deg sjølv?

STORM

Når eg ikkje har noko å setje fingrane i, så gjer eg det. Men det er ikkje ofte at det for meg til å ha lyst på alkohol. Det er nok meir situasjonane eg er i når eg er sosial.

MÅNE

Og du føler deg meir utilpass?

STORM

Akkurat.

MÅNE

Kva trur du ville fått deg til å føle deg tryggare?

STORM

Eg har mine teoriar. Men det er alt dei er, og det verkar ikkje som om dei kjem til å kunne bli bevist eller motbevist.

MÅNE

Det må du forklare meir om. Kva er ein teori som du trur kan hjelpe deg?

STORM

Eg trur at eg hadde følt meg tryggare om kampen mot terrorisme framleis stod sentralt i offentlegheita.

MÅNE

Meiner du at den ikkje gjer det? Eg syns vi høyrer om PST rett som det er.

STORM

Berre når noko skjer. Og når det som skjer omhandlar ein person som allereie har vore på radaren deira. Det diggar tabloid å skrive om. "Gjerningsmannen var kjent for PST og Kripos frå før" og så bortetter.

MÅNE

Du vil sjå det meir frå regjeringa då?

STORM

Ja, men egentleg ikkje berre det. Eg vil sjå det frå samtlege parti i Noreg. Eg vil sjå at dei alle saman tar eit standpunkt.

MÅNE

Til og med frå nynazistiske parti?

STORM

Samtlege parti. Det her er ikkje snakk om ideologi. Det er ikkje snakk om samfunnssyn. Det kan ikkje vere greit å organisere parti i Noreg som tykkjer terrorisme er greit. Så samtlege parti burte ta eit standpunkt.

MÅNE

Er det dette du tykkjer er vanskeleg?

STORM

Kva meiner du?

MÅNE

Når det er meir snakk om det humanitære igjen? At vi må ha respekt for retten til å leve?

(STORM nikkar.)

Så du trur at om alle parti hadde ein strategi mot terrorisme, så ville du følt deg tryggare?

STORM

Ja. At dei snakka meir om det. At alle lovnadane og utsegna som blir sagt i etterkant av terroråtak faktisk blir opprettheldt. At det ikkje blir gløymd. Fordi vi gløymer det ikkje. Vi som opplev det får aldri gløyme.

MÅNE

"Du må ikke tåle så inderlig vel den urett som ikke rammer deg selv"?

STORM

Eg trur det er få ord som oppsummerer betre den stormen av kjensler og redsler inni meg.

MÅNE

Det må vere einsamt.

STORM

Kva då?

MÅNE

Å føle at samfunnet har gløymd deg.

STORM

Ja.

(MORE)

STORM (cont'd)

(pause)

Vi skulle stå saman. Vi skulle svare med meir solidaritet. Meir demokrati. Men i staden forsvinn hjelp. I staden angrip parti kvarandre for å dra "terror-kortet". Kva skjedde?

MÅNE

Kanskje det er litt som du sa om meg i stad? At eg er her for å lytte, men eg kan aldri forstå.

STORM

Nei, det meiner eg ikkje lenger. Eg var berre frustrert i stad. Eg trur du empatiserer.

MÅNE

Ja. Når eg hugsar det. Når eg ser andre treng det. Men det vonde du lev med er ikkje synlege sår i andletet ditt. Og eg er mange ting, men tankelesar er eg ikkje.

STORM

Nei, og det er grunnen til at eg ikkje kan forvente at enkeltpersonar kan hemme frykta mi. Men eg kan holde, og held heilt utan dårleg samvit, styresmakter skuldige. Det er deira lovnadar som blei tomme. Det er deira døde øyrer mine ord fell på.

(pause)

Det handlar ikkje om sympati eller empati. Det handlar ikkje om å gå og hugse på det verste av det verste. Det handlar om å motarbeide apatien. Den likegyldigheita som skapar ei endelaus smerte i meg. At dei som er ein del av samfunnet ikkje skal måtte trenge å oppleve det same for å ta eit standpunkt. Vi er nøydd til å ta vare på kvarandre.

(MÅNE røyser seg og drar STORM opp i ein klem.

MÅNE løfter boka si og går av s.h.

STORM snur seg mot publikum.)

STORM

Eg skal på teater. Kor mange skal dit? Er det fleire eg kjenner? Korleis ser lokalet ut? Er det plass til å trekkje seg unna? Kvar er nødutgangane? Om nokon busar inn med våpen og vil meie oss ned, vil vi vere fanga i ei trakt og berre slaktast på 1-2-3? Kvar kan eg kjøpe øl? Kva kostar den? Kor mange treng eg for å slappe av? Er venane mine trygge? Er eg trygg? Har eg ete nok? Blir eg full nok til å slappe av? Har eg fått tatt minst eitt fint bilete av meg og venane mine? Er framsyninga ferdig alt? Ja, ja.

Omringa av fiendar

Skrive av

Vilde Standal Bøyum

Copyright (c) Vilde Standal Bøyum

Andre utkast

Kontaktinfo

Scena er svakt opplyst, oppsett som ei stue med ulike møblar som sender signal om komfort og varme.

På s.v. i bakgrunnen står det eit barskap.

På midtscena står det to lenestolar på kvar side av eit lite, rundt bord. Ein stål lampe er plassert ved sida av lenestolen til høgre. Den er ikkje på.

(MÅNE entrar frå s.h., og tittar forvirra rundt i rommet.)

MÅNE

Eg kom fyst? Høh, så det er sånn det kjennest.

(MÅNE set seg ned i lenestolen til høgre og slår seg til ro. Hen drar fram ei bok. Det er ingen tittel eller skildring på omslaget.)

MÅNE startar å bla frå side til side. Boka er fylt av handskrivne notat. Ei lita stund er dette all handling på scena.)

MÅNE

Lurer på kven du vil eg skal vere i dag, Storm.

(MÅNE held fram med å lese, men løftar hovudet når hen høyrer lydar frå scene venstre. Eit lurt smil spreiar seg om andletet henn, hen løftar armen, og plasserer handa dramatisk på lysbrytaren.)

STORM entrar scena, og MÅNE skrur på lyset. STORM sine auge går rett til MÅNE.)

MÅNE

(mystisk, trugande)

I've been expecting you.

(ler)

Eg har alltid hatt lyst til å seie det.

Men i alle...
STORM

Du ville snakke med meg.
MÅNE

Jo, men -
STORM
(stoppar)
Og du stjal min dagbok?

Vår dagbok, ja. Det stemmer.
MÅNE

(STORM trev til seg boka i henda til MÅNE, legg den i ei skuff i botnen av barskapet. Ser ned i skuffa ein stund.)

Vil du ikkje setje deg?
MÅNE

(STORM lukkar skuffa og går nølande over til den ledige lenestolen og set seg.)

Du berre tok deg til rette?
STORM
(mumlar)

Det er jo det du vil eg skal. Så, kven er eg i kveld? Ein ven? Ein psykolog?
MÅNE

Då må du i så fall vere ein hobbypsykolog. Men ja, vi kan starte der.
STORM

Flott. Fortel meg litt om deg sjølv.
MÅNE

(STORM har sett seg meir til rette, sleng ein fot over armlenet.)

Solid start, hobbypsykolog. Det er ikkje så mykje å fortelje. Har eit ganske rett fram liv.
STORM

(MÅNE ler høgt, uforventa.)

Kva?
STORM

MÅNE

Rett fram? Fortel korleis det skjedde.

STORM

Kva meiner du?

MÅNE

Fortel meg om livet ditt. Fortel meg om dine motabakka og medabakka, men dei kan ikkje vere så mange, sia livet ditt har vore så 'rett fram'.

STORM

Eg har jo hatt motbakke og ... medvind, om det er det du meiner med "medabakka".

MÅNE

Så livet ditt er ikkje rett fram?

STORM

(nølande)

Altso, når du seier det på den måten, så er det vel ikkje rett fram.

(MÅNE seier ingenting, og ventar på at STORM skal fortsette.)

STORM

Du- du vil at eg skal fortelje deg om heile livet mitt?

MÅNE

Sjølvsagt.

STORM

Okay, øh, kor byrjar eg?

MÅNE

(med glitrande auge)

Kva med frå byrjinga?

STORM

(temperert)

Hah, ok. Eg var født tidleg. Eg var sjuk. Eg hugsar sjølvsagt ikkje det, men eg har blitt fortald om det mange gongar at eg var nær ved å døy.

(stoppar tankefullt)

No når eg seier det, lurar eg på om det var der det starta.

MÅNE

Der kva starta?

STORM

Frykta mi.

(Begge sit i stillheit. MÅNE studerer STORM, medan STORM ser på golvet, i djupe tankar. Hen held seg stille.)

MÅNE røyser seg frå lenestolen.
STORM ser opp på hen.)

MÅNE

Vil du ha litt kaffi? Du ser ut som du kan trenge det.

STORM

Prøver du å seie at du vil ha kaffi? Eg kan setje på ei kanne.

MÅNE

Neinei, eg kan fikse.

(MÅNE røyser seg og går av s.v. Vi høyrer eit klikk når hen set igang vatnkokaren.)

STORM

(snakkar til seg sjølv)

Javel. Sært.

(hevar stemma)

Eg tar gjerne ein kopp.

(ser på klokka)

Sjølv om det kanskje er litt seint.

(MÅNE kjem inn att på scena.)

MÅNE

Bra du tar helsa på alvor. Men du vil framleis ha ein kopp?

STORM

Ja takk.

(MÅNE set seg ned på armlenet av stolen. Ser på STORM.)

STORM

Vil du at eg skal fortsette?

MÅNE

Nei, vi ventar til vatnkokaren er ferdig. Den er så distraherande.

(STORM nikkar. Begge blir stille. STORM blir meir og meir ukomfortabel. MÅNE er avslappa på

armlenet. Vatnkokaren blir tydelegare og tydelegare.

STORM hoppar opp når vatnkokaren går av.)

MÅNE

Eg kan lage kaffien, veit du.

STORM

Neida, eg tar det. Eg veit jo kvar alt er.

(STORM skundar seg ut s.v. MÅNE sit att og ser etter STORM.)

MÅNE

Det gjer eg òg, du.

STORM

(åtvarande, a.s.v.)

Hæ? Du har då ikkje vore her før.

MÅNE

(stille)

Neivel...

(Skuffer blir opna og lukka, ei teskei klirrar ein gong, så ein andre gong.)

MÅNE

Fortel meg ein ting, Storm, kva meiner du når du seier frykta di starta som spedborn? Eg trur det er mange som ville tvilt på det.

(STORM kjem inn med to koppar frå s.v.)

STORM

Kva, fordi eg var for liten til å hugse det? Er ikkje det mange studie som seier at opplevingar og kjensler kan vere avgjerande dei fyrste to leveåra?

MÅNE

Det er vel like mange studie som seier noko anna, trur du ikkje?

STORM

Jo, men det er ting eg ikkje hugsar i barndomen som har spela ei rolle i seinare tid. Eg kunne for eksempel ikkje vere ute på nyttårsaftan før eg var godt oppi tenåra fordi eg var så redd lydane.

MÅNE

Kva, dårleg oppleving med fyrverkeri?

STORM

(humoristisk)

Nei, sirkus. Klovnar som sprakk ballongar. Det var visst veldig overveldande. Du skulle sett meg i barnebursdagar når bursdagsbornet ville leike ballongleiken.

MÅNE

Så då tenkjer du at fordi du var sjuk når du var fødd, så er du redd for å døy?

STORM

Nei. Eg trur ikkje eg er så redd for å døy. Eller. Hm, eg er ikkje redd for døden, om det gir meining. Eg har ikkje lyst å døy, men det å vere død er eg ikkje så redd for.

MÅNE

Du forvirrar meg.

STORM

Det eg meiner er at det eg fryktar er å vere redd.

MÅNE

(pause)

Så du må unngå å vere redd.

STORM

(sarkastisk)

Fordi det er så jækla lett.

MÅNE

Du misforstår. Det du trenger er verktøy for å handtere frykt.

STORM

Skal du fortelje meg at eg må puste djupt og telle til ti?

MÅNE

Er ikkje det for sinne?

STORM

Er det så ulikt? Dei fleste dyr er ikkje aggressive før dei føler seg truga.

MÅNE

No er du menneske då.

STORM

Instinkt er instinkt.

(Ei stillheit senker seg, MÅNE
drikk kaffi medan hen studerer
STORM.)

MÅNE

Men korleis fryktar du å vere redd då? Er ikkje det eit paradoks?

STORM

Jo. Ja, det er ikkje heilt det eg... Det er vanskeleg å forklare.

MÅNE

Prøv.

(STORM tenkjer ei stund, drikk
kaffi.)

STORM

(nølande)

Hm, kanskje det eg slit med ikkje er å vere redd, men at eg er redd eg ikkje skal klare å slutte å vere redd?

MÅNE

Men redd for kva? Høge lydar?

STORM

At noko skal skje. Noko som endrar livet mitt på sekundet.

(MÅNE fortsett å studere STORM.)

MÅNE

Og det er du alltid redd for?

STORM

Ikkje på den måten at blodet mitt frys til is i årane mine.

MÅNE

Men innimellom er du det?

STORM

Ja, jo, men det kan vi vel alle vere. Når dei rette omstenda viser seg, meiner eg?

MÅNE

Kva er rette omstende då?

STORM

Nei, for eksempel at du prøver å få tak i nokon du er glad i, og det har vore ein ulukke i nærleiken av dei. Og så svarar dei ikkje. Då kan alle bli bekymra, tenkjer eg.

MÅNE

Og du rasjonaliserer ikkje det i det heile tatt? Blodet ditt fryser i årane dine?

STORM

Ja, det er kanskje ein av dei ekstreme reaksjonane eg har. Eg veit ikkje om det er normalt.

MÅNE

Eg hadde sjølv vore bekymra om det hadde hendt meg. Det er eg sikker på. Men eg trur eg hadde haldt redsla godt unna, med mindre eg visste dei hadde vore involvert i ulukka.

STORM

Det er smart det. Rasjonelt.

MÅNE

Er det det du tykkjer er vanskeleg? Å rasjonalisere?

STORM

Både og. Ikkje i dei fleste scenario, i dei fleste held eg meg heilt roleg. Men det har vore stundar der eg verkeleg har slitt med å halde meg i ro. Der åtferda til andre har gitt meg grunn til å tru at "no kan kva som helst skje". Og kva gjer eg om det verste skulle skje?

MÅNE

Korleis reagerer du då? Forlèt du området?

STORM

Det er ikkje alltid mogleg. Nokon gongar skjer det når du er i ei ansvarsrolle. Du kan jo ikkje berre dra frå ansvaret ditt.

MÅNE

Men kva skjer då?

STORM

Då går hjernen i høggr, som ein seier. Planlegg rømmingsveg for tusenvis av scenario. Ber deg om å følgje med på alle utgangar som andre kan kome inn igjennom. Finn ut korleis ein enklast kan få tak i politi. Samstundes tenkjer du på dei du er glad i, om du får sjå dei igjen. Ein stereotypi som eg ikkje trur ein kjem forutan.

(pause)

Og så er det den ekle, gnagande kjensla som ikkje vil at du skal seie ifrå til nokon. Den kjensla der du kjenner deg som den mest paranoide personen i verda. Sjølv sagt er du teit for at du tenkjer desse tankane, for at du lar dei skremme deg. Sjølv sagt kjem ikkje noko så ekstremt til å skje. Sjølv sagt skal du ikkje døye no.

(STORM ser ned i koppen sin ein stund. Drikk kaffi.)

MÅNE

Kor ofte har du sånne opplevingar?

STORM

Du verkar bekymra.

MÅNE

Ja.

STORM

Det er ikkje ofte. Faktisk så kan eg berre telje på ein hand i løpet av dei siste tre åra at eg har hatt ordentleg ubehagelege opplevingar. Det er ikkje ugrunna at eg reagerer på den måten. Det skjer berre når folk gjer meg merksam på dei og deira uvanlege åtferd.

MÅNE

(letta)

Nei, det er ikkje så ofte, då.

STORM

No verkar du nesten ubekymra.

MÅNE

Eg trur det er mange som kan kjenne på panikk innimellom i møte med situasjonar som ein ikkje har noko særleg kontroll på.

STORM

Det tvilar eg ikkje på. Men det er ikkje som om eg får panikk kvar gong eg har ein katastrofetanke.

MÅNE

Nei, men kva meiner du då? Kor mange gongar i året har du katastrofetankar?

STORM

I året? Mest sannsynleg 365 gongar.

MÅNE

365 gongar? Kvar dag?

STORM

Eg trur ikkje eg har det kvar einaste dag. Men dei dagane eg har ein, har eg veldig ofte fleire enn éin, og definitivt fleire gongar i veka.

MÅNE

Og dei varierer i validitet, då?

STORM

(humørfyllt)

Det er ein måte å seie det på.

MÅNE

Det er ikkje naudsynt å sjå lett på det for min del, altso.

STORM

Då er det godt eg gjer det for min eigen del.

(MÅNE studerer STORM. STORM set kaffikoppen sin ned på bordet mellom dei. STORM reiser seg og slår henda saman.)

STORM

Eg trur eg treng ein annan type leske for denne typen samtale.

(STORM går til skapet bak på s.v. Hen tar fram to glas og ei flaske med alkohol. STORM set dei på bordet og hell i begge glasa. Flaska blir sett på bordet.)

MÅNE

Alkohol. Hm, ja, kan vel ta eit glas eller to.

(MÅNE tar opp sitt glas. STORM set seg. Tar glaset sitt.)

STORM

Veit du kvar skålen kjem frå?

MÅNE

Hm?

STORM

Eller, eg har høyrte ein historie om kvar den kjem frå. Må innrømme at eg ikkje veit heilt sikkert om det er ein vandrehistorie eller ikkje.

MÅNE

Skålen?

STORM

Ja. I vikingtida så var det å skåle ein måte å vise at den eine ikkje hadde forgifta drikken til den andre.

MÅNE

Korleis då?

STORM

Vel, litt av væska frå kvart glas, eller horn, eller kva enn ein kallar det derre trekoppkruset, ville ved samanstøyt sprute over i den andre sin kopp. Så då ville begge bli forgifta. Eg syns det gir meining, eigentleg. Ein måte å vise at ein var til å stole på.

MÅNE

Det gir meining. Ganske artig, faktisk.

STORM

Men sjølve skålen kom nok før, tippar eg. Kanskje ikkje samanstøyten mellom glas, men sjølve handlinga av å skåle for noko tippar eg kom før vikingtida.

MÅNE

Eg likar måten du seier det på. At ein viste at ein var til å stole på. Er det noko du leitar etter i framande?

STORM

Du klarte å få forteljinga om ein skål til å handle om frykta mi. Godt jobba.

MÅNE

Det er trass alt det vi samtalar om.

STORM

Fordi samtalar pleier å halde seg på sporet heile tida.

MÅNE

Du blir fælt defensiv når andre har rett om deg.

STORM

Og du blir sjølvgod når du trur du skjønar deg på andre.

MÅNE

(ler)

Korrekt.

(STORM smilar. MÅNE løftar glaset sitt i skål. STORM gjer det same. Dei drikk.)

STORM

Det er ikkje det at eg trur folk flest er farlege. Langt ifrå. Eg tenkjer eigentleg at frykta mi ikkje kan fiksast ved hjelp av tilfeldige menneske, men gjennom pol-

(STORM sprett opp frå lenestolen, plasserer ein hand over venstre øyre og slår den andre handa i bordet.)

Tok eg den?
 STORM

Tok kva?
 MÅNE
 (STORM studerer handa som slo.)

Bananfluga.
 STORM

Bananfluga? Eg såg ikkje ein.
 MÅNE
 (STORM tørker handa på buksa og fjernar venstre hand frå øyret.)

Eg tok han.
 STORM

Kva var det der?
 MÅNE

Den irriterte meg.
 STORM

Den irriterte deg? Det såg ut som om du var på veg til å legge på sprang.
 MÅNE

Eg er om mogleg litt redd insekt.
 STORM

Ok?
 MÅNE
 (lattermild)

Eg såg ein dokumentar ein gong-
 STORM

Ingen god slutt har starta med "eg såg ein dokumentar ein gong".
 MÅNE
 (overdriven skrekk)

Nei, men det var ein person som hadde flugeegg i øyret. Eg fekk heilt hetta.
 STORM
 (ler)

Men bananfluge?
 MÅNE

STORM

Dei er nesten verre, så små som dei er. Dei kan verkeleg kravle heilt inn til hjernen.

MÅNE

(tvilsamt)

Kan dei?

STORM

Eg veit ikkje, men eg tenkjer at dei kan.

MÅNE

Så, i tillegg til din frykt for å aldri slutte å vere redd, så er du redd for bananfluger og andre insekt?

STORM

Jajaja, eg veit korleis det høyrest ut. Men ikkje gløym at kveps faktisk kan drepe deg.

MÅNE

Og korleis oppfører du deg i møte med kveps?

STORM

(klukkar)

Det trur ikkje eg nokon vil sjå. Eller så kan det vere dei finn det underhaldande.

MÅNE

Eg har ei kjensle på at det er det sistnemnde.

STORM

Det er nok ganske komisk.

MÅNE

Spring du?

STORM

Som ein gal. Viftar med armane òg. Kan setje i eit hyl om eg blir verkeleg overraska.

MÅNE

Nei, no skulle det nesten vore sumar så eg kunne sett dette.

STORM

Huff, nei. Sumar er vanskeleg. Vinter er godt.

(MÅNE og STORM ler.)

MÅNE

Eg må sei at det er eigentleg litt godt å vite at du har sånne småfobiar òg.

STORM

Hørde du ikkje kva eg sa om dokumentarar? Og kveps?

MÅNE

Sjølvsagt, men fobi for insekt er heller normalt. Det kan eg godt forstå.

STORM

Har du ingen unormale frykter?

MÅNE

Skal vi snakke om meg som hobbypsykolog no?

STORM

Nei, no kan du vere ein ven.

MÅNE

Ven? Javel.

(MÅNE endrar på posituren sin)

MÅNE

Eg har ikkje frykter som tar form som katastrofetankar. Eg er ikkje glad i høgder, det kan eg seie.

STORM

Men den frykta for høgde-

MÅNE

Akrofobi.

STORM

Akrofobi. Er den noko du tenkjer over til dagleg? Ser du for deg fæle scenario?

MÅNE

Den går kanskje meir på kjensla i kroppen når eg er på ein høgde. Eg tenkjer ikkje så mykje over den utanom. Eg har mareritt om høgder, sjølvsagt.

STORM

Mareritt. Ja.

MÅNE

Har du mykje mareritt?

STORM

Nei. Vanlegvis hugsar eg ikkje kva eg drøymmer om. Men dei mareritta eg har pleier å vere ganske lammande.

MÅNE

På kva måte?

STORM

Mange av dei handlar meir om kjensla i kroppen av det som skjer i draumen. Det blir sånn skikkelig ubehag av det.

(pause)

Har du nokon gong opplevd dei draumane som folk snakkar om der dei vaknar og blir overvelda av takksemd for at det berre var ein draum?

MÅNE

Mnja, kanskje?

STORM

Ein sånn draum der det verkeleg kjennest ut som om alt som skjer, faktisk skjer. Der du har tid til å tenke deg om og reflektere over det som skjer. Du kjenner det på kroppen. Du får tid til å lure på korleis dei du er glad i kjem til å reagere. Du får tid til å forstå at no er det ingenting meir du kan gjere. Du døyr.

MÅNE

Eg kan ikkje seie heilt sikkert at eg ikkje har hatt noko liknande, men frå måten du seier det på så har eg ikkje hatt ein oppleving som påverka meg på den måten.

STORM

Nok ein gong så er det ikkje så ofte at eg har draumar som går så hardt innpå meg. Men eg hugsar så godt den første gongen eg hadde ein draum der eg blei vilt letta når eg vakna. Men sjølv om eg skjønnte det, og eg var letta, så var eg framleis lamma av både frykt og sorg. Det var heilt jævlig.

MÅNE

Kva var det du drøymde?

(STORM drikk frå glaset sitt.)

STORM

At eg var på jobb. Eg hjelp folk i jobben min. Og så var det ein som kom til meg. Eg tenkte at dei trengde støtte. Personen hadde henda på ryggen. Noko som verkeleg sat meg ut var at hen var så vakker. Men blikket var så tomt. Og så spør hen meg om eg er Storm. Og då skjønar eg det. Det er ein pistol bak ryggen hens. Hen forstår at eg skjønar det og drar den fram. Siktar på meg. Eg kjenner at fjeset mitt tar på eit bønnfallande uttrykk. Men det er ingen nåde i dei auga. Det er då eg tenkjer på familien min. At eg skal påføre dei den smerta. For no. No døyr eg.

(STORM drikk meir.)

STORM

Eg veit ikkje kor lenge eg låg urokkeleg i senga då eg vakna. Eg visste at det var viktig å røyse seg, å gå litt i leiligheta. Ta ein pustepause. Men det tok lang tid før eg endeleg klarte å røre meg.

(MÅNE er stille medan STORM snakkar. Studerer hen når STORM blir stille. Hen følg med på måten STORM vurderer glaset sitt, alkoholen i glaset, korleis STORM drikk frå glaset. Det er noko naudsynt med måten hen drikk på.)

MÅNE

Eg har det ikkje på den måten.

STORM

Men eg er sikker på at du har drøymd den draumen der du skal springe for å rekke noko eller kome deg unna noko, og det har verka som om beina dine tråkkar i hengemyr. At dei er så tunge at du ikkje klarer å løfte dei fortare?

MÅNE

Ja, den har eg hatt. Drøymer ofte slike draumar når eg skal ut og reise. Då pleier eg å drøyme at eg er for sein og at eg kjem til å miste flyet og må springe, men det går så vilt sakte.

STORM

Ikkje sant? Den draumen er nok vanleg. Og eg trur det er blitt vanlegare å draume at du prøver å springe vekk frå nokon som vil deg vondt.

MÅNE

Det kan godt stemme. Berre så eg forstår rett, tenkjer du det er sånn grunna terrorisme?

STORM

Ja, men vi ser òg korleis verda er no. Det er så mykje vold. Herregud vi har jo krig i Europa. Og alle dei jævlige skulemassakrane i USA og drap av demonstrantar i Iran. Fantastisk godt jobba om det ikkje dukkar opp i mørke tankar innimellom.

(Pause)

Eg trur det er derfor eg måtte snakke med deg no. Det er så mykje. Det var på tide. Situasjonen i verda gjev meg fleire katastrofetankar. Fakta er at eg trur det er mange som er redde. Som kjenner på den tanken om at vi ikkje har noko kontroll på våre eigne liv. Ikkje når det verkeleg gjeld.

MÅNE

Men om det handlar om å miste kontroll så fins det mange måtar å lære å handtere det.

STORM

(irritert)

Snakk om å bagatellisere. Det er ikkje som om eg mistar heilt hovudet fordi toget eg skal ta er 15 minuttar forseinka heller då. Det er snakk om min rett til å leve. Andre sin rett til å leve. Og at det fins menneske der ute som er så jævlig overbevist om at deira måte å tenkje på er rett så dei trur dei er fuckings 007 og kan gjere nett pokker det dei vil. At dei kan ta frå andre retten til å leve.

MÅNE

Ok, ok. Det er greit. Det var ikkje meininga å bagatellisere. Men på bakgrunn av det du har fortald meg no, og du har ikkje snakka om meir enn toppen av isfjellet, så hadde det vore så fint om vi klarte å finne ei løysing på denne frykta. Du hadde hatt så godt av å gjere det.

(STORM drikk medan MÅNE snakkar.
Fyll på glaset. Set flaska hardt i
bordet.)

STORM

Trur du det er så enkelt å finne ei løysing?

MÅNE

Ein stad må ein starte.

STORM

Trur du det handlar om meg? Og ubehandla traume? Kanskje det, men eg trur ikkje løysinga kjem gjennom meg sjølv. Eller deg, for den saks skuld.

MÅNE

Trur du at du er evig dømd til å gå rundt med desse tankane? At du aldri kan finne ein måte å vere bra igjen på?

STORM

(sint)

Jammen herregud, eg er ikkje dårleg heller. Eg fungerer fint i samfunnet. Eg har ikkje sjølvordstankar. Eg blir ikkje så nedbroten av frykt at eg ikkje kan dra på jobb. Eg er sosial med vener, eg nyt å vere aleine.

MÅNE

(sarkastisk)

For det er heilt greit å konstant vere på vakt etter folk som ynskjer å drepe deg.

STORM

(bitande)

Det er ikkje heilt feil heller, i verda som den er.

MÅNE

Meiner du verkeleg det?

STORM

Ja.

MÅNE

Det er ein utruleg vond livsstil å leve etter.

STORM

Du hadde nok gjort det same om du hadde opplevd det same.

(Eit langt blick passerer mellom dei. MÅNE endrar posisjon så den er spegelbiletet av STORM sin.)

MÅNE

Så er eg deg som du kunne vore? Då vil eg fortelje deg; det er mykje fint i verda òg.

(STORM fnys.)

STORM

Aldri høyrte den før.

(MÅNE svarar ikkje.)

STORM

Eg veit det er mykje fint. Om det ikkje hadde vore meir fint enn fælt, trur du ikkje eg hadde gitt opp for lenge sia? Det er så mykje meir fint enn fælt, livet. Men det betyr berre at eg har meir å miste.

(pause)

Å kaste den replikken i fleisen på meg set eg for øvrig ikkje pris på.

MÅNE

Kvifor ikkje?

STORM

Fordi eg tenkjer ofte på det, at livet har så mykje varme i seg. Viss ikkje hadde eg blitt sprø. Og då å få høyre ein sånn replikk frå nokon som deg, som om eg er heilt dust.

MÅNE

Nokon som meg? Som oss, meiner du?

STORM

Nei, som deg. Sånn du er no. Som ein person som ikkje lever med katastrofetankar. Eg kunne stille dumme spørsmål. Sagt idiotiske ting. Du er personen eg kunne vore, ein som latar som om dei vil høyre etter, men som bagatelliserer frykta mi og får meg til å føle meg som om eg klagar over noko eg ikkje burde klage over, fordi "det er mykje fint i verda òg". Det er ikkje perspektiv det handlar om.

MÅNE

Kva er det det handlar om då?

STORM

Å tørre å snakke om det. Å fortelje om frykta eg kjenner på, utan å føle meg som om eg er paranoid. Utan å kjenne meg som om eg er aleine. Som ting er no kan eg berre sne meg til folk som har gått igjennom det same. Som er likesinna.

(pause, sarkastisk)

Eller så har eg deg, sjølvsagt. Du er alltid her. Min einaste moglegheit for å få ut sinne. Ein representasjon av alt som får meg til å føle meg liten.

MÅNE

Men er det rettferdig at du skal forvente at folk konstant skal gå og tenkje på terrorisme?

STORM

(frustrert)

Du forstår jo framleis ikkje. Det handlar faen meg ikkje om at andre skal tenkje på terror heile jøvla tida. Det handlar ikkje om at venane mine ikkje er støttande nok. At ukjente ikkje forstår meg. Det handlar ikkje om dei eg møter kvar dag. Faen heller, det forstår eg at eg ikkje kan forvente. Eg er ikkje dum heller. Det hadde vore noko hyklersk av meg å forvente. Det er ikkje som om eg møter kvar person eg kjenner med konstant baktanke om at "åh, dei mista ein forelder" eller "åh, dei var utsett for ei bilulukke". Det hadde berre vore nitrist.

(STORM stoppar og ser på MÅNE.)

STORM

Er det sånn du trur folk ser på meg? "Terroriskadde Storm"?

MÅNE

(forsiktig)

Altso, i mitt tilfelle så er det derfor eg er her. Men det betyr ikkje at andre tenkjer på same måten.

STORM

(blussar opp, sint)

Det er derfor du er her? Du er ikkje her ein gong. Du eksisterer ikkje. Alt som er deg er berre ein måte å

(MORE)

STORM (cont'd)

handtere tankane mine på. Så ja, det er vel derfor du er her då. Helvete, eg håpar venane mine ikkje set meg i ein sånn bås.

(STORM drikk frå glaset sitt. STORM
snur seg mot publikum.)

STORM

Herregud, eg lurar på kva andre hadde tenkt om meg om dei såg meg no. Snakkande med meg sjølv. Hell i to glas. To koppar kaffi.

(pause, held fram
irritert)

Nei, eg er ikkje gal. Eg er lei. Lei av at ingen høyrer meg. Lei av å vere stille. Lei av å bli gløymd.

(STORM snur seg mot MÅNE att.)

STORM

Helvete, eg håpar venane mine ikkje set meg i ein sånn bås.

MÅNE

Berre deg sjølv?

STORM

(forvirra)

Berre meg sjølv?

MÅNE

Nei, du vil ikkje at andre skal sjå på deg som terrorskadd, men du treng folk rundt deg som du sjølv definerer som likesinna. Som terrorskadd.

STORM

Ja, men ikkje fordi eg då kan setje dei i ein bås. Berre fordi at då veit eg at vi har ein liknande livsverd.

MÅNE

Er ikkje det litt det same?

STORM

Nei, for eg er ikkje ven med dei fordi dei har same opplevingane. Eg er ven med dei fordi vi har like interesser i film eller bøker eller fagfelt, kanskje alle tre, om eg er heldig. Det utfoldar ikkje seg akkurat som "åh, du opplevde terror? Då er du automatisk min besteven".

MÅNE

Så du reknar det som eit grunnlag? På lik linje med å ha same politiske ståstad då?

STORM

Ja. Og nei. Spørst kva du meiner med politisk. Om du tenkjer på kva ein stemmer på under stortingsval, så er ikkje det essensielt i mine venskap.

MÅNE

Neivel?

STORM

Som i, om ein person tykkjer privatiseringa er heilt strålande og ein annan tykkjer det er grufullt. Det ville ikkje vore ein deal-breaker. Sikkert ein grunn til heftige diskusjonar, men det vil eg seie er viktig i venskap. Sjølv sagt er det andre ting som er meir avgjerande i politikken enn privat mot statleg. Det er der eg meiner livsverda ligg. Ikkje i korleis ein best tener pengar, men i meir humanitære verdiar.

MÅNE

Som å vere påverka av terror?

STORM

Men herregud då, kan du prøve å forstå?

MÅNE

Kanskje det er du som må forklare betre?

(STORM røyser seg. Vandrar rundt medan hen snakkar.)

STORM

Eg veit ikkje korleis. Kanskje det er like vanskeleg å forklare som å forstå. For det er ikkje det at eg føler at andre vener som ikkje har opplevd det same ikkje er der for meg. Eller at tida med dei ikkje er like verdifull som med andre som har opplevd det. Eg er like lukkeleg med begge grupper menneske. Men på ein annleis måte.

(STORM stoppar opp og plukkar opp glaset sitt. Hell i meir frå flaska.)

STORM

Ok, eit eksempel som gjer det litt meir forståeleg. Forestill deg at du har det kjekt med familie. Og så forestill deg at du har det kjekt med venar. Begge situasjonane er gode, men dei er framleis annleis. Du er med på den?

(STORM ser på MÅNE for stadfesting. MÅNE gestikulerer at STORM skal fortsette.)

STORM

I min situasjon så er skilje at eg føler meg emosjonelt tryggare i samvær med andre som er likesinna. Og det er ikkje fordi vi snakkar om desse opplevingane, for det er ikkje naudsynt. Det ligger så djupt i kroppen, i marg og bein, at det ikkje er eit tema som er viktig å snakke om, samstundes som det er 100% akseptert å ta det opp.

(STORM set seg att.)

STORM

Det er det eg meiner med livsverd. At det er eit fundament som sit så djupt i at det ikkje treng å nemnast. Det treng ikkje tenkast på ein gong. Det berre er der.

MÅNE

Føler du at du er til bry for andre når du tar det opp? Dei du ikkje deler livsverd med, tenkjer eg på då.

STORM

Mnja, om eg sjølv tar det opp, så kan eg kanskje kjenne meg litt til bry. Sjølv om ingen av mine venar har gitt meg grunn til å tenkje at det er irriterande. Men vanlegvis er det eit tema som ikkje blir snakka om, eller så er det venane mine som tar det opp.

MÅNE

Og det set du pris på?

STORM

Det spørst litt kven som tar det opp. Og på kva grunnlag. Men i nesten alle situasjonar så er det fint at dei tar det opp. Det kipaste er når ein ven fortel om ei vanskeleg tid, og så ender dei den forteljinga med "men det er ikkje noko mot det du har opplevd." Det syns eg er vondt å høyre frå venane mine.

MÅNE

Gjer du? Tykkjer du ikkje det er eit teikn på respekt for smerta di?

STORM

Nei. Det gjer at eg lurar på om venene mine forstår at dei kan fortelje meg alt som dei tykkjer er vondt. Deira smerte er like gyldig som mi eiga. Eg har ikkje monopol på smerte. Sjølvsagt kan det vere eg har eit annleis perspektiv på smerta deira, men eg har aldri som formål å bagatellisere deira opplevingar.

MÅNE

Og det gjer vondt?

STORM

Ja, det gjer det. For det første, så slenger dei ein vond situasjon i fleisen på meg. For det andre så er eg glad i venane mine, og det gjer vondt å høyre at dei meiner at det dei går igjennom ikkje er verdt å nemne for meg. Det er ikkje sånn venskap fungerer. I mine auge, i alle fall.

MÅNE

Har du sagt det til dei?

STORM

I starten prøvde eg å forklare det. Men når eg konstant måtte gjere eit poeng utav det, så gav eg opp etterkvart. Og det er jo òg trist, for det skapar ein bitterheit som eg ikkje har noko lyst å kjenne på.

MÅNE

Du drikk mindre når du snakkar om venane dine.

STORM

Hæ?

MÅNE

Ein observasjon frå meg berre. Det er ikkje sorg som gjer at du drikk så mykje, men heller frykt og frustrasjon.

STORM

Herregud, eg drikk då ikkje mykje.

MÅNE

Du har helt i glaset ditt to gongar allereie.

STORM

Det er ikkje som om det er så mykje.

MÅNE

Om vi var på vorspiel, nei. Eg seier ikkje at du drikk mykje til vanleg. Men hugs på måten du blir defensiv på når andre har-

STORM

Herregud, er du blitt hobbypsykolog igjen?

MÅNE

Det er vel det du vil då? Du har eit behov for å snakke om det du har opplevd, du har eit behov for å bli høyrte. Det er veldig tydeleg. Så kvifor blir du så frustrert når du har moglegheita til å dele?

STORM

Fordi ingenting av det du spør om er nytt for meg. Spørsmåla dine er ting eg spør meg sjølv om heile tida.

MÅNE

Men sjølvsagt er dei det. Det er jo derfor dei blir spurt. Du ville bli utfordra, så då stiller eg spørsmåla du ikkje har svaret på endå.

STORM

Kvifor? Meiner du at eg skuldar deg svar?

MÅNE

Du skuldar deg sjølv svar. Det er sjansen du har no. Og no kan du seie orda høgt. Formulere dei, i staden for at dei forsvinn i tankeflyten. Så fortel meg - kvifor er dette fyste gong du talar om frykta di til nokon andre?

STORM

Kva får deg til å tru at det er fyste gong?

MÅNE

Ein aning berre. Mest fordi du blir så frustrert.
(muntert)

Du får sjå på det som god øving å fortelje kvifor til meg.

(STORM viser eit kroppsspråk som seier at hen har dårleg samvit for å vere frustrert.)

STORM

(roleg)

Det er ikkje ein komplisert grunn. Det er kanskje det mest normale med meg. Eg blir flau.

MÅNE

Flau av frykta di?

STORM

Det er år og dag sia mine opplevingar. Eg burte ha kome lenger. Og så er det heile balansen mellom paranoia og sunn fornuft.

MÅNE

Kva legg du i den balansen?

STORM

Altso, folk snakkar om at ein ikkje må vere så forsiktig at ein ikkje klarer å leve, sant?

MÅNE

Ja?

STORM

Men folk seier jo òg at ein ikkje må vere naive eller utsetje livet sitt for fare. Det er sånn ein blir offer for til dømes snøskred.

MÅNE

Så?

STORM

Så kvar går grensa? Når er det greit å la frykta styre, og andre gangar blir det feigt?

MÅNE

Eg trur du veit kvar grensa går.

STORM

Gjer eg? Gjer eg det? Eg veit kvar folk flest forventar at grensa går.

MÅNE

Og kvar forventar folk at grensa går?

STORM

Dei forventar at ein ikkje skal vere redd når ein er på ein utestad, eller på ein leir på ei øy. At det er paranoia når du tenkjer du kan bli angripen i eit religiøst hus, eller på konsert. Kanskje du berre er på jobb i 90. etasje i ein skyskrapar. Då skal du ikkje tru du er i fare.

MÅNE

Så du meiner at "folk flest" ser på deg som paranoid når du kjenner på frykt for moglege terroråtak på stadar dei allereie har skjedd på?

STORM

Poenget mitt er at mange av dei skremmande scenarioa i hovudet mitt ikkje er mindre sannsynleg enn dei som allereie har hendt. Så den grensa gir ikkje meining.

MÅNE

Og du klarer ikkje tenkje at fordi det allereie har hendt, så er det endå mindre sannsynleg at det skjer på same måte?

STORM

Hah, det er heller omvendt. Fordi det skjedde ein gong, kvifor i alle dagar skulle det ikkje skje att? Berre fordi eg har opplevd terror betyr ikkje at eg plutseleg er immun. At eg har mindre sjans for å oppleve det att. Det er same sjansen som det var den gong.

(pause)

Og det skremmer meg. Tenk om noko liknande faktisk skulle skje igjen. Kva hadde det gjort med meg? Kva hadde det gjort med familien min?

MÅNE

Du sa noko om å ikkje ville påføre familien din smerte tidlegare.

(STORM svarar ikkje. Drikk.)

MÅNE

Det blir du spesielt redd av?

STORM

(låg್ಮælt)

Eg såg kva det gjorde med dei sist gong. Menneske eg er så ufatteleg glad i. Det gjorde at eg haldt meg sterk. Eg slit med å kjenne på akkurat den frykta. Det gjer eg berre når eg er aleine.

MÅNE

Kva legg du i å vere sterk?

STORM

Å ikkje bryte saman. Å ikkje vere ei byrde. Å støtte under dei.

MÅNE

Trur du ikkje du kan vere like mykje ei byrde av å ikkje dele? Blir det ikkje litt som det vonde du kjenner på når dine venar samanliknar smerte?

STORM

(oppgitt)

Ja, eg meiner sterk som i den veldig giftige tankegangen til samfunnet. Eg seier ikkje at det er lurt. Det gjer at eg tenkjer at det er nok mykje som ligg under overflata og ulmar, som eg ikkje har arbeidd med og takla. Kanskje det er ein av grunnane til at eg har utvikla så mange katastrofetankar. Men det er ingenting i verda som skremmer meg meir enn å vere grunn i familien min si smerte.

MÅNE

Då vel du heller å skade deg sjølv?

(STORM svarar ikkje.)

MÅNE

Eg skjønner at det ikkje er lett. Men du må ikkje gløyme å ta vare på deg sjølv heller.

STORM

At det ikkje er lett? Det var òg ein måte å seie det på. Eg veit ikkje med deg, men eg tenkjer det er vanleg å føle på eit behov for å støtte og verne familien sin.

MÅNE

Ja, det er vel naturleg.

STORM

Nettopp. Så om du kjenner på det til vanleg, korleis trur du det blir styrka når noko forferdeleg faktisk skjer? Når du er heldig om du nokon gong får sjå familie igjen?

(MÅNE forblir stille.)

STORM

Fyste prioritet frå ein sånn dag blir familien din, og dei du er glade i. Dei du ynskjer å sjå kvar dag, sjølv når du veit at det ikkje kan vere så ofte. Ingenting betyr meir enn dei. Det er mange klar over utan å måtte oppleve hardferd, men det får ein heilt anna tyding når du faktisk veit kva det vil seie å få livet snudd på hovudet. Då tenkjer du ikkje over deg sjølv.

(pustar tungt)

Du gløymer deg sjølv til det plutselig blir umogeleg å gløyme deg sjølv. Og så lurar du på om du nokon gong kjem til å forstå kva som egentleg har skjedd. Om du skjønar kva det har gjort med deg. Eg veit framleis ikkje kva det har gjort med meg. Eg veit ikkje kva konsekvensar det har hatt. Og det gjer så vondt. Å ikkje vite korleis eg hadde vore om eg ikkje hadde opplevd dette. Å ikkje hugse korleis eg var i tida før.

(STORM set plutselig i eit smertefullt brøl. Røyser seg. Grev andletet i henda.)

STORM

Dei forstår ikkje. Dei skjønar ikkje smerta. Korleis den gneg i heile meg.

(STORM snur seg til publikum.)

STORM

Du ser ikkje smerta mi. Du tenkjer "det er så lenge sidan."

(kjeftar)

Faen i helvete så jævlig privilegert du er som kan sitje der og gløyme. Eg forsvinn i eit evig tomrom, og du berre... HELVETE. Gjer noko då. For pokker.

(STORM fell på kne. Skuldrane ristar. MÅNE kjem bort med glaset til STORM.)

(STORM ser spørjande frå glaset til MÅNE og tilbake til glaset.)

MÅNE

(sukkar)

Når vi allereie har byrja, kan vi ta den kampen ein annan gong.

(MÅNE løftar glaset sitt. Begge drikk i lag i stillheit. Glasa blir tomme. MÅNE hentar flaska og fyllar på begge glasa.)

STORM
(stille)

Takk.

(STORM røyser seg frå golvet og set seg att i stolen.)

MÅNE
Eg er ikkje her for å dømme deg. Eg er ikkje her for å rettleie deg. Det veit du. Det er det du som bestem.

STORM
Kanskje eg dømmar meg sjølv. Straffar meg sjølv ved å prøve å snakke med ein person eg kunne vore.

(Dei er stille ei stund til.)

STORM
I ein liten periode var eg redd eg skulle bli alkoholikar.

MÅNE
Å?

STORM
Ja. Det var den einaste måten eg klarte å sovne på ei stund. Å slappe av på. Om eg var ute med vener, så hadde eg eit stort behov for å drikke. Viss ikkje var det som om eg konstant hadde nokon i nakken på meg.

MÅNE
Kva endra seg?

STORM
Ingenting, eigentleg. Berre tok tida til bruk. Blei mindre og mindre alkohol etterkvart. Fann andre ting som haldt meg oppteken. Men det er ikkje alltid lett. Nokre veker kjenner eg det på meg, då forstår eg at eg må halde meg oppteken på kveldane, helst med vener, og helst noko som involverer alkohol.

MÅNE
Men du føler du har kontroll?

STORM
Meir no enn for nokre år tilbake.

MÅNE
Og det er ein konsekvens av katastrofetankar?

STORM

Og minner.

MÅNE

Tenkjer du mykje på opplevingane du har hatt når du er for deg sjølv?

(STORM ler. Gestikulerer til MÅNE.)

STORM

Tydelegvis.

(MÅNE ler.)

MÅNE

Kven er eg no då?

STORM

(vurderande)

Ein politisk figur.

MÅNE

Politikar?

STORM

Nei, ikkje nødvendigvis. Du er ein som skal hjelpe og setje lys på katastrofetankar. Og finne løysingar på det.

MÅNE

Ja, då spør eg: Kva trur du ville fått deg til å føle deg tryggare?

STORM

Eg har mine teoriar. Men det er alt dei er, og det verkar ikkje som om dei kjem til å kunne bli bevist eller motbevist.

MÅNE

Det må du forklare meir om. Kva trur du kan hjelpe deg?

STORM

Eg trur at eg hadde følt meg tryggare om kampen mot terrorisme framleis stod sentralt i offentlegheita.

MÅNE

Meiner du at den ikkje gjer det? Eg syns vi høyrer om PST rett som det er.

STORM

Berre når noko skjer. Og når det som skjer omhandlar ein person som allereie har vore på radaren deira. Det diggar tabloid å skrive om. "Gjerningsmannen var kjent for PST frå før" og så bortetter.

MÅNE

Du vil sjå det meir frå regjeringa då?

STORM

Ja, men eigentleg ikkje berre det. Eg vil sjå det frå samtlege parti i Noreg. Eg vil sjå at dei alle saman tar eit standpunkt.

MÅNE

Til og med frå nynazistiske parti?

STORM

Samtlege parti. Det her er ikkje snakk om ideologi. Det er ikkje snakk om samfunnssyn. Det kan ikkje vere greit å organisere parti i Noreg som tykkjer terrorisme er akseptabelt. Så samtlege parti burde ta eit standpunkt.

MÅNE

Er det dette du tykkjer er vanskeleg?

STORM

Kva meiner du?

MÅNE

Når det er meir snakk om det humanitære igjen? At vi må ha respekt for retten til å leve?

(STORM nikkar.)

MÅNE

Så du trur at om alle parti hadde ein strategi mot terrorisme, så ville du følt deg tryggare?

STORM

Ja. At dei snakka meir om det. At alle lovnadane og utsegna som blir sagt i etterkant av terroråtak faktisk blir opprettheldt. At det ikkje blir gløymd. Fordi vi gløymer det ikkje. Vi som opplev det får aldri gløyme.

MÅNE

"Du må ikke tåle så inderlig vel den urett som ikke rammer deg selv"?

STORM

Eg trur det er få ord som betre forklarar den stormen av kjensler og redsler inni meg.

MÅNE

(pause)

Det må vere einsamt.

STORM

Kva då?

MÅNE

Å føle at samfunnet har gløymd deg.

(STORM ser vekk frå MÅNE.)

STORM

(pause)

Vi skulle stå saman. Vi skulle svare med meir solidaritet. Meir demokrati. Men i staden forsvinn hjelp. I staden angrip parti kvarandre for å dra "terror-kortet". Kva skjedde?

MÅNE

Kanskje det er litt som du sa i stad? At ein kan lytte, men aldri heilt forstå.

STORM

Eg var berre frustrert i stad. Eg trur dei fleste menneske empatiserer med kvarandre.

MÅNE

Ja. Når vi hugsar det. Når vi ser andre treng det. Men det vonde du lev med er ikkje synlege sår i andletet ditt. Og menneske er mange ting, men tankelesarar er vi ikkje.

STORM

Nei, og det er grunnen til at eg ikkje kan forvente at enkeltpersonar kan hemme frykta mi. Men eg kan holde styresmakter skuldige, heilt utan dårleg samvit. Det er deira lovnadar som blei tomme. Det er deira døde øyrer mine ord fell på.

(pause)

Det handlar ikkje om sympati eller empati. Det handlar ikkje om å gå og hugse på det verste av det verste. Det handlar om å motarbeide apatien. Den jævlike likegyldigheita som berre blir brutt i augneblinken noko like jævlig skjer. Det kan ikkje vere slik at dei som er ein del av samfunnet ikkje skal måtte trenge å oppleve det same for å ta eit standpunkt. Vi er nøydd til å ta vare på kvarandre.

(STORM røyser seg, går nokre steg fram så ryggen er tydeleg til MÅNE.)

STORM

Du kan gå no. Eg har sagt det eg ville seie i denne omgang.

(MÅNE røyser seg.)

MÅNE

Berre å kontakte meg når du vil. Det er trass alt berre å tenkje det, så er eg her.

STORM

Og eg som trudde du ikkje var tankelesar.

MÅNE

Åh, det er berre tilfellet når du vil ha ein reflektert samtale med deg sjølv.

(MÅNE skrur av stålampa og går av s.h.)

(STORM snur seg mot publikum.)

STORM

Eg skal på teater. Kor mange skal dit? Er det fleire eg kjenner? Korleis ser lokalet ut? Er det plass til å trekkje seg unna? Kvar er nødutgangane? Om nokon busar inn med våpen og vil meie oss ned, vil vi vere fanga i ei trakt og berre slaktast på 1-2-3? Kvar kan eg kjøpe øl? Kva kostar den? Kor mange treng eg for å slappe av? Er venane mine trygge? Er eg trygg? Har eg ete nok? Blir eg full nok til å slappe av? Har eg fått tatt minst eitt fint bilete av meg og venane mine?

(pause)

Er framsyninga ferdig alt? Ja, ja.

(STORM står litt framme på scena. Går så bak til barskapet, opnar nederste skuffa og plukkar opp dagboka. Studerer den litt, sukker og smiler bittert. Går av s.v.)

TEPPEFALL/SLUTT